



Universitetet i Bergen

Institutt for samanliknande politikk

SAMPOL 650

Masteroppgåve i demokratibyggning

Våren 2018

Framstegspartiet i 2017 - moderate høgpopulistar?

Ei analyse av nativistiske og populistiske trekk i partiprogrammet

før, og etter fire år i regjeringa.

Kjersti Kaldhussæter Tilseth

Føreord:

Eg har tidlegare studert psykologi, historie, samanliknande politikk og religion ved Universitetet i Bergen, og underviser i dag innanfor dei tre sistnemnde faga i vidaregåande skule. Eg har lenge hatt interesse for å lære meir om dei totalitære ideologiane som vaks fram i mellomkrigstida, og i takt med framveksten av ytre høgre i Europa dei seinare åra har eg med otte sett fellestrekk mellom mellomkrigstida og den samtida vi lever i. I kjølvatnet av terroråttaket 22. juli vart eg særleg oppteken av å forstå høgreekstremismen som terroristen var ein del av, og vil nytte høvet til å takke Øyvind Strømmen for den innsikta han har delt i sine bøker, artiklar og i sosiale media om emnet.

Dei siste åra har eg også hatt eit aukande ynske om å lære meir om høgrepopulismen som politisk kraft i Europa. I 2015 var eg på ei inspirerande forelesing der Anders Ravik Jupskås snakka om høgrepopulismen si framvekst i Europa. Han presenterte også masteroppgåva si, som handlar om Frp. Same året opplevde Europa flyktningkrisa, og høgrepopulismen fekk endå sterkare vind i segla. Eg opplever dette fenomenet som essensielt å forstå for å undervise i faga mine. Då eg byrja på masterstudiet om demokratibygging hausten 2016, såg eg fort at eg kunne knyte interessa for krefter på ytre høgre til det å skrive ein mastergrad knytt til emnet demokrati. Eit sentralt kjenneteikn ved høgrepopulistiske parti er nettopp at dei meiner det er *dei* som representerer *sjølve folket*, og delar av diskusjonen knytt til emnet handlar om i kva grad framveksten av ytre høgre i Europa representerer ei utfordring for demokratiet.

Eg har mange å takke for at eg no kan levere denne masteroppgåva. Først og fremst vil eg rette ein stor takk til rettleiaren min, Elisabeth Ivarsflaten, som på roleg og pedagogisk vis alltid har sendt meg ut frå rettleiing med konstruktive tips om kva som bør vere neste grep. Eg vil også særleg takke Anders Ravik Jupskås som verkeleg vekka interessa mi for høgrepopulismen som fagfelt, og Anders Todal Jenssen, som på eit kritisk punkt der eg leita etter retning på oppgåva kom med ein artikkel som gav meg inspirasjon til problemstillinga mi. Eg vil sjølv sagt også takke familien min, og gode kollegaer og vener. Dei har vore trufaste støttespelarar, som heile vegen har oppmuntra og motivert meg til å jobbe vidare. Sist men ikkje minst, tusen takk til Åsa og Amalie, som tok utfordringa og las korrektur!

Høgrepopulismen pregar samtida, den er splittande og polariserande, og på enkelte område utfordrar den demokratiet. Som lærar tenker eg at eg har ei viktig rolle i å formidle dette. Ein må ta høgrepopulisemen på alvor og forstå kva den handlar om dersom ein skal klare å fremje toleranse i samfunnet.

Samandrag:

Våren 2017 bles det sterke høgrepopulistiske vindar over Europa. I Noreg skulle det vere stortingsval hausten same år, og vi skulle få svaret på om Frp, det norske høgrepopulistiske partiet, ville klare attval saman med regjeringspartnar Høgre. Det var tidleg klart for meg at eg ville skrive om høgrepopulismen, og eg landa etter mykje grubling på ei vinkling der eg ville studere i kva grad den høgrepopulistiske ideologien i Frp har blitt påverka etter at Frp fekk regjeringsmakt hausten 2013. Debatten kring partiet sin ideologiske ståstad blussa opp i valkampinnspurten, og eg fann ut at ingen så langt hadde gjort ei nærstudie av dei to nyaste partiprogramma til Frp.

Med utgangspunkt i Cas Mudde sitt teoretiske rammeverk frå 2007, saman med ein gjennomgang av faglitteraturen på feltet, etablerte eg idealtypar av to av kjerneelementa i høgrepopulistisk ideologi: nativisme og populisme. Eg bestemte meg for følgjande problemstilling som utgangspunkt for analysen:

Har Frp blitt mindre nativistisk og populistisk i løpet av dei fire åra dei har hatt regjeringsmakt?

For å finne svaret valde eg å legge hovudvekta på ei kvalitativ tekstanalyse av partiprogrammet frå 2013, og samanlikne med programmet vedteke i 2017. Hovudfunna mine er at ein finn både nativistiske og populistiske trekk allereie i 2013-programmet, og at nativismen er tydeleg styrkt i 2017 samanlikna med i 2013. Innvandringspolitikken er blitt meir restriktiv, velferdssjåvinismen meir tydeleg, og ein kan i 2017 finne fleire døme på anti-islamisk tankegods som sett under eitt kan lesast med ein undertekst av islamofobi. Også når det gjeld populisme er det endringar, men retninga her er mindre markant. Kort oppsummert er kravet om direkte folkerøysting noko svekt, medan eit anna høgrepopulistisk trekk, euroskepsisen, er tydeleg styrkt. Euroskepsisen ligg for øvrig i skjæringspunktet med nativismen, og bygger såleis opp under at nativismen er styrkt.

Eg hadde ein hypotese om at dei høgrepopulistiske trekka ville bli moderert etter at partiet kom i regjering. Analysen min viser at hypotesen var feil. Det er til no ikkje mange høgrepopulistiske parti som har hatt regjeringsmakt i Europa, og det finst lite forskning på kva som skjer med ideologien til høgrepopulistiske parti som har fått slik makt. Studiet mitt viser at i det norske tilfellet, der det relativt moderate høgrepopulistiske partiet Frp har fått regjeringsmakt, har høgrepopulismen blitt styrkt.

Innhald

1.0 Innleiing.....	1
1.1 Framstegspartiet	1
1.2 Problemstilling	3
1.3 Struktur og framgangsmåte	4
2.0 Den høgrepopulistiske partifamilien – teori og tilnærming.....	5
2.1 Skilnaden på høgrepopulistiske, høgreradikale og høgreekstreme parti	6
2.2 Historisk framvekst av ytre høgre i Europa.....	7
2.3 Ideologiske kjerneelement i høgrepopulismen	9
2.3.1 Nativisme.....	10
Figur 1 – Ein enkel modell over idealtypen nativisme	14
2.3.2 Populisme	14
Figur 2 – Ein enkel modell over idealtypen populisme.....	18
2.4 Frp si plassering i den høgrepopulistiske partifamilien.....	19
3.0 Metode og presentasjon av case	22
3.1 Partiprogram som datagrunnlag	23
3.1.1 Korleis lagar Frp sine partiprogram?.....	24
3.2 Forskingsdesign – casestudie med hovudvekt på kvalitativ tekstanalyse	25
3.2.1 Kvalitativ tekstanalyse – framgangsmåte.....	26
3.2.2 Kvantitativ ordteljing – framgangsmåte.....	26
3.3 Reliabilitet og validitet	27
3.4 Presentasjon av case – Framstegspartiet.....	28
4.0 Analyse og drøfting av problemstillinga	33
4.1 Introduksjon.....	33
4.1 Nativisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2013	37
4.1.1 Innvandringspolitikk.....	37
4.1.2 Integreringspolitikk	42
4.1.3. Velferdssjåvinisme – økonomisk nativisme	45
4.1.4 Innvandring og kriminalitet.....	47
4.1.5 Frp og samane	48
4.1.6 Islamofobi?.....	49
4.2 Nativisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2017.....	50
4.2.1 Innvandringspolitikk.....	50
4.2.2 Integreringspolitikk	55

4.2.3 Velferdssjåvinisme – økonomisk nativisme	57
4.2.4 Innvandring og kriminalitet, terror og tryggingrisiko	58
4.2.5 Frp og samane	59
4.2.6 Islamofobi.....	60
Tabell 1 – Nativismen slik den er etablert i programmet vedteke i 2017.....	64
4.3 Populisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2013	70
4.3.1 Krav om direkte demokrati - folkerøystingar	70
4.3.2 Eliteskepsis i form av euroskepsis.....	70
4.3.3 Generell skepsis til elitar	71
4.4 Populisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2017	71
4.4.1 Krav om direkte demokrati – folkerøysting	71
4.4.2 Eliteskepsis i form av euroskepsis.....	72
4.4.3 Generell skepsis til elitar	72
Tabell 2 – Populisme slik det er etablert i partiprogrammet vedteke i 2017	75
5.0 Oppsummering og avslutning.....	77
5.1 Vegen vidare.....	81
6.0 Kjelder.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

Tabellar og figurar:

Figur 1: Ein enkel modell over idealtypen nativisme

Figur 2: Ein enkel modell over idealtypen populisme

Tabell 1: Nativismen slik den er etablert i programmet vedteke i 2013

Tabell 2: Populismen slik den er etablert i programmet vedteke i 2017

1.0 Innleiing

1.1 Framstegspartiet

I denne oppgåva ser eg nærare på på Framstegspartiet (Frp), eit parti som i løpet av 40 år har gått frå å vere ei protestrørsle med fokus på skatteprotest, til å bli eit av Europas mest suksessrike høgpopulistiske parti. Partiet feira 40-årsjubileumet sitt i 2013, same år som dei gjekk i regjering med Høgre. Regjeringa vart attvalde fire år seinare. I valkampinnspurten før stortingsvalet i 2017 kom statsvitar Anders Todal Jenssen med eit innlegg i debatten kring Frp si ideologiske plassering. I artikkelen *Norsk høgpopulisme ved veis ende? Fremskrittspartiets gjenfødelse som høyreparti* argumenterer Jenssen (2017) med at Frp i løpet av regjeringsperioden har bevega seg vekk frå den høgpopulistiske ideologien. Ifølgje artikkelen har partiet gjennomgått eit hamskifte i løpet av dei fire åra i regjering, der partiet har mista fleire av dei høgpopulistiske kjenneteikna sine. Partiet bør i dag snarare kategoriserast som eit marknadsliberalt parti, meiner han. Anders Ravik Jupskås (2017), også han statsvitar, kom i sitt tilsvar i artikkelen *Feilslått kritikk av populismebegrepet*, til motsett konklusjon. Han argumenterer for at norsk høgpopulisme er langt frå å vere ved vegg ende, den står sterkare enn på lenge! Med utgangspunkt i etablerte definisjonar i faglitteraturen, er Frp utan tvil framleis er eit høgpopulistisk parti, meiner han. Jupskås (2017: 403) avviser Jenssen sine argument på denne måten: «Kort oppsummert vil jeg si at Jenssens bidrag preges av en problematisk definisjon, en pussig metode og prematur tolking av empiriske utviklingstrekk». Kven av desse to har rett? Har regjeringsdeltakinga svekt dei høgpopulistiske trekka, eller står dei kanskje sterkare enn før? Eg skal sjå nærare på dette ved å analysere Frp sine to nyaste partiprogram; det frå 2013, vedteke rett før dei entra regjeringskontora; og det som vart vedteke i mai 2017, på tampen av den første regjeringsperioden.

Å sjå nærare på det norske høgpopulistiske partiet er interessant av fleire årsaker. Ei av dei er at partiet er del av ei sentral politisk utvikling i Europa dei seinare åra. I løpet av dei siste tiåra har høgpopulistiske parti gradvis etablert seg som ei sterk politisk kraft på det europeiske kontinentet. Dette trass i at partifamilien rommar til dels svært ulike parti, som i svært liten grad har samarbeida med kvarandre. I 2015 var det mykje snakk om ei høgpopulistisk bølge i Europa. Mange høgpopulistiske parti opplevde stor framgang, og flyktningkrisa og straumen av asylsøkjjarar til Europa var ein stor del av drivkrafta bak denne veksten. Allereie før flyktningkrisa hadde vi sett døme på høgpopulistar i framgang, mellom anna i 2014, då fleire høgpopulistiske parti gjekk sigrande ut av parlamentsvalet i EU. Både i Danmark, Storbritannia og Frankrike var det høgpopulistiske parti som fekk flest stemmer, noko som

var historisk (Bergmann 2017: 24). I juli 2016 vart mange overraska over at høgrepopulistane i UKIP sikra Brexit i juni. Dette vart toppa med at høgrepopulisten Trump vann det amerikanske presidentvalet i november same år.

I januar 2017 kom det som fleire har sett på som eit vendepunkt i partifamilien, då fleire av dei mest sentrale høgrepopulistiske partia i Vest-Europa møttest til eit slags toppmøte i Koblenz i Tyskland. Tidlegare har desse partia knapt samarbeida. Det er neppe tilfeldig at dette møtet fann stad dagen etter at Trump inntok det ovale kontoret. Med Frauke Petry frå Alternativ for Tyskland (AfD) som vertskap møttes Marine Le Pen frå det franske partiet Nasjonal Front, nederlandske Geert Wilders og italienske Matteo Salvini frå Liga Nord (Ekern, 2017: 135). I 2017 var det nasjonale val i både Nederland, Frankrike og Tyskland. Sjølv om Marine Le Pen ikkje vart fransk president, og Geert Wilders sitt parti ikkje fekk så stor oppslutnad som mange hadde spådd, kom AfD med sine 12,7 prosent inn med ei stor partigruppe i tysk Bundestag, noko som truleg blir ståande som den største høgrepopulistiske sigeren dette året. I Noreg vart Frp attvalde til ei ny regjeringssperiode saman med Høgre same hausten.

Ein anna grunn til at det er interessant å sjå nærare på Frp si ideologiske plassering, er at det politiske fenomenet eg i denne oppgåva omtalar som høgrepopulisme, spenner over til dels svært ulike parti. Det eksisterer ingen full akademisk konsensus kring omgrepet, eller kva som kjenneteiknar den høgrepopulistiske ideologien. Når eg i denne oppgåva snakkar om høgrepopulistiske parti, viser eg til dei same partia som Cas Mudde (2017) i sitt ferske oversiktsverk omtalar som *The Populist Radical Right*. Som teorigrunnlag når det gjeld den høgrepopulistiske ideologien, tek eg utgangspunkt i Mudde (2007) si bok *Populist Radical Right Parties in Europe*, der han framhevar nativisme, populisme og autoritarianisme som høgrepopulismen sine ideologiske kjerneelement. Frp, som vart danna på 1970-talet, har ikkje alltid, og heller ikkje av alle, blitt kategorisert som eit høgrepopulistisk parti. Mudde (2007) plasserte partiet i utanfor, medan andre, som Jungar og Jupskås (2015) har plassert det innanfor. I seinare tid nemner også Mudde (2016) Frp når han omtalar partifamilien.

Det at Høgre valde å sleppe Frp inn i regjeringssvarmen i 2013 fekk stor merksemd, både i Noreg og internasjonalt. «Det er helt naturlig at utlandet oppfatter @frp_no som Norges høyrepopulistiske parti, som Dansk Folkeparti og Sverigedemokratene» tvitra SV sin stortingsrepresentant Heikki Holmås to dagar etter valet, noko som fekk den nyvalde statsministeren Erna Solberg til å uttale følgjande til NRK: «–Jeg tenker at Heikki burde holdt seg for god for det. Heikki er en liten friskus, men han passer av og til ikke munnen sin for å si det rett ut» (Krekling 2013). Frp svarte den gongen med å kalle inn til ei internasjonal

pressekonferanse, der dei avviste at dei var eit høgrepopulistisk, høgreekstremt eller xenofobisk parti (Dagbladet 2013).

Det er interessant å sjå nærare på korleis den høgrepopulistiske ideologien kjenneteiknar partiet i dag, etter at det har hatt regjeringsmakt i fire år. Kva skjer med den høgrepopulistiske ideologien når slike parti får makt?

1.2 Problemstilling

Problemstillinga mi er følgjande:

Har Frp blitt mindre nativistisk og populistisk i løpet av dei fire åra dei har hatt regjeringsmakt?

Implisitt i måten eg har formulert problemstillinga på, ligg ei hypotese om at det å få regjeringsmakt kanskje ville moderere høgrepopulismen i FrP til ei viss grad. Dei seinare åra har stadig fleire høgrepopulistiske parti i Europa blitt teke inn i varmen, i staden for å bli møtt med utestenging. I artikkelen *Pariahs or Partners? Inclusion and Exclusion of Radical Right Parties and the Effects on Their Policy Positions*, viser Akkermann og Rooduijn (2015: 1409) til at dei kallar *mainstream parties*, dei vanlege politiske partia, ofte møter parti på ytre høgre med ein tanke om at 'dragen kan temjast': «The inclusion-moderation thesis has been supported by those who believe that full participation in democratic institutions and procedures will amend the radical nature and ideology of parties». Artikkelen viser vidare til at denne hypotesen har lite empirisk støtte så langt, og Akkermann og Rooduijn (2015: 1154) konkluderer med at høgrepopulistiske parti som har blitt del av koalisjonsregjeringar ikkje har blitt meir moderate med tida.

I boka *Radical Right-Wing Populist Parties in Western Europe: Into the Mainstream?* ser Akkermann, Rooduijn og de Lange (2016) nærare på fleire av landa der høgrepopulistiske parti har fått regjeringsmakt dei seinare åra. Boka har mellom anna eit kapittel om Frp, skrive av Anders Ravik Jupskås: *The taming of the shrew. How the Progress Party (almost) became part of the mainstream*, der Jupskås konkluderer med at Frp til ei viss grad *lot* seg temje i prosessen som enda med regjeringssamarbeid med Høgre i 2013, og at dette varte ved eit par år inn i samarbeidet.

Vil det same kome til syne i partiprogrammet vedteke etter fire år i regjeringa?

1.3 Struktur og framgangsmåte

I innleiinga har eg kort skissert emnet for oppgåva, og presentert problemstillinga eg ynskjer å finne svar på. Del to er ein litteraturgjennomgang som gir eit overblikk over den høgrepopulistiske partifamilien i Europa. Målet er å avklare sentrale omgrep, og gi eit overblikk over historia og framveksten til høgrepopulismen. Eg vil også gjere greie for to av dei tre kjerneelementa i den høgrepopulistiske ideologien, nativisme og populisme. I denne, som i alle partifamilier, er det store variasjonar, og ulikskapane og sær eigenheitene er kanskje ekstra store her. Det er likevel mogleg å etablere ein form for *idealtypar* av kjerneelementa, som skal danne grunnlaget for analysen min. Til slutt i denne delen ser eg nærare på Frp si plassering i den høgrepopulistiske partifamilien, og presenterer bakgrunnen for problemstillinga mi, som er diskusjonen om i kva grad Frp sin ideologi har endra seg dei siste fire åra.

Del tre viser kva for metode eg har nytta, og presenterer caset mitt, Frp. Eg har valt å samanlikne Frp sitt partiprogram for perioden 2013 – 2017 med tilsvarende program for perioden 2017 – 2021. Det første var vedteke då partiet var i opposisjon, og er utgangspunktet for analysen min. Det siste vart vedtatt på landsmøtet i mai 2017, altså heilt på tampen av den første regjeringssperioden, og var partiet sitt fundament for ein valkamp der målet var å behalde plassen i regjeringa. Eg har nytta kvalitativ metode, og analyserer om nativisme og populisme som ideologiske trekk har blitt svekt eller styrkt i løpet av denne fireårsperioden. Til slutt i denne delen skisserer eg Frp si historie, frå einsaksparti som krinsa rundt ein karismatisk leiar, Anders Lange, via Carl Ivar Hagen som bygde partiet og sørga for at det kunne overleve, til Siv Jensen som overtok i 2006, og har leia partiet inn i regjeringskontora.

Del fire er analyse og diskusjon. Har nativismen og populismen, slik dei kjem til syne i partiprogrammet, endra seg? Det er nativismen som viser seg på flest område i Frp sin politikk, og den utgjer dermed hovudtyngda i analysen. Delen som omhandlar populisme er mindre, men utgjer likevel ein viktig del.

Til slutt oppsummere eg resultatet av analysen, og ser på desse funna i lys av tidlegare teori og forskning.

2.0 Den høgrepopulistiske partifamilien – teori og tilnærming

Den høgrepopulistiske partifamilien er prega av store variasjonar, og høgrepopulisme er eit vidt omgrep. Det er svært ulike parti som blir definert innanfor omgrepet, og mange ulike syn på kven som fell innanfor og utanfor. Dessutan, som Mudde (2017a: 5) skriv: «Given that no party self-defines as populist radical right, classification is up to scholars, and they tend to disagree almost as much as they agree».

I 2017 gav Cas Mudde ut boka *The Populist Radical Right. A reader*. Mudde er ein anerkjend forskar på dette fagfeltet, og boka er ei samling av dei fremste artiklane og bokkapitla om høgrepopulisme, eller dei populistiske radikale høgrepartia (Popular Radical Right), som han kallar dei. Utgangspunktet for oppgåva mi er eit paradigmeskiftet Mudde (2010) skildra i artikkelen *The Populist Radical Right: A Pathological Normalcy*. Lenge har ein sett på desse partia ut frå ein hypotese som tek utgangspunkt i at dei er usameinlege med vestlege demokrati, og at dei difor berre kan forklarast *utanfor det normale*. Mudde meiner at denne tesen ikkje kan underbyggast med empiri, snarare tvert om. Han viser til at kjerneelementa i den høgrepopulistiske ideologien; nativisme, autoritarianisme og populisme, i dag er *vanlege fenomen* med relativt brei støtte. Mudde (2010: 1186) konkluderer: «In fact, they are best seen as a radicalisation of mainstream values. Hence, the populist radical right should be considered a pathological normalcy, not a normal pathology».

I oppgåva dannar Mudde (2017b: 618) sin konklusjon frå *The Populist Radical Right. A reader* eit bakteppe:

In short, while populist radical right parties are the most studied party family in Europe, much remains to be done. It is crucial that future studies acknowledge the changing nature of populist radical right politics and move beyond the findings and paradigms of the 1990s. More than ever, theoretical reflections on the complex heterogeneity of populist radical right politics is required.

If we want to protect liberal democracy from populist radical right parties and politics, we have to understand its challenges. This can only be done if we approach the topic with academic rigor and draw upon all possible relevant scholarship, even if it does not explicitly reference to the populist radical right.

2.1 Skilnaden på høgrepopulistiske, høgrreradikale og høgreekstreme parti

Både i akademia, i media og i daglegtale blir omgrepa høgrepopulistiske, høgrreradikale og høgreekstreme parti brukt om kvarandre. Alle desse partia er del av det ein gjerne kallar ytre høgre, men det er viktige skiljelinjer mellom dei. Ifølgje Jupskås (2012: 40) kan omgrepsforvirringa delvis skuldast at ingen av dei tre retningane verken har ei klar idéhistorisk forankring eller nolevande talspersonar, og at partia sjølv helst nyttar andre merkelappar.

Høgreekstreme parti har ifølgje Jupskås (2012: 41-52) seks hovudtrekk: Dei er kjenneteikna av etnisk nasjonalisme, dei er anti-demokratiske og har ei autoritær innstilling, dei er rasistiske og prega av framandfrykt, og dei har innslag av konspirasjonsteoriar. Mange av desse trekka resulterer i ein aksept for bruk av vald. Høgrreradikale parti skil seg frå dei høgreekstreme ved at den *ikkje* er antidemokratiske og at dei *ikkje* er valdelege. Dei har elles mange felles haldningar, men synspunkta er mindre intense, og nasjonalismen, framandfrykta og konspirasjonstenkinga er meir moderat samanlikna med dei høgreekstreme. Dei er *radikale* i det at dei på fleire punkt bryt med dei liberale aspekta ved det moderne demokratiet, som til dømes religionsfridom og maktfordeling.

Strømmen (2013: 29) strekar under at høgrreradikalismen ikkje berre er ei moderat form av høgreekstremismen, det er grunnleggande forskjellar på dei to: «(...) høgrreradikalismen er (nominelt) demokratisk, selv om den motsetter seg noen grunnleggende ideer i det *liberale* demokratiet (...), mens høgreekstremismen er *essensielt* anti-demokratisk, og motsetter seg det grunnleggende prinsippet om folkestyre».

Høgrepopulisme og høgrepopulistiske parti er i fokus i oppgåva mi. Populisme er langt frå eit nytt fenomen, men omfanget av og konteksten som høgrepopulismen er kjenneteikna av i dag, er nytt. Høgrepopulistiske parti er parti som i ulik grad minner om dei høgrreradikale, men som i tillegg eller i staden er populistiske (Jupskås 2012: 52). Ifølgje Jupskås (2008: 13) kan populisme definerast som «en tynn ideologi hvor den politiske virkeligheten og politiske motsetninger reduseres til en uforsonlig dualistisk kamp mellom folket og eliten, og hvor eliten på forskjellig vis anklages for å ha ført folket bak lyset på en korrumpert måte og fratatt dets legitime demokratiske innflytelse».

Skiljet mellom høgrepopulisme og høgreekstremisme handlar mellom anna om når ytre høgre sin motstand mot innvandring blir ein *fare for demokratiet*. Her er graden av nativisme sentral. Etter fleire år med forskning på ulike aktørar frå ytre høgre i Europa, konkluderer Ivarsflaten

(2016: 51) med at denne grenseoppgangen er heilt *avgjerande* for å forstå den politiske dynamikken i vesteuropeiske demokrati:

It depends on the exclusion criteria they use to identify who do not belong to ‘the people’, what they believe about the outsiders, and how they treat them. It depends on how vicious their antipathy to political representatives is. And it depends on how apocalyptic their ideas are of how elites and outsiders conspire to corrupt societies.

Forholdet mellom høgrepopulisme og høgreekstremisme er langt frå klar, konkluderer Ivarsflaten (2016: 51): «Some extremists are also populists, some populists are also extremists; but not all populists are extremists, and not all extremist are populist».

Denne oppgåva er avgrensa til den delen av ytre høgre i Europa som opererer innanfor rammene av demokratiet, og eg vel, som nemnt, å nytte nemninga *høgrepopulistiske parti* om desse partia.

2.2 Historisk framvekst av ytre høgre i Europa

Før eg legg Frp og deira versjon av høgrepopulisme under lupa, vil eg kort presentere konteksten vi må forstå dette i. Korleis vaks ytre høgre i Europa fram?

Jupskås (2012: 56 – 112) har skildra framveksten i fire bølger. Den første bølga vaks fram som etterlevingar etter fascismen under krigen, den andre kom på 1970-talet og var karakterisert av skatteprotest og karismatiske leiarar, og den tredje kom på 1980-talet, og var kjenneteikna av innvandrings skepsis og organisasjonsbygging. I dag står vi godt inne i den fjerde bølga, som kom kring tusenårsskiftet. Denne bølga er kjenneteikna av eit fokus på konfliktane mellom islam og muslimar på den eine sida og vestleg kultur på den andre, og av at nokre av partia har kome inn i varmen og fått regjeringsmakt. Frp vart danna tidleg på 1970-talet, i den andre bølga, nettopp med grunnlag i skatteprotest. Partiet er også typisk i det at begge dei to første partileiarane var karismatiske. Når den tredje bølga kom på 80-talet, vart Frp gradvis bygd opp som politisk parti med partiprogram og organisasjonsstruktur, og dei fekk samtidig eit breiare saksgrunnlag. Den viktigaste endringa var at dei tok eigarskap på innvandringsfeltet. Frp er i dag eitt av Europas mest suksessrike høgrepopulistiske parti, med regjeringsmakt og relativt stor oppslutnad.

Bergmann (2017: 17-22) har skrive om nordisk nasjonalisme og høgrepopulisme, og han skildrar framveksten av høgrepopulistiske parti i Norden i tre bølger. Kvar bølge oppstod i kjølvatnet av ei krise eller stor sosial endring, kvar bølge var større enn den som kom før, og

kvar bølge har sine særegne kvaliteter og kjenneteikn. Den første bølga kom på 1970-talet som reaksjon på aukande multikulturalisme og immigrasjon, særleg frå muslimske land. Bergmann karakteriserer det danske og det norske Framskrittspartiet som mildare versjonar av høgrepopulistiske parti, med sitt store fokus på skatteprotest. Nokre av partia oppstod i første bølge, men endra karakter i den andre. Frykt for immigrasjon og behov for å styrke nasjonal identitet var dei viktigaste mobiliseringsfaktorane her, og fokuset dreia seg frå skatteprotest til innvandringsprotest, nettopp slik det gjorde hjå Frp. Den tredje bølga kom i kjølvatnet av den økonomiske krisa i 2008, og den populistiske diskursen bevega seg då inn mot midten, og vart i enkelte tilfelle tatt i bruk av parti med regjeringsmakt.

Det er interessant å legge merke til kva for saker som *mobiliserte* veljarane då desse partia tok til å få regjeringsmakt. Det har eksistert fleire ulike teoriar; éin modell fokuserer på misnøye med bakgrunn i økonomiske endringar; ein annan på misnøye med politisk elitisme og korrupsjon; og ein tredje på misnøye med innvandring. Studiar har vist at det er berre innvandrings-misnøya som er felles mobiliseringsfaktor hjå alle høgrepopulistiske parti med suksess (Ivarsflaten 2008: 3). Eit av partia som gjorde suksess i denne fasen var Frp, men på tidleg 2000-tal stod dei framleis langt unna regjeringskontora. Høgrepopulistiske parti i Austerrike, Nederland og Italia var derimot tidleg ute med å kome i regjeringsposisjon, men desse mista mykje av oppslutnaden sin i ettertid (Ivarsflaten & Gudbrandsen 2014: 4). For desse var altså prisen for regjeringsmakt tap av oppslutnad.

Året 2017 vart av dei høgrepopulistiske partia sjølv, og av mange andre, spådd å vere *patriotane sin vår* i europeisk politikk (Ekern 2017). Kanskje kunne konsekvensane av flyktningkrisa som råka Europa i 2015 utløyse ei endå større høgrepopulistisk bølge? Vala i Nederland, Frankrike og Tyskland har i løpet av 2017 moderert denne spådomen noko. Det er likevel viktig å vere merksame på den viljen og evna desse partia har til å nytte seg av kriser til å fremje ein breiare agenda. Simen Ekern (2017: 281) skriv:

Den nye europeiske høyrepopulismen er en utfordring også på grunn av sine illiberale dragninger og idéene om hvem som skal utestenges frå folket. Følger man ikke med når «terror» og «innvandring» blir framstilt som det samme i debattene, for eksempel, kan denne ideologiske overbevisningen vinne, selv når valgene tapes.

I innleiinga si i den ferske *The Oxford Handbook of the Radical Right* slår Rydgren (2018: 1) fast at oppblomstringa av parti og røysler på ytre høgre utan tvil er ei av dei viktigaste politiske endringane i demokratiske statar dei siste tiåra.

2.3 Ideologiske kjerneelement i høgrepopulismen

Bergmann (2017: 195) er blant dei som nyttar ein brei og detaljert definisjon på høgrepopulistisk ideologi. Han peikar på følgjande ti kjenneteikn ved høgrepopulistar:

Taken collectively, they are here being defined as being nationalist, anti-immigrant, anti-elitist, anti-intellectual and euro-sceptic moralists who are economically protectionists, promoters of law and order and foes to multicultural development on the continent. They speak to emotions rather than reason, they are nativists who distinguish between ‘us’ and ‘them’ and rely on strong charismatic leaders who advocate simple solutions to complex issues burdening the ordinary man.

Det er også mogleg å definere ideologien smalare. Rydgren (2018) definerer til dømes kjerna i den høgrepopulistiske ideologien som etnonasjonalistisk framanfrykt (xenofobi) i kombinasjon med anti-elitisme og populisme, medan Mudde (2007) som nemnt definerer kjerneelementa som nativisme, populisme og authoritarianisme. Uansett om ein nyttar ein smal eller ein brei definisjon, er omgrepa vanskelege å måle. Eg vil her etablere ein form for *idealtypar* av nativisme og populisme, som ei forankring for analysen min av Frp sine partiprogram. Ifølgje Bratberg (2014: 67) er siktemålet med idealtypar å definere eit sett sentrale eigenskapar som er særskilde for ei klasse eller ein kategori: «Idealtypar er ikkje et forsøk på å avbilde virkeligheten med alt sitt mangfold. I stedet er poenget å etablere et ideal i sin rene form som fenomener i den komplekse og mangetydige verden kan måles opp mot». Idealtypane er altså ikkje ideal i normativ forstand, men analytisk – eit analytisk verkty. Nativisme og populisme er i røyndomen prega av store variasjonar frå land til land, parti til parti, dei varierer med tida, og dei passar i varierende grad med idealtypane, som i rein form berre eksisterer i teorien.

Verken nativisme eller populisme er kvar for seg heilskaplege ideologiar, men utgjer altså sentrale kjerneelement i den høgrepopulistiske ideologien. Når eg skal etablere idealtypar av dei to, er målet å få fram kva høvesvis nativisme og populismen har som sentrale mål for eit samfunn, og kva for middel ein kan nytte for å nå desse måla. Etter gjennomgang av sentral teori om dei to omgrepa, vil eg oppsummere med enkle modellar – idealtypar. Mudde (2007: 13) har sjølv råda til å nytte denne tilnærminga når ein skal studere den høgrepopulistiske ideologien.

Populisme vart kåra til årets ord for 2017 av Cambridge Dictionary. Mudde (The Guardian 2017) kommenterte kåringa med at det kanskje ville vore meir treffande å kåre *nativisme* til årets ord:

This year mainly stands out for the way in which nativism has been whitewashed as populism. This is not to say that populism is irrelevant to contemporary politics or to the populist radical right. But within the core ideology of the populist radical right, populism comes secondary to nativism, and within contemporary European and US politics, populism functions at best as a fuzzy blanket to camouflage the nastier nativism.

Populisme er sentralt, men kjem altså likevel på andre plass etter nativisme. Det er verdt å nemne at nativisme og populisme er nært knytt saman, både empirisk og som konsept. Det finst jamvel dei som omtalar populisme som ein form for nasjonalisme. De Cleen (2017: 348-349) peikar på at den forma for nasjonalisme som kjenneteiknar den høgrepopulistiske ideologien, har særleg stor betydning innanfor populismen:

The rise of PRR parties was an important trigger for the renewed interest in the concept of populism in Europe. In some cases, these parties have even simply been labelled populist. This misses the point, however, for these parties cannot be understood through the notion of populism alone. Nor even is populism the most important element of their politics. At the core of these parties' projects is not populism but a radical right politics. And the very core of radical right politics is an exclusionary ethnic-cultural nationalism (also labelled nativism).

Det er interessant at denne partifamilien, som Mudde kallar for Populist Radical Right, og som eg har valt å kalle for høgrepopulistar, i dei aller fleste tilfelle *ikkje* blir namngitt ut frå verken nasjonalismen eller meir presist nativismen, men ut i frå populismen. Dette trass i at sjølv om populisme definitivt er eit kjenneteikn, er det *ikkje særveigent* for denne partifamilien, det er den etniske nasjonalismen som primært definerer den (Rydgren 2018: 5). Også Bar-On (2018: 18) definerer etnisk nasjonalisme som kjerna, eller sjølv ankerfestet i ideologien: «In short, without ethnic nationalism, the master concept of the radical right, its thinkers, its political parties, and its movements would lack a stable anchor».

2.3.1 Nativisme

Omgrepa nasjonalisme og patriotisme blir gjerne nytta når dei høgrepopulistiske partia omtalar eller skal skildre seg sjølve, medan kritikarar gjerne nyttar ord med meir negativ klang, som til dømes ultra-nasjonalisme eller rasisme. Forskarane sitt omgrep er *nativisme* – som er ein eigen form for nasjonalisme. Mudde (2007: 19) definerer nativisme som: «... an ideology, which holds that states should be inhabited exclusively by members of the native group ('the nation') and that non-native elements (persons and ideas) are fundamentally threatening to the

homogenous nation-state».¹ Målet er altså å skape eller verne om ein homogen og monokulturell nasjonalstat, der staten geografisk sett fell saman med det etnisk-kulturelle fellesskapet. Klarer ein dette, kan ein også ta vare på nasjonen sin kulturelle identitet.

Nativistar meiner det bør gå eit skarpt skilje mellom *oss* og *dei andre*: «They divide between ‘us’ who belong to the society and ‘them’ who should not belong to it» (Bergmann 2017: 26). Det er variasjonar mellom dei ulike partia når det gjeld kven som blir definer som del av nasjonen og kven som blir definer som ein trugsel mot nasjonen, altså kven som er fienden. Dei som ikkje høyrer til kan vere innvandrarakar, asylsøkarar, etniske og religiøse minoritetar, eller den politiske eliten. Desse *andre* som av høgrepopulistane blir definert som fiendar av *oss*, trugar vår identitet og kultur, og dei utnyttar og ruinerer *vår* velferdsstat. Skiljet resulterer ofte i open framandfrykt, og i nokon tilfelle også rasisme ovanfor jødar, romfolk, eller mest vanleg i dag, muslimar. Mudde (2007: 63-89) viser at *dei andre* kan opphalde seg både innanfor og utanfor staten sine grenser og det homogene fellesskapet. I tillegg til gruppene nemnt ovanfor, kan fienden også vere samfunnseliten, som gjerne blir skulda for å tillate masseinnvandring, og det kan vere kultureliten og media, som blir skulda for å vere i utakt med folket. Også grupper som blir skulda for å utnytte velferdsstaten og fellesskapet sine gode, blir stempla i nativismen.

Høgrepopulistane tek, i ulik grad og på ulike måtar, inn over seg at få nasjonalstatar er heilt homogene, og at det ikkje er mogleg å stenge grensene fullstendig. Konsekvensen er at dei har eit bestemt syn på kva for politikk staten bør føre ovanfor innvandrarakar og andre minoritetar – dei skal *assimilerast*. Dersom innvandrarakane ynskjer å bli ein del av samfunnet, og dermed ein del av nasjonen, må dei tilpasse seg majoriteten. «Today, almost all radical rightists accept the possibility of assimilation of nonnationals, usually referred to (incorrectly) by the less negative term ‘integration’» (Mudde 2007: 145). Ei side ved denne assimileringstilnærminga er ifølgje Mudde (2007: 145) at staten ikkje skal gi innvandrarakane eller andre minoritetar religiøse eller kulturelle særrettar: «Populist radical right parties further oppose special facilities for cultural minorities, which they consider hindrances for assimilation and hotbeds for fundamentalism». Han legg til det har blitt stadig meir viktig for dei høgrepopulistiske partia å unngå støtte til kulturell pluralisme knytt til muslimske samfunn. «In most European countries the nativist goal of a monocultural state and the contemporary reality of a multicultural society create significant problems for the populist radical right» (Mudde 2007: 144). Synet på kva som definerer

¹ Nativismen er ein ideologi som seier at statar utan unntak skal vere busett av sine eigne etniske folkegrupper (‘nasjonen’), og at element som har anna opphav eller bakgrunn (dette gjeld både personar og idèar) utgjør ein fundamental trugsel mot denne homogene nasjonalstaten.

kulturen innanfor nasjonen er konservativt og rigid, difor blir dei høgrepopulistiske partia gjerne også kalla nasjonalkonservative: «For nativists culture is an essentialist and rigid category; it must be preserved and cultivated, while adaption and relativism are believed to lead to decline and ultimately death» (Mudde 2007: 144).

Ytre høgre vaks som nemt fram gjennom fleire bølger, med ulike kjenneteikn. Eit av kjenneteikna er kven som er fienden. Innvandring, i dag særleg muslimsk innvandring, trugar det Bar-On (2018: 28) kallar «(...) the ‘health’ of the nation». Jupskås (2012: 96 – 99) oppsummerer utviklinga i fiendebilete slik: Der partia i den første bølga var skeptiske til jødar og innvandrarakar, fokuserte dei i den andre på innvandrarakar som trugsel mot velferdsstaten, og i den tredje bølga vart den økonomiske kritikken knytt til innvandring supplert med ein kulturell definisjon. Innvandring er ikkje berre ein økonomisk trugsel, men også ein trugsel mot *våre verdiar*. I den fjerde bølga, og i særleg grad etter terroråtalet 11. september 2001, er det altså muslimar som er den største trugselen. I nativismen set ein i dag ofte likskapsteikn mellom omgrepa innvandrarakar og muslim, og ein assosierer gjerne også omgrepet muslim med terrorist. Islam blir av nativistar i aukande grad omtala som ein politisk ideologi, ikkje ein religion, og den trugar våre vestlege verdiar.

Sidan tusenårsskiftet har *islamofobi* og frykt for eit komande islamsk Europa blitt definert som eit av dei grunnleggjande kjenneteikna knytt til nativisme (Zuquete 2017: 103). Islamofobi er eit omstridd omgrep. Det inneber stigmatisering av alle muslimar, og kan definerast som ein utbreidd tankegang og ein diskurs kjenneteikna av frykt, der folk fordomsfullt stemplar alle muslimar som *dei andre*, altså fienden. Muslimar blir alle sett under eitt – og alle er naturleg gjenstand for vel fortent fiendskap frå oss i Vesten (Zuquete 2017: 104). Bleich (2011: 1585) går gjennom mange ulike definisjonar av omgrepet islamofobi, og konkluderer med at det best kan definerast som tilfeldige, fordomsfulle, diskriminerande og negative haldningar knytt til islam og muslimar. Islamofobi-omgrepet handlar altså om anti-muslimske fordommar, noko tilsvarande slik antisemittisme blir brukt om jødehat. Der er fleire parallellar mellom dei to omgrepa, men også ulikskapar. Mudde (2007: 84) peikar på ein av desse ulikskapane: «However, unlike anti-Semitism, Islamophobia is a common form of prejudice, in which the enemy is feared because of its numbers, not its qualities – in fact Muslims (like ‘Gypsies’ or ‘negroes’) are mostly considered in negative terms (lazy, fanatic etc.)». Med andre ord, der nokre få jødar kunne utgjere ein signifikant trugsel, gjeld ikkje det same for nokre få muslimar. Islamofobe haldningar er ikkje eit eksklusivt kjenneteikn for høgrepopulistar, det er mykje meir utbreidd enn som så. Det er *graden av og kvantiteten* på utsegna som særmerker

høgrepopulistane. Også når det gjeld grad og form for islamofobi, er det store variasjonar innan partifamilien. Strømmen (2013: 296) peikar likevel på at det ytre høgre sitt nye fokus på islam og forsvaret mot det dei kallar *islamisering* har sett nye saker på dagsorden for ei lang rekke av dei høgrepopulistiske partia. Kallis (2018: 55) hevdar at islamofobien er heilt essensiell for å forklare høgrepopulistane sin suksess og evne til å setje dagsorden dei seinare åra:

Islamophobia, like interwar-Semitism, seems to have become so widely normalized because it has mined deeply held beliefs and activates fears located well within the so-called political and societal mainstream. In this process, the radical right has functioned as the taboo-breaker and arch-normalizer of Islamophobia, straddling fractious boundaries between the extreme fringes of the political system and the hearth of the supposed liberal center.

Det er viktig å peike på at islamofobi ikkje er det same som islam-kritikk. I følgje Jupskås (2012: 97) må ein skilje mellom akademiske diskusjonar knytt til relasjonen mellom islam og modernitet og i kva grad islam godkjenner prinsippet om ei deling mellom stat og religion på den eine sida, og offentlege utsegn om islam som ein underutvikla eller valdeleg religion på den andre sida. Islamofobi handlar om den siste typen utsegn. Det er uproblematisk å kritisere inhumane praksisar som finn stad i enkelte muslimske samfunn, som til dømes omskjering av jenter, eller tvangsekteskap. Kjenneteiknet ved islamofobe utsegn er at dei generaliserer frå slike døme til å gjelde alle muslimar, utan å ta omsyn til dei store variasjonane som eksisterer i praksis (Fangen & Vaage 2014: 38).

Velferdssjåvinisme er ein annan sentral del av nativismen, også kalla økonomisk nativisme. Mange av dei høgrepopulistiske partia er tilhengarar av velferdsstaten, men samtidig er det ein sentral del av verdigrunnet deira at velferdsgoda ikkje skal vere universelle. Goda skal i størst mogleg grad tilhøyre *oss* – ikkje *dei andre*. Omgrepet velferdssjåvinisme vart introdusert på 1990-talet, i Tor Bjørklund og Jørgen Gaul Andersen (1990) sine studiar av dei norske og danske Framskrittspartia. Dei fann at partia ikkje kjempa mot velferdsstaten som fenomen, men at; «The welfare state should, however, be protected against abuse by people who don't want to work, or against the burdens imposed by immigrants, refugees, and similar outgroups» (Gaul Andersen & Bjørklund 1990: 204). Ein velferdssjåvinist ynskjer ifølgje Cappelen, Kuhnle og Midtbø (2016: 126) ikkje nødvendigvis å redusere det offentlege velferdstilbodet, men er oppteken av å avgrense det eller setje vilkår slik at innvandrarar ikkje får tilgang til desse goda. Resultatet av ein velferdssjåvinistisk politikk er eit differensiert velferdstilbod; eit tilbod for dei som er fødte i landet; og eit anna for dei som ikkje er det. Ifølgje Mudde (2007: 125), skal

grupper som vil ‘snylte’ på goda, saman med innvandrara anten ekskluderast eller nedprioriterast. Bergmann (2017: 202) slår fast at velferdssjåvinisme faktisk er særleg viktig for å forstå dei *nordiske* høgpopulistiske partia, og han hevdar at nøkkelen til suksess for høgpopulismen i Norden har vore kombinasjonen av sosial velferd med nasjonalsjåvinistiske idear.

Figur 1 – Ein enkel modell over idealtypen nativisme



Modellen skildrar ein idealtipe av det eine kjerneelementet i den høgpopuløistiske ideologien – nativismen. Kva er målet i nativismen, og kva middel kan ein nytte for å nå dette målet?

2.3.2 Populisme

De europeiske høgpopulistene hevder å være folkets røst – i større eller mindre grad snakker de som om det er de, og bare de, som inkarnerer sitt folks sjel. Det er de som gir folkeviljen kjøtt, blod og en mikrofon (Ekern 2017: 282).

Det andre kjerneelementet i den høgpopulistiske ideologien er populismen. Dette er det W.B Gallie har kalla eit *essentially contested concept*, noko som inneber at forskarane er usamde både om sjølv essensen i omgrepet, og i kva grad det er eit nyttig omgrep å bruke (Mudde 2017c: 27). Populisme kan definerast som ein ideologi, som ein strategi, eller som ein form for retorikk. Den kan definerast smalt eller breitt, og der nokon meiner populisme styrkjer demokratiet, er det andre som meiner den representerer ei utfordring og til ein viss grad også ei

fare for demokratiet. Populisme er dessutan ifølgje Taggart (2017: 249) kjenneteikna av ein tynn og kamelonsk natur. Den opererer alltid knytt til andre ideologiar, og er grunnleggjande farga av sine omgjevnadar. I tillegg finnast det både høgrepopulisme og venstrepopulisme, som er to heilt ulike fenomen. Den til venstre heng oftast saman med sosialisme og fell utanfor denne oppgåva, medan den til høgre heng saman med nativisme, og er i fokus her. Eit anna skilje mellom høgre- og venstrepopulisme handlar om synet på ulikskap i samfunnet. Jupskås (2015: 20) skriv at i motsetnad til venstrepopulistane støttar ikkje høgrepopulistane tanken om at utjamning av ulikskapar er ein god ting, noko som mellom anna kjem til syne gjennom ein aversjon mot sosial integrasjon av marginaliserte grupper i samfunnet.

Mudde (2007: 23) definerer populisme som: «(...) a thin-centred ideology that considers society to be ultimately separated into two homogenous and antagonistic groups, 'the pure people' versus 'the corrupt elite', and which argues that politics should be an expression of the general will of the people».² Mudde sin definisjon er i stor grad overlappende med den Jupskås (2008: 13) nyttar: «En tynn ideologi hvor den politiske virkeligheten og politiske motsetninger reduserer til en uforsonlig duell mellom folket og eliten, og hvor eliten på forskjellig vis anklages for å ha ført folket bak lyset på en korrump måte og fratatt dets legitime demokratiske innflytelse».

Mykje av debatten kring populismeomgrepet dreiar seg om det vage fenomenet *folket*. Ifølgje Mudde & Kaltwasser (2017: 9) er omgrepet ein konstruksjon som opnar for stor grad av fleksibilitet, og er oftast nytta som ein eller annan kombinasjon av desse tre: «...the people as sovereign, as the common people and as the nation». Av desse tre er det dei to sistnemnde som er mest i fokus når det er snakk om høgrepopulisme, folket som *folk flest*, og folket som *nasjonen*. Vi kjenner igjen *folk flest* som er slagord hjå mange av partia, mellom anna i Frp, og ikkje minst i det at *folket* er det same som *nasjonen*. Her ser vi at populisme og nativisme heng saman. Dei heng vidare saman i det at folket er definert som *the pure people*, og nativismen dreier seg nettopp i stor grad om korleis og kvifor ein må beskytte denne reinleiken.

Når ein skal omsetje folkeviljen i politikk må ingenting få stå i vegen, og her er det *eliten* i ulike former som er definert som fienden: «The key internal enemy of all populist radical right parties is 'the elite', a broad and indeterminate amalgam of political, economic and cultural actors. The national elite is criticized in both nativist and populist terms, i.e. as traitors to the nation and

² Populismen er ein tynn ideologi som er definert av ei førestilling om at samfunnet er delt inn i to homogene grupper som står i motsetnad til kvarandre: Det reine, ekte (autentiske) folket versus den korrupte eliten. Populismen argumenterer med at politikken bør vere eit uttrykk for den generelle folkeviljen.

corruptors of the people» (Mudde 2007: 65). Det er fleire ideologiar enn populismen som tek utgangspunkt i denne fundamentale motsetnaden mellom folket og eliten, men der sosialismen baserer elite-omgrepet på klasse, og nasjonalismen baserer det på nasjonen, er det i populismen basert på *moral* (Mudde 2017c: 29). Der essensen i folket er at dei er reine (pure) fordi dei er autentiske, er eliten *korrupt*, fordi dei ikkje er autentiske. Reinleik og autensitet er altså ikkje definert ut frå etnisitet eller rase, men ut frå moral: «It is about ‘doing the right thing’ which means doing what is right for all the people» (Mudde 2017c: 30). Dette er mogleg fordi populistane ser på folket som ein *homogen* kategori.

Eliten kjem frå den same homogene gruppa som folket, men har valt å forråde det, ved å setje egne interesser og sin eigen ikkje-autentiske moral over det som er best for folket. Ifølgje Taggart (2017: 253) er ein grunnleggjande ambivalens til politikk og politisk aktivitet heilt sentralt i populistisk tenking. Politikk blir sett på som naudsynt, men samtidig er korrupsjon ikkje til å unngå, då det er ein implisitt konsekvens. Korrupsjon i denne samanhengen er altså ikkje definert på den smale, tradisjonelle måten der det dreier seg om økonomisk vinning i form av gåver og tenester bytt mot misbruk av makt. Det er definert breiare: «...corruption entails a process of deterioration. It implies a loss of purity» (Taggart 2017: 254). Ifølgje Taggart (2017: 253-255) kjem dette til syne særleg på to måtar i vesteuropeisk politikk. For det første har politikarane og etablissementet elles fjerna seg frå dei som dei skal representere, og som ein konsekvens av dette har dei heller ikkje gode motiv for gjeringane sine. For det andre blir institusjonane i seg sjølv sett på som korrumperte, slik at etablerte politiske parti dermed feilar. Dei er ikkje lenger representative, og tek ikkje vare på behova til dei som har valt dei.

I denne oppgåva er ikkje fokuset på populisme generelt, men på *nativistiske* populistar i høgpopulismen. Ifølgje Mudde (2017c: 33) deler høgpopulistane folket inn i grupper både basert på populisme og på nativisme. Etniske minoritetar og innvandrarak blir ekskludert på basis av etnisitet, altså nativisme, medan politiske, kulturelle og økonomiske elitar blir ekskludert basert på moral, altså populisme. Vi ser her nok eit døme på at populismen og nasjonalismen heng nært saman. Høgpopulistane sitt hovudargument mot elitane er ifølgje De Cleen (2017: 350) nasjonalistisk motivert, i det dei hevdar at politiske elitar har fremja utlendingar sine rettar på måtar som er til skade for sin eigen nasjon. Eliten sviktar sitt eige folk og representere det ikkje, på grunn av måten den posisjonerer seg i forhold til det multikulturelle samfunnet. Det er ikkje berre den politiske eliten som blir kritisert på denne bakgrunnen, men også artistar, intellektuelle, journalistar og akademia. Populistar er altså generelt kritiske til det politiske etablissementet, men også til den økonomiske eliten, den kulturelle eliten og den delen

av media som blir definert inn i eliten. Verken politikarar, politiske institusjonar som parti, parlament og regjeringar, og heller ikkje lovene eller sjølve konstitusjonen kan få hindre folkeviljen. Eliten er definert ut frå kven som har makt. Dette grunnleggande anti-elitistiske utgangspunktet kan ved første augekast gjere det paradoksalt for populistar å få makt, fordi dei då blir *del av* eliten. Mudde og Kaltwasser (2017: 12) viser at eit slikt synspunkt ignorerer sjølv distinksjonen mellom folket og eliten, som for ein populist altså er moralsk, ikkje situasjonsbunden. Ein populist som får makt, *redefinierer* nemleg elite-omgrepet.

Det viktigaste kravet for korleis folket kan vinne makta tilbake er ifølgje Mudde (2007: 13) å introdusere element av direkte demokrati, i form av folkerøystingar. Nokre høgrepopulistiske parti går enda lenger, og krev at slike folkerøystingar skal kunne krevjast på folket sitt initiativ. «Being fundamentally suspicious of the political elites, they want the power to decide upon the use of referendum to lie with the people, not with the government or parliament» (Mudde 2007: 15). Bakgrunnen for dette er ifølgje Ivarsflaten (2016: 50) ei grunnleggjande populistisk doktrine, eit instinkt som seier at folkeviljen *per definisjon* er god. Leiarane si oppgåve er difor å finne ut kva folkeviljen er, og omsetje den i handling. Ein del av denne doktrinen er at ein må møte alle institusjonar og deira representantar med skepsis. Dei er distansert frå folket, og dermed *er* faren der for at dei har blitt korruperte.

Kombinasjonen av nativisme og populisme i den høgrepopulistiske ideologien gjer at eit anna ideologisk kjerneelement er *euroskepsis* (Mudde 2007: 164-165). Det var ifølgje Vasilopoulou (2018: 123) Taggart som først introduserte dette omgrepet, som han definerte slik: «The idea of contingent or qualified opposition, as well as incorporating outright and unqualified opposition to the process of European integration». Høgrepopulistiske parti målber ein sterk skepsis til det overnasjonale samarbeidet i EU, og er anten motstandar og vil ut av EU, eller dei vil endre EU i retning mindre overnasjonalitet og meir demokrati. Mange av partia var tilhengarar av den europeiske integrasjonsprosessen på 1980-talet, men for mange kom eit vendepunkt ved underteikninga av Maastrichtavtalen i 1992. No er nokre parti pragmatiske i forhold til EU (støttar ikkje dei underliggande ideane, men støttar EU), nokre vil ut av EU og andre er skeptiske til EU. Euroskepsisen er ifølgje Vasilopoulou (2018: 125) primert knytt til suverenitet, der EU blir skulda for å fremje globalisering og multikulturalisme, som begge utgjer truglar mot nasjonal suverenitet i tillegg til at å truge den kulturelle homogeniteten til europeiske nasjonalstatar.


Mudde definere populisme smalt, som ein tynn ideologi som er vedheng til eller haikar med ein vertsideologi. Også Jan Werner Müller, som i 2016 gav ut essayet *Hva er populisme?*, definerer

populisme smalt. Müller (2016a: 20) hevdar at det som sameinar alle populistar, og som han dermed kallar for den sentrale påstanden for alle populistar, er denne: *Vi – og bare vi – representerer det sanne folket*. Eit anna viktig poeng for Müller er at populisme ikkje berre er antielitisme. Implisitt i synet på kven som er *folket* ligg det også ein antipluralisme, basert på ein ekskluderande identitetspolitikk.

Populists implicitly promise that homogeneity will solve social and political problems and that the world will be set to rights if the representatives of the real people are in power. This is not a helpful ‘corrective’ to a liberal democracy that might somehow have become to remote from ordinary folks, as some sympathetic scholars of populism have argued. The fantasy that the fully homogenous people is a danger to democracy itself. For, as Jurgen Habermas put it succinctly, ‘the people’ can only appear in the plural. Equality is a democratic value; homogeneity – based on some fantasy of the pure people – is not (Müller 2016b: 62).

Populisme er altså det motsette av elitisme, og det motsette av pluralisme, og det representerer med dette ei utfordring for demokratiet.

Figur 2 – Ein enkel modell over idealtypen populisme



Modellen skildrar ein idealtipe av eit av kjerneelementa i den høgrepopulistiske ideologien – populismen. Kva er målet i populismen, og kva middel kan ein nytte for å nå dette målet?

2.4 Frp si plassering i den høgrepopulistiske partifamilien

Det var lenge omdiskutert om Frp i det heile er ein del av denne partifamilien, og kunne kallast eit høgrepopulistisk parti. Mudde (2007) plasserte i utgangspunktet Frp utanfor den høgrepopulistiske familien. Hovudargument hans den gongen var at nativismen ikkje utgjorde ei kjerne i Frp sin ideologi, og han klassifiserte partiet som eit ny-liberalistisk populistparti. Det har vore konflikstar mellom eliten og nativistar i partiet, og desse vart anten ekskludert eller dei forlot partiet på tidleg 1990-tal. I ei nyare bok (2000) inkluderer Mudde imidlertid Frp på ei liste over denne partifamilien.³ I dag er han tydeleg på at dei er innanfor (Mudde 2016).

I artikkelen *Party family with variation* (2013a), som tek føre seg dei nordiske partia på ytre høgre fløy; Sverigedemokratane; Dansk Folkeparti; Sannfinnene og Frp, plasserer Jupskås Frp som eit høgrepopulistisk parti, om enn ein noko utypisk, moderat variant. Året etter, i 2014, skreiv Jupskås og Jungar artikkelen *Populist Radical Right Parties in the Nordic Region: A New and Distinct Party Family?* Her konkluderer dei med at ein *kan* snakke om dei nordiske partia som ein eigen partifamilie, og at Frp er med i denne familien. Partia har nærma seg kvarandre dei siste åra, og også Frp deler no nok av dei sentrale kjenneteikna til høgrepopulismen til at det kan vere nyttig å inkludere dei denne kategorien. Dei fire partia har til felles den tynne ideologien populisme, eit standpunkt om anti-establishment, og dei er authoritarianistiske og nasjonalistiske. Rett nok er Frp mindre authoritarianistiske og lenger til høgre i økonomisk politikk enn dei tre andre (Jungar og Jupskås 2014: 216). Jupskås har også skrive doktorgrada si om Frp: *Persistence of Populism. The Norwegian Progress Party 1973-2009* (2015), der han om omtalar dei som eit av dei mest suksessrike høgrepopulistiske partia i Europa.

I samband med valkampen hausten 2017 blussa den ideologiske debatten opp. Anders Todal Jenssen (2017) skreiv då artikkelen *Norsk høyrepopulisme ved veis ende? Fremskrittspartiets gjenfødelse som høyreparti*, der han argumenterer for at Frp og Høgre har blitt stadig meir like, og at Frp har mista mange av dei høgrepopulistiske trekka dei siste åra. Jenssen tek utgangspunkt i Jager og Walgrave (2007) sine tre kjenneteikn på høgrepopulisme: Å beskrive folket som homogent, eksklusjon av utgrupper og elitekritikk. Jenssen meiner denne definisjonen er interessant fordi den opnar opp for grader av populisme. Han peikar på at dei to viktigaste dimensjonane i norsk politikk i dag er den nyare innvandring / solidaritet, og den tradisjonelle marknadsliberalisme / statleg regulering av marknaden. Frå 2009 – 2013 har desse

³ Sitert i Widtfeldt (2015:83), der han viser til Cas Mudde si bok *The Ideology of the Extreme Right* (2000: 185).

to dimensjonane blitt meir samanvevd. Høgre og Frp har blitt mykje meir like på den første, og Frp har bevega seg til høgre på den siste, mot marknadsliberalismen (Jenssen 2017: 235). I tillegg argumenterer Jenssen (2017: 236) for at Frp har mista eigarskapen til innvandringsspørsmålet, noko han meiner ein kunne sjå i kjølvatnet av flyktningkrisa 2015, der Frp ikkje lenger kunne notere seg auka støtte i lang tid. Også når ein ser på veljarane til Høgre og Frp kan ein sjå at dei har blitt mykje meir like, ifølgje data frå Det norske valforskningsprosjektet.

Jenssen fann også støtte for argumenta sine ved å sjå på Frp i regjering. Eit tydeleg populistisk trekk hjå Frp var innføring av borgarinitiativ og bindande folkerøystingar i 2004. Dette strauk dei frå partiprogrammet våren 2017, og dei har i tillegg hatt ublide møter med folkeviljen i samband med regjeringa sin sentraliseringspolitikk, skriv Jenssen (2017: 238). Vidare var opposisjonspartiet Frp kjent for *petroleumspopulisme* og sterk vilje til å bruke av Oljefondet, men i regjering var partileiar og finansminister Siv Jenssen med på å vedta *innstramming* i handlingsregelen (Jenssen 2017: 238). Jenssen argumenterer elles med at Frp i dag har tona ned den generelle innvandringskritikken, og no har meir fokus på nykomne innvandrarar og særleg på muslimar. Elitekritikken er mindre tydeleg, og det er meir uklart kven dei meiner er *folk flest*. «Ikkje vi går tilbake til Jager og Walgraves (2007: 334) tre kjennetegn ved høyrepopulisme: beskrivelsen av folket som homogent, elitekritikk og eksklusjon av utegrupper, er det hos Frp bare det siste kjennetegnet som gjenstår. Dermed er det åpenbart at dagens Frp vanskelig kan kalles høyrepopulistisk», konkluderer Jenssen (2017: 239). Han meiner at hamskiftet kan forklarast med at partiet no har vore i regjering.

Jupskås (2017) svarar Jenssen i artikkelen *Feilslått kritikk av populismebegrepet*. Jupskås (2017: 403) skriv at Jagers og Walgrave (2007) sin definisjon av høgrepopulisme er for snever, særleg fordi den ikkje fokuserer på det som Jupskås meiner er aller mest sentralt, nemleg den ekskluderande nasjonalismen. Denne er igjen ein sentral del av nativismen. I tillegg mistar definisjonen autoritære trekk av syne, og den blandar saman det populistiske elementet med det nasjonalistiske elementet. Ei fullstendig analyse må ta omsyn til alle tre elementa, og ifølgje Jupskås er det særleg den ekskluderande nasjonalismen som definerer høgrepopulistiske parti. Jupskås (2017: 406) meiner elles at velgjardata ikkje er særleg godt eigna til å seie noko om kvar eit parti plasserer seg ideologisk, og at Jenssen si empiriske analyse berre i snever grad er kopla til den teoretiske debatten om kva som kjenneteiknar høgrepopulismen (Jupskås 2017: 404).

I argumentasjonen sin for at Frp definitivt er eit høgrepopulistisk parti, peikar Jupskås (2017: 408) vidare på tal frå ei fersk undersøking blant partimedlemar i alle partia på Stortinget. Denne viser tydeleg at ekskluderande nasjonalisme står sterkast i Frp, der om lag fire av fem er enig i påstanden om at ‘innvandring er en trussel mot den nasjonale egenart’. Undersøkinga viser også at Frp sine medlemar i aukande grad er euroskeptiske. Graden av populisme er ikkje like enkelt å måle, men Jupskås (2017: 409) finn likevel tydelege spor av systemkritikk av etablerte politiske elitar, og låg tillit til demokratiet. Over halvparten av Frp sine medlemar meiner at ‘vårt demokrati er i ferd med å miste troverdigheten blant innbyggerne’. I andre parti er det berre om lag ein av fem som er samd i denne påstanden.

Der Jenssen meiner å finne ei tydeleg endring hjå Frp når det gjeld kravet om folkerøystingar, meiner Jupskås at det ikkje har skjedd nokon merkbar endring. «Programpunktet om folkeavstemmingar er knapt endret – partiet har bare presisert at bindende folkeavstemmingar bør ‘legge til grunn at en viss andel av de stemmeberettigede har avgitt stemme’» (Jupskås 2017: 407). Partiet vil framleis nytte seg av folkerøystingar, argumenterer Jupskås vidare, og konkluderer med at Frp utan tvil framleis er eit høgrepopulistisk parti.

3.0 Metode og presentasjon av case

For å analysere om Frp har blitt mindre nativistisk og populistisk i løpet av dei fire åra dei har hatt regjeringsmakt, har eg gjennomført ei empirisk analyse av Frp sine partiprogram vedtekne i 2013 og i 2017.

Innanfor kvalitativ metode kan ein velje mellom observasjon, ulike former for intervju, og tekstanalyse (også kalla innhaldsanalyse eller dokumentanalyse). Ei kan også kombinere dei ulike metodane, og ein kan vidare kombinere dei med kvantitativ metode. Det å bruke fleire ulike datakjelder og metodar for datainnhenting kallast triangulering. Dette kan gje betre kontroll i forskingsprosessen, og er knytt til validitet og reliabilitet (Andersen 2013: 157). Hovudvekta i oppgåva mi ligg på den kvalitative metoden *tekstanalyse*, ein metode der ein analyserer eksisterande dokument som er produsert for andre formål enn forskning (Tjora 2012: 162). Dokumenta kan vere casespesifikke, til dømes årsoppgåver i ei bedrift, det kan vere forskingsdokument som artiklar, rapportar, bøker eller liknande, frå media, eller som i mitt tilfelle, generelle, som politiske dokument er.

Det finst ifølgje Bratberg (2016: 18-23) ulike typer tekstanalyse, mellom anna diskursanalyse, kvantitativ innhaldsanalyse, analyse av retorikk og argumentasjon, historisk fortolking og idéanalyse. Eg har føreteke ein idéanalyse av partiprogramma. Idéanalyse dreier seg om systematiske studier av politisk budskapar, ifølgje Bratberg (2016: 57) handlar det om «...kvalitativ analyse av ideers tilstedeværelse i tekst, der fortolking er en vesentlig side ved analysen».

At hovudvekta i analysen er min kvalitativ, inneber at eg ikkje ynskjer å talfeste forekomsten av idear, då dette er underordna. Eg har likevel supplert med å gjennomføre ei ordteljing, med det formål å gjennom ei enkel kvantitativ analyse finne ut kor store endringane i partiprogrammet er, og kva delar av programmet som er endra mest.

Eg skal vidare gjere greie for bakgrunnen for vala mine, og for korleis eg har utført analysane. Først presenterer eg kva eit partiprogram er, og reflekterer kring i kva grad dette er eigna som datagrunnlag. Deretter gjer eg greie for forskingsdesignet mitt, skisserer framgangsmåten eg har nytta, og diskuterer i kva grad er funna mine er gyldige og til å lite på. Til slutt blir caset i oppgåva, Frp, presentert.

3.1 Partiprogram som datagrunnlag

Partiprogram er ifølge Heidar og Saglie (2002: 214) sentrale styringsdokument for politiske parti. Sjøelve prosessen fram mot nytt partiprogram er omfattande, og skapar stor aktivitet blant medlemmar i partiet. Ein programkomité tek i mot innspel frå ulike delar av partiorganisasjonen, og lagar ei innstilling som så ligg til grunn når landsmøtet skal vedta nytt program. Ifølge Narud og Valen (2004: 33) kjem det gjerne inn eit stort mangfald av forslag, både til endringar og nye tillegg. Partiprogram er altså godt forankra gjennom breie prosessar i partiet, og formelt vedtekne på partiet sitt øvste organ, landsmøta. I dette dokumentet kan ein finne partiet sitt verdigrunnlag og ideologiske ståstad, og ei oversikt over kva for saker partiet ynskjer å jobbe for i komande stortingsperiode. Programmet er retta både eksternt og internt, mot veljarane som kan nytte dei for å finne ut kva for parti dei skal røyste på, og internt, i det det styrer partiet sine representantar når dei dagleg jobbar for å fremje partiet sin politikk. Heidar og Saglie (2002:214) hevdar at partiprogramma kan tolkast som uttrykk for partia sin kollektive vilje, sidan dei er eit sluttprodukt av eit omfattande arbeid som involverer heile partiet.

Nokre parti har eitt samla dokument som dei kallar partiprogram, medan andre parti har delt partiprogrammet sitt i to, eit prinsippprogram og eit handlingsprogram eller arbeidsprogram, som til saman utgjer partiprogrammet.⁴ Politikarane i eit parti vil i stor grad sjå på vedtaka i partiprogrammet som bindande for arbeidet sitt. Programmet er eit viktig dokument i valprosessen, og dei som skal representere partiet, må vere lojale til det som står der, dels for å orientere seg om poitikken partiet står for, og dels for å kunne forsvare seg mot åtak frå konkurrerande parti og frå media (Narud og Valen 2004: 33). Bratberg (2014: 75) argumenterer for at partiprogram er godt eigna som utgangspunkt for å analysere ideologien til eit politisk parti, fordi dei har *som formål* å framheve den ideologiske essensen til partiet. Å studere partiprogram har dessutan fleire openberre fortinn framfor alternative framgangsmåtar for å analysere parti sin ideologi, som ekspertsurveyar, analyser av politiske vedtak og veljarundersøkingar, då dei er autorative, representative og uttømande for partiet i ein grad ingen av alternativa kan matche (Bratberg 2014: 87).

Det er fleire svake sider ved å nytte berre partiprogram som empiri. Ved å velje eit så smalt kjeldegrunnlag, vil ikkje store delar av den faktiske politikken, og heller ikkje retorikken, bli analysert. Uttaler i tradisjonelle og sosiale media fell utanfor analysen, noko som kan vere ekstra uheldig når det gjeld Frp, då dette er eit populistisk parti der retorikken er sentral. Ei anna

⁴ Frp kallar dokumentet for handlingsprogram, medan til dømes SV kallar sitt dokument for arbeidsprogram. Arbeidarpartiet har berre *eitt* dokument som inneheld både verdigrunnlag og konkrete saker for perioden.

svakheit som er verdt å peike på, er at analysen min berre fangar opp det som står i programma. Den fangar ikkje opp kor ofte Frp sine vedtak faktisk er i tråd med programmet, og heller ikkje kva tid partiet nyttar vage og tidvis upresise formuleringar for å kome unna. Jupskås (2008) valde å bruke NRK sine partileiardebattar i si analyse av populismen i Frp. Han argumenterte for dette valet ved å vise at det er mange sider ved populismen som *ikkje* blir fanga opp i eit partiprogram, nettopp fordi det er utdjupande, nyanserande, relativt konsistent og upersonleg, altså svært *lite* populistisk (Jupskås 2008: 65).

Omfanget og tidsbruken knytt til denne oppgåva har avgrensa kor mange kjelder som har blitt nytta. Fleire kjelder slik som partileiardebattane i forkant av stortingsvala i 2013 og 2017, samt intervju av politikarar kunne supplert funna mine, men det har det ikkje vore rom for. Oppgåva er difor avgrensa til populisme og nativisme *slik det kjem til uttrykk i partiprogramma*, og korleis desse har endra seg.

3.1.1 Korleis lagar Frp sine partiprogram?

På heimesida til FrP fann eg dei fire dokumenta eg trengde; prinsipp- og partiprogram for første periode, 2013 – 2017 (Frp 2013a, Frp 2013b), og tilsvarande dokument for inneverande periode 2017 – 2021 (Frp 2017a, Frp 2017b).

Det stod ikkje noko om prosessane *bak* programma på heimesida, og eg sende difor ein e-post til spesialrådgjevar i Frp, Ronny Røste. Røste svarte at prosessen ikkje er vedtektsfesta, men at det ligg ein omfattande prosess bak. Gjeldande program blir sendt på høyring til heile organisasjonen, og ein programkomité valt av landsmøtet og leia av partiet sin første nestleiar lagar eit nytt førsteutkast basert på desse. Etter ei ny runde med konferansar og innspel fremjar programkomiteen sitt andre forslag, og etter at også innspela til andreutkastet er handsama, blir det endelege utkastet lagt fram for landsstyremøtet, inkludert dissensar i programkomiteen. Landsstyret behandlar programmet, og det blir så vedteke på landsmøtet til partiet. Berre dissensar av ein viss storleik blir votert over her.

Svaret frå Røste stadfesta det Narud og Valen (2004) og Heidar og Saglie (2002) har skrive. Prosessane fram mot nytt partiprogram er grundige, og godt forankra i partiorganisasjonen, også i Frp. Frp skil seg noko frå dei andre partia i det at dei ikkje røyster over alle endringane, men berre dei endringane der det er dissens i landsstyret. Prosessen er dermed noko meir sentralisert enn i andre parti, noko også Jupskås (2016: 181) har peika på.

3.2 Forskingsdesign – casestudie med hovudvekt på kvalitativ tekstanalyse

Utgangspunktet for denne oppgåva er ei ikkje-generaliserande problemstilling. Hovudsakleg byggjer analysen på ei kvalitativ tilnærming, sidan eg ynskjer å studere eventuelle endringar i ideologien hjå FrP. Ein viktig fordel med ei kvalitativ tilnærming er at den har ei meir open tilnærming til teksten, slik at ein til ei viss grad kan lese teksten inn i ein større heilskap. I tillegg vert det nytta kvantitativ metode i form av ei ordteljing til å sjå om det kan supplere den kvalitative analysen.

Av dei fem forskingsdesigna Ringdal (2014: 106) skisserer; eksperimentelt design; tverrsnitt-design; langsgående design; casestudie og komparativt design, er mitt design eit *casestudie*. Yin (1989) ser på eit casestudie er ei empirisk undersøking av eit moderne fenomen i sin samtidige kontekst, der grensene mellom fenomenet og konteksten er uklare, og der ein nyttar fleire kjelder (Andersen 2013: 24). Eit nærstudie av den høgrepopulistiske ideologien slik den kjem til syne hjå eit politisk parti passer godt som casestudie. Designet er komparativt og longitudinelt, i det eg samanliknar to partiprogram vedteke etter kvarandre.

Ifølgje Bratberg (2014: 9) kan ein bruke tekstanalyse til å systematisk studere tekstar, og også til å trekke slutningar om kringliggande forhold. Ein kan i tillegg trekke slutningar om idéane og intensjonane som ligg bak tekstane, og ein kan lese og tolke teksten i den konteksten den er ein del av. Ei slik tilnærming opnar for å kunne ta omsyn til heilskapen i det inntrykket som teksten gir, og ein kan med det også lese inn *undertekst* i nokre tilfelle. Det finst eit mangfald av tekstanalytiske teknikkar. Kriteria for å velje og kva implikasjonar som følgjer, er ifølgje Bratberg (2014:11) lite diskutert. For at teksttolking skal vere vitenskapleg, må ein halde seg til metodiske retningslinjer, slik at ein kan diskutere og etterprøve funna ein gjer. Det går an å sjå det fortolkande aspektet ved tekstanalyse som ei svakheit, men også som ei moglegheit, meiner Bratberg (2014: 12). Føresetnaden er at forskaren definerer så klart som råd er både kva som er datamaterialet, og korleis det blir analysert.

Den tekstanalytiske metoden eg har nytta, er idéanalyse. Her handlar det ikkje om å telje *kor ofte* idéane ligg føre slik det gjer i ei kvantitativ analyse, ein går eit steg vidare frå kartlegging av det observerbare i teksten. Bratberg (2014: 58) definerer ein idé som «.. en tankekonstruksjon som til forskjell frå inntrykk og holdninger utmerkes av en viss kontinuitet». Idéar kan vere både deskriptive og normative, og dei kan vere både av individuell og kollektiv karakter. Ein ideologi er eit sett av normative idéar om kva som er eit godt samfunn, og kva for middel ein kan nytte for å skape dette samfunnet.

3.2.1 Kvalitativ tekstanalyse – framgangsmåte

Eg las først gjennom både prinsippprogramma og handlingsprogramma. Det eg med bakgrunn i idealtypene kjende att som nativistiske trekk vart markert med oransje, og populistiske trekk vart markert med rosa. Deretter såg eg først på nativismen, og så på populismen. Eg samla alle sitat eg hadde utheva med oransje i eitt dokument, og alle markert med rosa, i eit anna dokument. Mange av desse sitata viste seg å vere uendra i begge programma, men der var òg mange formuleringar som var endra, og fleire som var føydd til frå 2013 til 2017. For å få dette tydeleg fram undervegs i arbeidet mitt med analysen, markerte eg alt som var endra og alt som var føydd til i 2017 med lilla skrift i Word-dokumentet, slik at det var lett å sjå kva som var likt i begge programma, og kva som var nytt eller endra i 2017.

Neste steg var å kople saman teoridelen og analysedelen, ved å knyte saman trekka frå idealtypene eg hadde etablert i teoridelen til dei konkrete funna i programma. Eg kom etter kvart fram til ein struktur der eg først såg på nativismen, og deretter på populismen. Eg tok først for meg nativismen og populismen slik dei kom til syne i partiprogrammet i 2013. Deretter samanlikna eg funna med programmet frå 2017. For kvart av dei to kjerneelementa analyserte eg først alle trekka som var like i både 2013 og 2017, då dette etablerte grunnlaget for å kunne svare på problemstillinga mi, i kva grad desse hadde endra seg i 2017. Til slutt tok eg for meg det som var endra og lagt til i 2017-programmet.

3.2.2 Kvantitativ ordteljing – framgangsmåte

Det vart gjennomført ei ordteljing av dei to partiprogramma ved å bruke ein funksjon i Word som samanliknar to dokument, og som syner endringane mellom dei. Ord som er lagt til vart markert med éin farge, ord som var fjerna med ein anna farge, og ord som var flytta vart markert med overstreking av teksten. Etter å ha samanlikna først prinsippprogramma og deretter handlingsprogramma, blei kvart ord som var lagt til eller fjerna talt.

Alle ord som var lagt til og alle som var fjerna vart talt, også i dei tilfella der det berre var kosmetiske endringar, som til dømes at Frp vart endra til Fremskrittspartiet eller vi, eller friluftareal var bytt ut med friluftarealet. Dette er ei potensiell feilkjelde, men det ville vore problematisk om ein for kvar endring skulle avgjere om den var med eller utan meiningsinnhald. Med omsyn til orda som var fjerna, var det tydeleg at programmet frå 2017 var betre korrekturlest, og at det har vore eit mål å uttrykke seg meir presist. Om ein skal lese noko om vektlegginga av Frp sin politikk ut frå desse endringane, har orda som har blitt fjerna noko mindre vekt enn dei som har blitt lagt til.

3.3 Reliabilitet og validitet

For å sikre god metodisk kvalitet må forskingsprosessen vere prega av openheit og innsyn, ein må jobbe systematisk og grundig, og så godt som mogleg dokumentere dei ulike stega i prosessen. Det er vanleg å nytte dei tre kriteria *reliabilitet* (pålitelegheit), *validitet* (gyldigheit) og *generaliserbarheit* som indikatorar på kvalitet i forskning (Tjora 2012: 202): *Validitet* har å gjere med utval og innsamling av data; det må vere ein logisk samanheng mellom utforminga av prosjektet, funna ein gjer og dei spørsmåla ein ynskjer å finne svar på. *Reliabilitet* handlar om kor pålitelege data er; at det må vere ein intern logikk gjennom heile forskingsprosessen. Begge er viktige omsyn å ta, då validiteten seier noko om i kva grad ein kan trekke gyldige slutningar med bakgrunn i analysen ein har gjort, og reliabilitet seier noko om i kva grad andre vil kome fram til same resultat. *Generaliserbarheit* handlar om i kva grad forskinga og funna er gyldige ut over dei einingane som er undersøkt. Målet med denne analysen er ikkje å kunne generalisere funna til å gjelde andre parti eller andre tidsrom, men å bruke kjente omgrep og teoriar for å forstå, forklare og samanlikne mitt unike case på to ulike tidspunkt.

Når det gjeld i kva grad ein kan lite på funna, må ein ta omsyn til at fullstendig nøytralitet hjå forskaren ikkje er mogleg. Forskaren har kunnskap om og er engasjert i tematikken det blir forska på. I følgje Tjora (2012: 203) kan dette på den eine sida vere støy i prosessen, men det kan også vere ein ressurs, dersom det blir gjort eksplisitt korleis denne kunnskapen blir brukt i analysen. Det må vere innsyn og transparens i heile prosessen. I teoridelen har eg gjort greie for kva sekundærlitteratur som er nytta for å kome fram til idealtypar, og det er desse idealtypene som ligg til grunn for analysen av partiprogramma. Det er vist til sentrale teoriar som eksisterar om Frp. Det kan likevel vere slik at forventningane om kva eg vil finne i partiprogramma kan vere med å påverke analysen. For å motverke denne ulempa, er heile analysen underbygd med sitat frå partiprogramma med sidetal, slik at dei kan sjekkast. I nokre tilfelle i analysen er det *tolkinga* av sitata som utgjer funn, eg har omtala dette som *undertekst*. I desse tilfella har eg vist kva kontekst som ligg føre, som gjer at eg les inn ein undertekst i det som står eksplisitt i programmet. Dette har eg gjort ved å vise til debattar i media, eller til uttaler anten frå partiet sjølve eller frå regjeringa partiet er del av.


Når det gjeld kor gyldige resultata er, er det mange utfordringar knytt til dokumentanalyse og bruk av sekundældata, blant anna val av dokument. Bruk av dokument som datamateriale er sentralt i dei fleste forskingsprosjekt, enkelte gongar som bakgrunnsmateriale, og andre gongar som her, eit reint dokumentstudie der det er partiprogram som er empirien (Tjora 2012: 163). Når det gjeld gyldigheit og om resultata er moglege å etterprøve nemner Bratberg (2014: 73)

fleire grunnleggande utfordringar ved idéanalyse; analysen må vere deduktiv, i det ligg det at idealtypene må vere etablert på førehand, *før* du gjer analysen. Idealtypene må i tillegg bygge på anna materiale enn det som skal analyserast, altså sekundærlitteratur. Begge delar ligg føre i denne oppgåva.

Bratberg (2014: 74) diskuterer til slutt korleis *tolke* samanlikna med det å *telje*, når ein skal analysere idéar og ideologi. I analysen min var der heile vegen element av *tolking* av dei ulike formuleringane, særleg i dei tilfella der formuleringane var vage og lite presise, og i dei tilfella der det var *underteksten* som utgjorde funn. Det er ei fare for at eg overdriv funna på bakgrunn av det eg *trudde* eg ville finne. Om det er for stor grad av tolking, vil det vere vanskeleg for andre å gjenta den same analysen, noko som svekker reliabiliteten. «Den viktigste kilden til høy gyldighet er at forskningen pågår innenfor rammene av faglighet, forankret i relevant annen forskning», skriv Tjora (2012: 207). Dette, saman med at eg har vore tydeleg på vala eg har gjort og metodane eg har nytta undervegs, styrkjer validiteten i funna mine.

3.4 Presentasjon av case – Framstegspartiet

Oppslutning i prosent og antall stortingsrepresentanter:
Fremskrittspartiet



Grafikken ovanfor er henta frå valforskar Bernt Aardal (Aardal 2018) si heimeside, og viser Frp sin oppslutnad i prosent, samt tal stortingsrepresentantar frå partidanninga i 1973 og fram til stortingsvalet i 2017. Alle valresultat og mandattal vist til vidare i denne delen av oppgåva, er henta frå Aardal sine tabellar.

Ifølgje Jupskås (2016a: 159) er Frp eit av dei eldste og mest suksessrike høgrepopulistiske partia i Europa i dag.

Jeg satt på balkongen, og nede på scenen var hovedpersonen selv: Anders Lange. En eldre, og sett fra balkongen, liten kar, som godslig vandret frem og tilbake. Hvit i håret. Med mørk dress og tversoversløyfe – og brillene i en snor rundt halsen. Og han talte. Anders Lange var kanskje den siste virkelige folketaler i Norge. Han hadde en røst som en prest, kraftig og myndig og et klart stålsatt blikk! Han trollbandt salen i langt over en time med kritikk

av skatter, avgifter og offentlige inngrep og det var mange kjente politikere han drev harselas med.

- Skal vi danne parti? Ropte Anders. Ja! Ljomet det fra salen, inkludert meg selv. Carl I. Hagen (i Iversen 1998:9).⁵

Ovanfor finn du Carl Ivar Hagen si skildring av møtet på Saga Kino då partiet vart danna, 8. april 1973. Partiet heitte først *Anders Langes Parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige utgifter* (ALP), kalla opp etter partiet sin første formann. Møtet hadde 1400 deltakarar, og vart i media omtala som eit politisk vekkingssmøte (Ringheim 2016: 12). Frp, eller det som var den direkte forløparen til Frp, slo gjennom i 1973, nærast over natta. I sitt første stortingsval fekk partiet uventa heile 5 prosent oppslutnad, og med det fire mandat inn på Stortinget. Årsakene til gjennombrøtet blir av Jupskås (2012: 30) summert opp med fire sentrale faktorar: skatteprotest, personen Anders Lange, fjernsynet si rolle samt etterdønningar etter folkerøystingane om norsk EF-medlemsskap, og den uroa det skapte i det norske partisystemet.⁶

Allereie i sitt første år opplevde partiet den første av tre splittingar, der Carl I Hagen, utan særleg suksess, braut ut og etablerte Reformpartiet (Jupskås 2016a: 162). Oppslutninga om partiet dalte raskt etter gjennombrøtet, og ettersom Lange sjølv kalla partiet sitt for eit anti-parti, og heller ikkje jobba for å etablere eit meir tradisjonelt politisk parti, var det i starten meir ei laust organisert rørsle. Då Lange uventa døde i 1974, var det Hagen som var vara til stortingsplassen hans, og dei to fraksjonane vart etter kvart slått saman igjen. Lange var ein politisk outsider, med bakgrunn frå Fedrelandslaget i mellomkrigstida (Jupskås 2016a: 161). Gjennom både dei tidlege åra og seinare i partiet si historie har slike krefter effektivt blitt ekskludert frå partiet, noko Bergmann (2017: 140) meiner har vore avgjerande for partiet sin suksess: «Several extreme right-wing and outright neo-Nazi forces attempted to assume control over the party at its embryo stage. Vitally for the party's existence, the most aggressive were excluded from ALP already in late 1974». I 1977 endra partiet namn til Fremskrittspartiet, og i 1978 tok Hagen over som partiformann. Frp fekk berre 1,9 prosent ved valet i 1977, og med det ingen mandat på Stortinget.

I 1981 fekk Frp inn fire stortingsrepresentantar, noko som blir kalla partiet sitt andre gjennombrøt. Etter kvart endra partiet seg frå å vere eit skatteprotestparti med ein ny-

⁵ Sitatet er henta frå innleiingskapittelet som Hagen har skrive i boka *Fra Anders Lange til Carl I. Hagen. 25 år med Fremskrittspartiet* (Iversen 1998).

⁶ Jupskås baserer denne oppsummeringa på ein artikkel av Tor Bjørklund: «Om Anders Lange og idèen om et nytt parti», i *Historisk Tidsskrift* nr 79:4, 435-456.

liberalistisk populistisk agenda, til å ha fleire saker. Partiet sette særleg innvandringspolitiske spørsmål i fokus (Jupskås 2016a: 169). Vala i 1987 og 1989 har blitt kalla dei første innvandringsvala, der FrP ifølgje Iversen (1998: 151) med vilje og påfølgjande suksess sette svake grupper som innvandrarar og flyktingar opp mot eldre og funksjonshemma. Det kjende Mustafa-brevet, som Hagen leste opp i valkampen i 1987, markerte eit skilje i norsk innvandringsdebatt. Brevet hevda ifølgje Iversen (1998: 168) mellom anna at moskear snart ville vere like vanlege som kyrkjer, og at Noreg snart ville vere muslimsk. Trass i at det raskt kom fram at brevet ikkje var ekte, noko Hagen mottok massiv kritikk for, var innvandring no godt etablert på dagsorden i norsk politikk, og i sum tente Frp på saka. Eit anna aspekt verd å merke seg ved Frp si historie, er at dei ifølgje Raknes (2012: 129) aldri møtte ein koordinert aksjon for å halde dei utanfor makt og påverknad, slik som fleire andre høgrepopulistiske parti opplevde. Allereie etter lokalvalet i 1987 inngjekk Frp fleire samarbeid på lokalt plan.

På byrjinga av 1990-talet vart dei ideologiske spenningane som eksisterte i partiet tydelege, og den andre splittinga fann stad i 1994. På dette tidspunktet eksisterte det tre ulike fløyer i partiet. På landsmøtet på Bolkesjø enda konflikta med at den nasjonalistiske og den kristen-konservative fløya ekskluderte den liberale fløya. Den liberale fløya hadde ut over 1980-talet dominert partieliten, og mellom anna fått gjennomslag for å fokusere mindre på anti-innvandringslinja, og meir på meir klassiske liberale saker (Jupskås 2016a: 175). Dette straffa seg ved valet i 1991, då partiet meir enn halverte oppslutninga si. Etter splittinga vart fokuset på innvandring igjen sterkt. Faktisk så sterkt at enkelte politiske kommentatorar igjen refererte til Frp som eit eitt-saksparti (Jupskås 2016b:172). Det var på denne tida at Frp først sette kulturforskjellar på dagsordenen. «Rhetorically fuelled by a language of ethnicity and ethnic difference, prevention of conflicts between Norwegians and immigrants, and within and between immigrant communities, was incorporated into the rationale of Progress Party policies» (Hagelund 2003: 55). Med dette gjekk Frp frå å problematisere den økonomiske kostnaden ved innvandring, til å også fokusere på kva innverknad innvandring ville få på den norske kulturen. Bergmann (2017: 143) skildrar endringa slik: «This was a classic nationalist ethno-pluralist doctrine, emphasizing the importance of keeping nations separate, without openly claiming any sort of superiority».

Ut over 1990-talet fekk Frp eit meir positivt syn på velferdsstaten. Dilemmaet mellom den tradisjonelle kampsaka om låge skattar og ønsket om gode velferdsordningar løyste partiet ifølgje Bergmann (2017: 143) med ein enorm vilje til å bruke oljepengar, og med at velferdsstaten skulle vere for norske nordmenn. Dette er eit uttrykk for klassisk

velferdssjåvinisme, eit omgrep introdusert av Goul Anderssen og Tor Bjørklund (2000), som forska på det danske og det norske Framstegspartia. Ifølgje Widtfeldt (2015: 89) vart velferdssjåvinisme vanleg blant dei fleste av dei høgrepopulistiske partia i Europa på denne tida, men berre i Noreg kunne ein løyse dilemmaet mellom skattekutt på den eine sida og gode velferdsordningar på den andre sida med ei norsk særordning: «Fremskrittspartiet began to argue that the oil money should be used to found improvements in the welfare, health-care and pension systems». Denne tilnærminga har blitt kalla *petroleumspopulisme*. Sjølv om partiet var ideologisk meir samla etter den andre splittinga, har Heidar og Saglie (2002: 130) vist at partiet framleis bestod av ulike fraksjonar; ein liberal fraksjon; og ein meir nasjonalistisk og velferdssjåvinistisk fraksjon.

Tidleg på 2000-talet fann den tredje, og så langt siste, splittinga stad. Denne gongen handla det meir om partistrategi enn om ideologi (Jupskås 2016a: 163). Partieliten ynskte å søke regjeringsmakt og byggje alliansar, medan ein mindre fraksjon i stortingsgruppa ynskte å halde fram som eit tydeleg opposisjonsparti. Striden enda med både ekskluderingar og aktive utmeldingar. Innvandringssaka vart tona ned, og i partiprogrammet bytte ein ut det kontroversielle ordet *fjernkulturelle* med det meir nøytrale *utlendingar*, dessutan vart utsegn som kunne tolkast som biologisk rasisme fjerna (Jupskås 2016b: 173). I 2006 tok Siv Jensen over som partiformann etter Carl Ivar Hagen, og partiet vart tatt inn i den politiske varmen. Prosessen skjedde gradvis, og vart leia med stødig hand av Jensen (Ringheim 2016: 225-235). Ho stabiliserte partileiinga, og sette i gang eit omfattande skuleringsprosjekt med tanke på framtidig deltaking i regjering. Unge, talentfulle Frp-arar vart tekne inn på opplæring i Stortinget, krava til at stortingspolitikarane var fagleg oppdaterte auka, og partiet utvikla ei profesjonell og effektiv kommunikasjonsavdeling som handterte media. Partiprogrammet vart meir omfattande, og sosioøkonomiske spørsmål utgjorde etter kvart om lag halvparten av programmet, som gradvis vart meir likt programma til dei andre politiske partia (Jupskås 2015: 57). Frp sin retorikk i innvandringsdebatten vart stadig meir anti-muslimsk, med koplingar mellom muslimsk innvandring og terrorisme, fokus på muslimsk innvandring som ei byrde for velferdssystemet og som ein trussel mot norsk kultur (Bergmann 2017: 146). I valkampen i 2009 var innvandring det viktigaste temaet for Frp, og Siv Jensen åtvare mot *snikislamifisering* av samfunnet (Jupskås 2015: 68). Partiet gjorde sitt beste val nokon sinne, med 22,9 prosent av røystene og 41 stortingsmandat, men det var dei raud-grøne partia som vann valet og fekk fire nye år i regjering.

Siv Jensen gav ikkje opp regjeringsprosjektet med dette, og ein viktig grunn til at ho til slutt lukkast, er truleg at personkjemien mellom leiarane på borgarleg side fungerte betre når ein ny generasjon tok over leiarskapet i partia. Dei borgarlege partia samarbeida i stortingskomiteane og jobba fram fleire kompromiss i denne perioden. Slik var grunnlaget for ein felles regjeringsplattform rydda (Ringheim 2016: 280). Sjølv om Høgre i løpet av perioden igjen overtok som det største partiet på borgarleg side, gjorde Frp eit godt val i 2013, og fekk 16,3 prosent oppslutnad. Dei borgarlege partia fekk fleirtal, og regjeringsdraumen vart oppfylt. Høgre gjekk i regjering saman med Frp, medan sentrumspartia Venstre og KrF valde å stå utanfor og danne parlamentarisk grunnlag for Erna Solberg si regjering gjennom ein samarbeidsavtale. Frp var dermed det fjerde høgrepopulistiske partiet i Europa til å kome i regjeringsposisjon. Tidlegare hadde dette berre skjedd i Italia, Austerrike og Sveits (Raknes 2012: 156).

Jupskås (2016b: 184) har skildra Frp si rolle i dei første åra i regjering slik: ‘one foot in, one foot out’. Partiet har vore tydeleg på at det er eit skilje mellom Frp i regjering, og Frp på Stortinget. Stortingsgruppa er valde inn på bakgrunn av Frp sitt partiprogram, og kan difor vere usamde med si eiga regjering i saker der regjerings-Frp har inngått kompromiss. Statsminister Erna Solberg har akseptert denne strategien, og det har blitt omtalt som *den solbergske parlamentarismen* (Clemet 2018, Stanghelle 2017). Denne strategien, saman med flyktningkrisa som råka Europa i 2015, og ein rekordhøg bruk av oljepengar er ifølgje Snoen (2017) vanlege forklaringar på at Frp totalt sett gjennom stortingsperioden ikkje opplevde særleg regjeringsslitasje. I staden auka dei oppslutnaden sin frå låge 9,5 prosent i lokalvalet i 2015 til 15,2 prosent ved stortingsvalet i 2017, berre ein drøy prosent ned frå valet i 2013.

Det første partiprogrammet til Frp kunne knapt kallast eit partiprogram. Det bestod av ei liste med 16 punkt om alt *vi er lei av*, som skattar og avgifter, offentlege reguleringar, trygder, ein stivbeint alkoholpolitikk, politisk pampevelde og u-hjelp (Ekeberg og Snoen 2001: 129). Utviklinga frå å vere eit einsaksparti som mobiliserte einssidig på nedsetjing av skattar og avgifter, til å bli eit tydeleg fleirsaksparti, ser ein manifestert gjennom partiprogramma, som i dag er omfattande dokument med ein heilskapleg politikk. (Jupskås 2015: 48).

4.0 Analyse og drøfting av problemstillinga

4.1 Introduksjon

Partiprogrammet til Frp er sett saman av eit kort prinsippprogram og eit langt og detaljert handlingsprogram. Prinsippprogrammet vedteke i 2013 er på 13,5 sider, medan det i 2017 er kutta til litt over 12 sider. Kapittelstrukturen er ikkje endra, begge programma har 15 delkapittel:

Innholdsfortegnelse

Ideologisk grunnlag	2
Fremskrittspartiets prinsipper	2
Markedsøkonomi for velstand og et fritt næringsliv	3
Demokrati	4
Toleranse	4
Frihet	4
Personlig frihet og personvern	4
Eiendomsrett	5
Ytringsfrihet	5
Religionsfrihet	5
Valgfrihet	5
Statsstyret	5
Lokalt selvstyre	6
Folkeavstemning	6
Likestilling	6
Kirke og stat	6
Frivillige organisasjoner	6
Energi	6
Miljø og klima	7
Trygghet for liv og eiendom	7
Norge og verden	8
Forsvar og sikkerhet	8
Familiepolitikk	9
Helse og omsorg	10
Arbeid og velferd	10
Utdanning og forskning	10
Transport og kommunikasjon	11
Kultur og idrett	12

Skjermdump frå programmet vedteke i 2017, som viser dei ulike kapitla. Einaste endring er at det tredje kapitlet i 2013 heitte *Markedsøkonomi for fritt næringsliv og velstand*, altså ei kosmetisk endring.

Handlingsprogrammet vedteke i 2013 er på 86 sider, medan det i 2017 er auka til 90 sider. Kapitla har følgjande rekkjefølgje og tema: *Demokrati, Markedsøkonomi, Energi, Miljø, Trygghet for liv og eigeendom, Norge og verden, Innvandringspolitikk, Forsvar, Familiepolitikk, Helse og omsorg, Arbeid og velferd, Skole og utdanning, Transport og kommunikasjon, og Kultur og Idrett*. I 2013 har programmet eit siste kapittel med tema *Samepolitisk program*, dette er fjerna i 2017.⁷ Denne endringa er av verdi med tanke på mi problemstilling, og eg kjem tilbake til denne.

Etter ei gjennomlesing av prinsippprogramma, var fyrsteintrykket at det som i størst grad gjennomsyrrar dei, er den *liberalistiske* ideologien til Frp, med ei sterk vektlegging av

⁷ I tillegg har to kapittel endra overskrift, frå *Utdanning* i 2013 til *Skole og utdanning* i 2017, og frå *Forsvar* i 2013 til *Forsvar og sikkerhet* i 2017. Dette er presiseringar av innhaldet, altså berre kosmetiske endringar.


enkeltindividet sin fridom og med dét mest mogleg valfridom og minst mogleg statleg innblanding. Også Frp si kjernesak om lågare skattar og avgifter gjennomsyrrar store delar av prinsippprogramma. Dei populistiske trekka var meir iaugefallande enn dei nativistiske, noko som ikkje var overraskande. Partiet sitt slagord er tross alt *For folk flest*, og som vist i gjennomgangen av partihistoria til Frp, kan delar av partiet sin suksess og vekst forklarast med at dei har greidd å tone ned dei nativistiske, negativt lada trekka. Personar i partiet som har vore uttalt rasistiske har blitt ekskludert. Det er elles interessant at prinsippprogramma ikkje har eit eige kapittel om innvandringspolitikk, slik som i handlingsprogramma. I prinsippprogramma er innvandring og integrering plassert som del av Noreg sitt forhold til resten av verda, under overskrifta *Norge og verden*. Etter å ha samanlikna prinsippprogramma frå 2013 og 2017, var hovudintrykket at store delar er uendra.

Dette inntrykket vart også bekrefta av den kvantitative analysen min. Ei ordteljing av kor mange ord som var lagt til, fjerna og flytta på viste at store delar av prinsippprogrammet var uendra. Dette er som forventa, i og med at prinsippprogrammet inneheld verdigrunlaget til partiet, og dermed er meir stabilt og varig enn handlingsprogrammet. Dei delane som har blitt endra, er i størst grad *Norge og verden*, som inneheld innvandringspolitikken, *Utdanning og forskning* og *Trygghet for liv og eiendom*, som har relativt stor plass i partigrammet, men også *Frivillige organisasjonar* og *Folkeavstemning*, som berre er korte avsnitt, men har blitt mykje endra. Alle desse områda interessante tema knytt til nativisme og populisme. Avsnittet *Frivillige organisasjonar* kan rett nok berre indirekte knytast til nativisme, i det at vi veit at Frp i regjeringsperioden har kuttet i statsstøtta til mange frivillige organisasjonar, mellom anna organisasjonar som jobbar for rettstryggleiken til asylsøkarar (NOAS 2014, Haug 2017). Dermed *kan* dette lesast som eit ledd i Frp sin politikk for å avgrense innvandringa i størst mogleg grad.

Elles fann eg nativisme nedfelt i form av velferdssjåvinisme som atterhald til den økonomiske liberalismen, og i form av at valfridom må vike i møte med integrering. Det blir framheva at grunnplankane i innvandringspolitikken er å stille krav, samt å likebehandle alle, og at ein skal velje ut kvoteflyktningar som er lette å integrere. Verken samar, innvandrarar eller andre minoritetar skal få særrettar, det er ei tydeleg understreking av behovet for ein streng innvandringspolitikk og raskare behandling av søknadar om asyl. Partiet har i 2017 programfesta å tillate dobbelt statsborgarskap, og formuleringa har blitt ein nyanse sterkare når det gjeld forbod mot hijab i grunnskulen. Oppsummert er det nativisme nedfelt i prinsippprogrammet i synet på innvandring og integrering, og i Frp sitt syn på samane. Det er

ikkje samankoplingar mellom innvandring og kriminalitet/terror, og berre ein vag undertekst av islamofobi i kravet om forbod mot hijab i grunnskulen.

Figur 3: Prinsippprogram – oppsummering av ordteljing som viser endringar frå 2013 til 2017




Den blå søyla viser kor mange ord kvart kapittel består av, som at kapitla om *Transport og kommunikasjon* og *Markedsøkonomi for velstand og et fritt næringsliv* er dei to største kapitla. Dei oransje søylene viser ord som er lagt til i kvart kapittel, med den grå søyla viser ord som er fjerna.

Populisme er nedfelt allereie i det første kapittelet i prinsippprogrammet, *Ideologisk grunnlag*: «*Fremskrittspartiets ideologiske grunnlag, liberalismen, tar utgangspunkt i at folk selv er bedre i stand enn politikerne til å bestemme hva som er best for seg og sine*», og vidare «*Makt bør overføres fra politikerne til folk flest*» (Frp 2013a: 2, Frp 2017a: 2). Dette er to heilt sentrale populistiske særtrekk, eliteskepsis, og ei understreking av at det er folk flest som veit best, då det er *dei* som kan representere den allmenne folkeviljen. Når det gjeld to andre populistiske særtrekk, krav om direkte folkerøysting og euroskepsis, fann eg endringar frå 2013 til 2017. Populismen er styrkt i det at partiet har programfesta sin motstand mot norsk medlemskap i EU. Tidlegare har Frp vedtatt at partiet skulle følgje folkeviljen i ei folkerøysting for eller mot medlemskap. Det andre hovudpunktet innanfor populisme, nemleg kravet om direkte demokrati i form av folkerøysting, er til ei viss grad svekt. Frp skal ikkje lenger følgje folkeviljen i EU-spørsmålet, og folkerøystingar skal generelt ikkje lenger vere bindande.

Etter første gjennomlesing av handlingsprogramma var hovudintrykket at dei populistiske trekka ikkje er så tydelege, berre ei utdjuping av dei trekka eg fann i prinsippprogrammet. Ein tanke som slo meg tidleg gjaldt den sentrale plassen *liberalismen* har i Frp sin ideologiske plattform. Ein kan lese den sterke trua på enkeltindividet og den store skepsisen til staten og til offentleg innblanding som ein form for eliteskepsis, på den måten støttar liberalismen opp under populismen, eller rettare, populismen er ein del av liberalismen i Frp. Når det gjeld dei nativistiske trekka, kjem desse tydeleg meir til syne i handlingsprogramma enn i prinsippprogramma. Særleg pregar nativismen kapittelet om *Trygghet for liv og eiendom*, og den pregar, ikkje uventa, store delar av kapittelet *Innvandring*. Under kapittelet *Arbeid og velferd* er det mange døme på velferdssjåvinisme – altså økonomisk nativisme. Det er vanskeleg å argumentere for at den velferdssjåvinistiske tankegangen er tydeleg og gjennomsyrrar handlingsprogrammet når det er snakk om velferdstenester, men *underteksten* i mykje av det som handlar om velferdstenester er nativistisk.

Endringane i handlingsprogrammet var mykje større enn i prinsippprogrammet. I motsetnad til i prinsippprogrammet, er det er gjort endringar i *alle* kapitla i handlingsprogrammet, noko som er naturleg i og med at handlingsprogrammet tek for seg dei konkrete sakene partiet vil fokusere på i komande stortingsperiode.

Figur 4: Handlingsprogram – ordteljing som viser endringar frå 2013 til 2017



Den blå søyla viser kor mange ord kvart kapittel består av. Dei oransje søylene viser ord som er lagt til i kvart kapittel, med den grå søyla viser ord som er fjerna. Den gule linja viser prosentvis endring.

4.1 Nativisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2013

Om ein kan seie at nativismen er kjernen i den høgrepopulistiske ideologien, er den *kulturelle nasjonalismen* kjernen i nativismen. Hjø Frp finn ein eit uttrykt ynskje om ein homogen nasjonalstat, og det er svært sentralt for partiet å ta vare på den norske kulturen og den norske nasjonen. Frp definerer *den norske kulturen* vagt. I handlingsprogrammet er norsk kultur definert i det siste kapittelet, *Kultur og idrett*: «Kultur er et vidt begrep som omfatter alt som kjennetegner nasjonen og folket. Den norske kulturen er resultatet av de valg og verdier man har samlet seg om, åndelige og materielle. Det er en viktig oppgave å verne om vår norske kulturarv (Frp 2013b: 79)». Det er ifølgje Mudde (2007) eit typisk nativistisk trekk at fokuset ligg på kva som *ikkje* er del av den ekte og opphavslege kulturen, medan ein er vage når det gjeld å definere kva den *er*. I handlingsprogrammet er det ei presisering som ikkje er i prinsippprogrammet, i form av at det er eit uttalt ynske om å ikkje *utvide* kva som er del av den norske kulturen:

Det er viktig å ivareta norsk kultur og kulturarv. Integrasjon av uttrykk fra andre kulturer bør foregå i et naturlig tempo og bør ikke være en offentlig oppgave. Norsk kultur lever i naturlig samspill med andre kulturer og trenger derfor ikke politisk vedtatte stimuli for å ta til seg nye impulser – de blir best tatt imot når de ikke blir forsert inn (Frp 2013b: 86).

4.1.1 Innvandringspolitikk

Med bakgrunn i idealtypen av nativismen etablert i teoridelen, er det naturleg å først og fremst sjå etter nativismen hjå Frp i dei delane av partiprogrammet som handlar om innvandringspolitikken og integreringspolitikken. Den norske staten sin politikk ovanfor innvandrarak er todelt. Det første området gjeld kven som skal få kome til Noreg som innvandrarak. Her er det ulik politikk i høve til ulike grupper, nemleg asyl- og innvandringspolitikk, familesameiningspolitikk og politikk knytt til arbeidsinnvandring. Det andre hovudområdet er integreringspolitikken, som handlar om korleis ein møter dei som får bli i landet. Her kan ein tenke seg ein skala der det eine ytterpunktet er assimilering, og det andre ytterpunktet er integrering i form av multikulturalisme. Ulike syn på kva som ligg i dette sentrale omgrepet kjem eg tilbake til i avsnitt 4.1.2.

I FAFO-notatet *Innvandring og det flerkulturelle samfunnet* (Djuve & Friberg 2004: 11) blir innvandringspolitikken i Norge omtalt som ein portvaktfunksjon, med regelverk og praksis på kven og kor mange innvandrarak som får kome. Frå innvandringa til Noreg skaut fart på 1960-

talet har det vore endringar både når det gjeld innvandring og integrering. Innvandringspolitikken har vore prega av ei viss innstramming, og integreringsprosessen av meir aktive strategiar for å kvalifisere innvandarane til å delta i samfunnet, og av ei sterkare vektlegging av innvandarane sine plikter i integreringsprosessen. Det er interessant å leggje merke til at desse endringstendensane var i gang lenge før Frp tok over ansvaret for innvandringspolitikken i 2013.

Dei gruppene som Frp er mest opptatt av å anten ekskludere eller assimilere, er menneske som kjem til Noreg anten som asylsøkjjarar, flyktingar eller som ledd i familiesameining. Frp har hatt innvandring som ei av sine kjernesaker heilt sidan slutten av 1980-talet, og seinast i valkampen i 2017 viser valundersøkinga at innvandring er den viktigaste saka for kvar fjerde veljar. Heile 70 prosent av Frp-veljarar hadde dette som viktigaste sak då dei stemte (SSB 2017b). Frp vil føre ein streng og restriktiv innvandringspolitikk som i størst mogleg grad hindrar innvandring, og såleis tek vare på den homogene nasjonen. Simonnes (2011) har i si masteroppgåve *En analyse av endringer i Høyres, Arbeiderpartiets og Fremskrittspartiets innvandrings- og integreringspolitikk frå 1985 til 2009* studert Frp sine partiprogram på innvandringsfeltet. Ho dekker perioden frå like før Mustafa-brevet og Frp sitt andre gjennombrøt i 1987, og fram til det siste partiprogrammet før 2013, der mi analyse startar. Simonnes (2011) viser at Frp tidleg på 1990-talet tok i bruk det ho kallar ein kulturell konfliktargumentasjon, der partiet forsvare ein restriktiv innvandringspolitikk med at møtet mellom kulturar vil føre til eit høgare konfliktnivå. Frp vidareførte samtidig dei økonomiske argumenta dei hadde nytta så langt, innvandring måtte avgrensast slik at presset på den norske velferdsstaten ikkje skulle bli for stort. Desse to argumenta ligg til grunn for Frp sin politikk knytt til alle grupper av innvandarar. Simonnes viser vidare at konfliktperspektivet kom særleg tydeleg til syne i programmet vedteke i 2005, der Frp for første gong eksplisitt knytte innvandring direkte opp mot kriminalitet.

Når det gjeld familiesameining, viser Simonnes at Frp har stramma inn på dette området for kvart einaste program dei har vedteke sidan 1993. Dei har i tillegg forflytta seg frå å godta familieinnvandring så lenge det ikkje inneber ei økonomisk byrde for den norske staten, til å berre godta familieinnvandring dersom ein kan påvise *kulturell tilhøyrse* til Noreg (Simonnes 2011: 59). I 2009 innførte dei også kravet om at familieinnvandarar må gjennomføre ein språk- og kunnskapstest for å få familiesameining. Når det gjeld asyl- og flyktingpolitikk har Frp også stramma inn for kvart nye program i perioden. I 2009 opna Frp for første gong for å plassere asylsøkarane i *lukka mottak* medan søknadane blir handsama. I same partiprogram fann

ho også nye formuleringar som at innvandring frå land *utanfor den vestlege kulturkrinsen* må avgrensast kraftig, og at utveljing av kvoteflyktingar må gjerast ut frå *integreringspolitiske omsyn* (Simonnes 2011: 64).

Simonnes viser altså at Frp sin innvandringspolitikk har blitt stadig meir restriktiv, og at argumentasjonen bak har fått stadig sterkare nativistiske trekk, mellom anna i det at partiet ser på møtet mellom kulturar som konfliktskapande. I tillegg til den økonomiske og den kulturelle grunngevinga som Simonnes viser, nyttar Frp i dag eit tredje argument, nemleg at innvandring representerer ein tryggingssisiko. Dette syner seg i form av at dei direkte eller indirekte knyter innvandring til kriminalitet og auka risiko for terror.

Av dei få endringane som er gjort i prinsippprogrammet frå 2013 til 2017, gjeld ei av dei innvandringspolitikken. I 2013 fann eg denne omtalen av innvandringspolitikk:

Flere tiår med en sosialdemokratisk integreringspolitikk som passiviserer og ikke stiller krav til mennesker som kommer til Norge, har skapt sosiale problemer og uheldige kulturelle spenninger i samfunnet. På grunn av dette kan man ikke videreføre dagens naive og uansvarlige innvandringspolitikk. Norsk innvandringspolitikk må legges om, og man må sørge for at innvandrere integreres i det norske samfunnet, og at de respekterer de grunnleggende frihetsverdier Norge bygger på (Frp 2013a: 8).

I 2017 er dette erstatta av følgjande:

Norsk innvandringspolitikk skal være streng og rettferdig. Den skal sørge for at innvandrerne raskt integreres i det norske samfunnet og at de respekterer de grunnleggende frihetsverdier Norge bygger på, slik at passivitet, sosiale problemer og kulturelle spenninger unngås (Frp 2017a: 8).

Sjølv om formuleringane er ulike, kjem konfliktperspektivet tydeleg fram i begge. Kulturmøte er noko som skapar spenning og konflikt. I 2017 er det framheva at innvandarane ikkje berre må integrerast, men det må skje *raskt*. Innvandarane må i svært stor grad tilpassar seg dei norske verdiane, altså assimilerast. I det nye programmet uttrykker Frp seg meir presist og konkret. Formuleringa frå 2013 om ein *sosialdemokratisk, naiv og uansvarleg innvandringspolitikk som passiviserer og ikke stiller krav* er fjerna. Dette kan ein tolke som at fire år med regjeringsmakt har påverka den populistiske retorikken til ei viss grad; den er svakare.

Kapittelet *Innvandring* har i 2013 ein kort introduksjon, der Frp gjer greie for korleis dei definerer sentrale omgrep:

Med innvandrere forstår vi personer som kommer til Norge for å søke langvarig opphold. Med flyktninger forstår vi personer som tilfredsstillter de krav som FNs flyktningkonvensjon stiller for å gi rett til opphold i Norge. Asylsøkere er mennesker som selv oppsøker Norge for å søke asyl. Asylsøkere som får avslag, er å betrakte som ulovlige innvandrere. Personer som får oppholdstillatelse som et ledd i familiegjenforening eller på humanitært grunnlag, er etter Fremskrittspartiets oppfatning ikke flyktninger, men innvandrere (Frp 2013b: 37).

Samanlikna med andre definisjonar av dei same omgrepa, ser vi at Frp sine definisjonar er strenge. Asylsøkarar med avslag blir stempla som kriminelle, og omgrepet flyktning er smalt definert.

Vidare i programmet følgjer eigne avsnitt om *Sosiale ytelser*, *Familiegjenforening*, *Arbeidsinnvandring*, og *Flyktninger og Asylsøkere*. Familiesameining gjeld alle desse innvandringsgruppene.⁸ Frp vil ha svært strenge avgrensingar på dette området, og dei stiller strenge krav til dei som får kome:

Muligheten for familieinnvandring begrenses til ektefelle over 24 år og egne barn under 18 år. (...). Familieinnvandring for ektefelle skal bare kunne innvilges hvis paret ikke har større samlet tilknytning til noe annet land enn til Norge. (...). Voksne som søker om familiegjenforening, må ha opparbeidet seg tilfredsstillende kunnskaper om norsk språk og samfunnsliv (...) før søknad om familieinnvandring kan behandles. Personer fra EØS og enkelte andre land kan gis unntak fra skjerpede krav til familieinnvandring (Frp 2013b: 38).

Nativismen her ligg i dei svært restriktive krava for å kunne søke om familiesameining, og i det at Frp opnar for særbehandling av personar frå EØS-land, land med ein meir lik kulturbakgrunn som nordmenn. Dei skiljer mellom *oss* og *dei andre*.

Under avsnittet *Flyktninger* fann eg følgjande formuleringar:

⁸ «Familieinnvandring kalles også familiegjenforening eller familieetablering. De som søker om familieinnvandring er vanligvis ektefelle, samboer eller barn av en som bor i Norge. Andre typer familiemedlemmer som kan søke er foreldre som har barn i Norge, de som skal gifte seg med en i Norge (forlovede), fosterbarn og helsøsken» (UNE 2018).

Fremskrittspartiet vil at Norge skal oppfylle sine internasjonale forpliktelser og hjelpe flyktninger. Flyktninger kan imidlertid best hjelpes i sine geografiske og kulturelle nærrområder. I stedet for å ta mange til Norge bør vi i større grad bidra til å dekke utgiftene til flyktningeleirer i flyktningenes egne nærrområder. Ved å øke bidraget i nærrområdene fremfor å bosette flyktninger i Norge vil vi kunne gi hjelp og trygghet til langt flere mennesker. (...) Integreringspolitiske hensyn bør legges til grunn ved eventuell utvelgelse av kvoteflyktninger (Frp 2013b: 38).

Kulturperspektivet er tydeleg, i det ein vektlegg at ein bør hjelpe i kulturelle nærrområde, og i det sterke ønsket om å hjelpe flyktningane der dei er, i staden for at dei skal få kome til Noreg. Underteksten bak formuleringa *integreringspolitiske hensyn* kan også lesast som at dei vil føretrekkje menneske med likast mogleg kulturbakgrunn, sjølv om det nok også ligg omsyn som at det skal vere enkelt å få dei ut i arbeid, og liknande argument.

Neste avsnitt gjeld *Asylsøkere*. Innleiingsvis er følgjande formulering: «*Det er grunn til å frykte at en fortsatt innvandring av asylsøkere, av bare tilnærmet det omfang som man har hatt i de senere år, vil føre til alvorlige motsetninger mellom folkegrupper i Norge*» (Frp 2013b: 38). Heilt eksplisitt uttrykkjer Frp her synet sitt på møte mellom kulturar. Innvandring er noko ein må frykte, då det er både farleg og konfliktskapande. Alvorlege konflikhtar vil oppstå mellom ulike folkegrupper. Kulturblanding er ikkje bra. Dette er eit klassisk nativistisk trekk. Vidare står det at:

(...) Asylstatus skal bare innvilges etter individuell behandling og grundig vurdering av søknader, og skal som hovedregel kun lede til midlertidig opphold. Ankemuligheter for avslag om opphold skal i hovedsak begrenses til en ankeinstans. For å ivareta sikkerheten knyttet til asylsøkere, bør det åpnes for bruk av lukkede asylmottak. (...) Asylsøknader bør behandles i løpet av maksimalt seks måneder, og asylsøkere skal sitte i lukkede asylmottak eller i asylmottak i et land i nærområdet i påvente av avklart identitet. (...). Å oppgi falsk identitet overfor norske myndigheter er å anse som en kriminell handling som kvalifiserer til utvisning. Tvungen retur av asylsøkere med avslag kan finne sted til opprinnelseslandet, antatt opprinnelsesland eller et annet land i den regionen vedkommende antas å ha kulturell tilknytning til (Frp 2013b: 39).

Den sterke vektlegginga av det kulturelle aspektet er eit tydeleg nativistisk trekk, og her er det også sterke element av ekskluderande nasjonalisme. Innvandringspolitikken skal vere så streng og restriktiv som mogleg, og hovudregelen skal vere at det berre blir gitt midlertidig

opphaldsløyve. Ein kan lese ein undertekst der asylsøkarar som gruppe blir stempla både som kriminelle og som ein tryggingssisiko: Asylsøkarar er så farlege at dei kan internerast utan lov og dom. Rettstryggleiken gjeld ikkje for alle, og det at ein kan behandle *dei andre* annleis enn *oss* er eit sentralt nativistisk trekk.

Siste avsnitt tek føre seg *Arbeidsinnvandring*:

I utgangspunktet bør Norge dekke behovet for arbeidskraft innen egen befolkning. Dette kan man sørge for ved å lage ordninger som stimulerer folks vilje til å arbeide, for eksempel ved å sette ned skattetrykket og få flere trygdete ut i arbeid. Behov utover dette kan i stor grad dekkes gjennom arbeidskraft fra EØS-området. Det bør også være mulig å hente arbeidskraft utenfor EØS-området, primært basert på tidsavgrensede kontrakter (Frp 2013b: 38).

Også med omsyn til arbeidsinnvandring, er altså Frp tydelege på at ein helst bør dekke behovet for arbeidskraft gjennom å stimulere *nordmenn* til å jobbe meir. Behov ut over dette bør ein dekke gjennom å hente arbeidskraft frå land som er *kulturelt og geografisk nær oss*, og behov ut over dette igjen må avgrensast. I heile innvandringspolitikken sin har Frp mange og strenge tiltak for å setje grenser for innvandring til Noreg. Nativismen er tydeleg, *dei andre* må stengast ute.

4.1.2 Integreringspolitikk

Trass i ein restriktiv innvandringspolitikk er det likevel slik at nokre innvandrarar får kome, og Noreg er dessutan allereie er eit fleirkulturelt samfunn. Når det gjeld denne utfordringa, er det eit anna nativistisk trekk at dei minoritetane som får kome, i størst mogleg grad må *assimilerast*. Minoriteten må bli lik majoriteten. Eg fann mange slike trekk i Frp sin integreringspolitikk i programmet frå 2013.

Det er ikkje utan vidare klart kva som ligg i omgrepet integrering i norsk innvandringspolitikk. Ein FAFO-rapport frå 2004 slår fast følgjande: «Sentralt i integrasjonsbegrepet, slik det er definert i stortingsmeldinger og faglitteratur, står tanken om at innvandrere skal kunne beholde kulturelle særtrekk og gruppeidentitet, og likevel kunne delta på lik linje med majoritetsbefolkningen i arbeidsliv, boligmarked, politikk og sosiale arenaer (Djuvik & Friberg 2004: 22). I rapporten slår dei vidare fast at omgrepet integrering har gått frå å vere eit honnørord til å bli meir omstridd, og synet på kvar grensene går mellom kor langt majoritet og minoritet skal strekke seg har lenge vore i endring. Eit bakteppe for å analysere innhaldet i omgrepet generelt, og endringar i Frp sitt syn på integrering i perioden 2013 til 2017 spesielt,

fann eg i Brochmann-utvalet sin NOU 2017:2, *Integrasjon og tillit. Langsiktige konsekvenser av høy innvandring*. Frp, som del av regjeringa, utnemnde dette utvalet som ledd i regjeringa si handtering av flykntingtilstrøyminga til Noreg hausten 2015. Utvalet sitt mandat var å utgreie konsekvensar av denne utviklinga for samfunnsøkonomien, for integrasjonskapasiteten og for videreutvikling av tillit og samhold i samfunnet (NOU 2017:2, s.11). I rapporten har utvalet mellom anna drøfta omgrepet integrering. Drøftinga (NOU 2017:2: s 165-167) viser at det slett ikkje eksisterer nokon konsensus kring omgrepa assimilering og integrering, verken i akademisk eller i norsk samanheng, altså same konklusjon som Djuvik og Friberg (2004) kom til tretten år tidlegare. Assimilering, som sett på spissen kan omsetjast med fornorsking, var lenge den norske staten sin strategi i møte med minoritetar som til dømes samane, og det var også denne tankegangen som dominerte då dei første innvandringsbølgjene kom til Noreg frå 1960-talet og utover. På slutten av 1970-talet endra den norske staten strategi, og integrering vart målet. Integreringsomgrepet bar med seg ein ny måte å forstå relasjonane mellom minoritetar og majoriteten. Nykomarar skulle ikkje lenger oppleve press om å bli ein del av majoriteten, og ein skulle legge til rette for at den kulturen dei bar med seg frå heimlandet, skulle kunne takast vare på i det nye landet dei kom til. I dag er diskusjonane er meir nyanserte. Assimilering/fornorsking og integrering/multikulturalisme er ytterpunkt på ein skala, og ulike parti har ulike syn som plasserer seg ein stad på denne skalaen.

Simonnes (2011: 72) si analyse av partiprogramma viste at Frp har hatt stabil politikk når det gjeld kulturell integrering sidan 1993. I kvart program etter dette har partiet teke til orde for at dei vil avskaffe alle lovreglar og forvaltningsmessig praksis som inneber forskjellsbehandling basert på religion, kultur eller etnisk bakgrunn. Frp ynskjer med andre ord likebehandling. Også når det gjeld sosioøkonomisk integrering, viser Simonnes (2011: 69) at Frp bygger på prinsippet om likebehandling og *like rettar*. Til samanlikning har Arbeidarpartiet hatt som grunnleggande prinsipp eit ynske om å korrigere for eventuell sjanseulikkskap, og sikre alle *like moglegheiter*. Dette likebehandlingsprinsippet i Frp strid med nativismen si understreking av at *nasjonen*, altså *vi*, skal ha forrang framfor *dei andre*, men dette er eit paradoks som Frp ser ut til å leve godt med. Med sitt syn på kulturell integrering har partiet teke eksplisitt avstand frå å gi støtte til at innvandarane skal kunne oppretthalde sin eigen kultur, noko som plasserer dei i assimileringsenden av skalaen.

I handlingsprogrammet frå 2013 er det ei tydeleg vektlegging av at innvandraren sjølv har ansvaret for integreringsprosessen, og at integrering må skje ved at innvandraren *tilpassar seg* norsk kultur. Den delen av integrerings-omgrepet som legg vekt på at innvandarane skal få ta

vare på og behalde viktige delar ved sin eigen kultur, og vektlegging av at det er ein tosidig prosess der også mottakarkulturen har eit viktig ansvar, er heilt fråverande.

Innleiinga under kapittelet *Integreringspolitikk* er som følgjer:

Fremskrittspartiet grunnholdning er lik behandling av nordmenn og innvandrere. Alle skal ha samme plikter og rettigheter i sine forhold til fellesskapet i Norge, uavhengig av etnisk bakgrunn. En restriktiv innvandringspolitikk med aktiv integrering og tilpasning til norske samfunnsforhold vil forebygge motsetninger og konflikter. (...). Det å stille krav til innvandrere er å vise dem respekt. Gjennom å stille krav til gjennomføring av norsk- og samfunnskunnskapsundervisning og arbeidstrening som vilkår for å få offentlige ytelser, vil kommunikasjonen mellom nordmenn og innvandrere, og mellom innvandrere fra ulike opprinnelsesland, sikres ved at norsk blir et felles språk for alle. Kursene i norsk og samfunnskunnskap må holde høy standard, slik at de som har gjennomført og bestått møter et arbeids- og samfunnsliv som tar vel imot dem (Frp 2013b: 39).

I følgje Frp er velukka integrering avhengig av at innvandrarane lærer seg norsk, og tilpassar seg det norske samfunnet. Dessutan er konfliktperspektivet tydeleg til stades. Dersom innvandrarane ikkje blir like som og tilpassar seg majoriteten, vil det føre til motsetningar og konflikter. Fokuset er på korleis innvandrarane skal tilpasse seg krav og tilpasse seg norsk samfunn og kultur. Å stille krav er i følgje Frp det same som å vise respekt.

For å sikre at den norske kulturen i størst mogleg grad blir bevart som homogen, vil Frp ha høge krav for å bli ein del av den. Simonnes (2011: 67) viser i si analyse at statsborgarskap som tema kom inn i programmet allereie i 1993, og krava har sidan då gradvis blitt skjerpa inn. Også i programmet frå 2013 er strenge krav til å bli statsborgar nedfelt:

For å bli norsk statsborger og for å få stemmerett bør det i hovedsak stilles krav om selvforsørgelseevne, samfunnsforståelse og tilstrekkelige norskkunnskaper. Det må også stilles krav om minimum ti års botid, regnet fra tidspunktet for innvilgelse av søknad om oppholdstillatelse. Hvis søker er gift med en norsk statsborger, er kravet om botid minimum fem år (Frp 2013b: 39).

For å få bli norsk statsborgar må ein altså dokumentere evne til å forsørgje seg sjølv, i tillegg til å ha gode nok norskkunnskapar samt kunnskapar om det norske samfunnet. For nordmenn elles eksisterer ingen slike krav. Mange norske statsborgarar går gjennom livet med store hol i

si forståing for samfunnet, og om ein ikkje har arbeid, gir den norske velferdsstaten ei sikring gjennom ulike pensjonar eller sosialhjelp. Frp krev i tillegg ti års butid – noko som er tre år lenger enn dagens lovverk krev. I dag er hovudregelen krav om sju års butid (UNE 2017). Frp ynskjer dessutan særrettar for nordmenn sine ektefeller. Dersom ein er gift med ein norsk statsborgar, er kravet til butid berre det halve. Dette er i strid med prinsippet om likebehandling, men i tråd med eit nativistisk trekk om å gi forrang for nordmenn.

4.1.3. Velferdssjåvinisme – økonomisk nativisme

I tillegg til ein restriktiv innvandringspolitikk og ein integreringspolitikk kjenneteikna av at minoritetar må tilpasse seg majoriteten, er der eit tredje område der nativismen kjem utrykk, nemleg på det økonomiske. Frp er eit parti som ynskjer å ta vare på velferdsstaten, men dei lagar samtidig eit tydeleg skilje mellom *oss* og *dei andre*, der velferdsgoda bør avgrensast til nordmenn. Dette kallar ein gjerne velferdssjåvinisme eller økonomisk nativisme.

Økonomisk nativisme fann eg mellom anna uttrykt i avsnittet om *Sosiale ytelser* i innvandringskapittelet – knytt til både arbeidsinnvandring og til asyl- og flyktninginnvandring:

Hovedprinsippet i Fremskrittspartiets innvandringspolitikk er likebehandling der ingen grupper gis særbehandling. (...) Flere sosiale ytelser må imidlertid gis under forutsetning av at innvandrere er villige til å integrere seg og lære seg norsk. Sosiale ytelser bør i større grad knyttes til statsborgerskap eller andre hensiktsmessige avgrensinger (Frp 2013b: 40).

Velferdssjåvinismen, tanken om eit differensiert velferdstilbod der det er ulike tilbod for dei som er fødte i landet og for dei som ikkje er det, viser seg her i form av høge tersklar for å få tilgang til velferdsgoda. Sjølv om fleire grupper av innvandrarar i periodar kan vere ekstra sårbare, med store behov for ytingar frå velferdsstaten, skal dei ikkje få positiv særbehandling. Tvert i mot er det eit poeng for Frp å anten basere politikken på likebehandling, eller å avgrense *dei andre* sin tilgang på slike velferdsgode.

Under kapittelet *Arbeid og velferd*, avsnitt *Velferd* fann eg også økonomisk nativisme, i form av detaljar om korleis Frp vil sikre den norske velferdsstaten mot det dei kallar eksport av velferdstenester:

Utvidelsen av EU i 2004, samt at vi har fri flyt av arbeidskraft innen EØS-området, har ført til at norske velferdsordninger er under press. Økt arbeidsinnvandring fra EØS-land og rask opptjening av velferdsgoder har ført til økt eksport av enkelte

velferdsordninger. Fordi norske stønader er fastsatt i forhold til norske priser og lønninger, gir dette svært god kjøpekraft i enkelte andre land. Det norske velferdssystemet er sårbart for høy innvandring. Det er derfor behov for å finne nye løsninger som kan sikre fortsatt gode velferdsordninger, samtidig som det reduserer muligheten for å eksportere velferdsordninger ut av landet. Det er derfor behov for å reforhandle EØS-avtalens bestemmelser knyttet til arbeids- og velferdsordninger (Frp 2013b: 58).

Frp uttrykker her eksplisitt at innvandring er ein økonomisk trugsel mot velferdsstaten, og eit ynske om å redusere tilgangen til velferdsgoda for *dei andre*. Nativismen er tydeleg, og partiet er villig til å reforhandle EØS-avtalen for å nå måla sine om å bremse innvandrara sin tilgang til velferdstenestene. Ein del av nativismen er nettopp slik skepsis til internasjonalt samarbeid og internasjonale avtalar, fordi dette representerer framande idear som ikkje er del av den opphavslege kulturen, og fordi det legg påess på den nasjonale suvereniteten. Denne skepsisen er her uttrykt som undertekst i partiet sitt syn på EU og EØS-avtalen. Skepsisen kjem og til uttrykk i form av det same ynsket om å ville tilpasse EØS-avtalen i kapitlet *Norge og verden*, avsnitt *Norge og Europa*: «*Spesielt gjelder dette på områder knyttet til eksport av / tilgang til norske velferdsytelser*» (Frp 2013b: 34).

Det er verdt å nemne at når det gjeld Frp sitt syn på velferdsytningar, finst det endå eit unntak frå den grunnleggande tanken om likebehandling. Frp har nemleg eit eige avsnitt om *Nordmenn i utlandet*, der dei understrekar at sjølv om velferdsgoda må avgrensast for dei som *ikkje* er norske, gjeld dette ikkje den andre vegen: *Nordmenn i utlandet* må få ta med seg sine velferdsgode utan restriksjonar:

Fremskrittspartiet konstaterer at mange, og stadig flere, nordmenn velger å flytte permanent eller å bo lengre tid i utlandet. Særlig mange pensjonister, både uføre og alderspensjonister, velger dette med sikte på helsebringende effekter på grunn av klima. Men vi ser også at stadig flere folk i arbeid velger å bo helt eller delvis i andre land. Dette medfører enkelte problemstillinger, både når det gjelder trygdeytelser, omsorg, rehabilitering og skattemessige forhold. Vi vil gjøre det enklere for nordmenn å bo, jobbe og tilbringe pensjonisttilværelsen i utlandet gjennom enklere regler for skatt, skattemessig utflytting og rettigheter gjennom folketrygden. Vi vil blant annet opprette et eget servicekontor for nordmenn i utlandet som kan gi enhetlig og riktig informasjon til alle (Frp 2013b: 40).

4.1.4 Innvandring og kriminalitet

Det å prioritere sine egne over *dei andre* fann eg også i Frp sin retorikk og politikk når det gjeld kriminalitet, forebygging av kriminalitet, og synet på straff.

I kapittelet *Trygghet for liv og eigedom* er det nativistiske trekk. Eit døme på at Frp knyter kriminalitet til innvandring, står i avsnittet *Politi*:

Kampen mot kriminelle må skjerpes. Kriminalitet som utøves av utlendinger, gir lovlydige innvandrere et dårlig renommé. Alle utenlandske statsborgere som blir straffet med mer enn tre måneders ubetinget fengsel, skal utvises. Utvisning alene er imidlertid ikke nok til å forebygge kriminalitet, men må kombineres med en god integreringspolitikk. En strammere kurs i innvandringspolitikken vil også gagne den folkelige forståelsen for de mange lovlydige utlendingers tilstedeværelse (Frp 2013b: 28).

Første setning handlar om kampen mot kriminalitet, og utan overgang forøvrig handlar neste setning om kriminelle utlendingar. Underteksten blir at det er ein samanheng mellom innvandring og kriminalitet. Utlendingar som gjer seg skuldig i kriminalitet skal utvisast, og ein må i tillegg forebygge kriminalitet gjennom ein god integreringspolitikk. Også her er underteksten at det er ei kopling mellom kriminalitet og innvandring. Å bli lik den norske kulturen gjer deg mindre kriminell.

I avsnittet *Fengsel og kriminalomsorg* kjem det fram at kriminelle med utanlandsk bakgrunn etter Frp sitt syn ikkje skal likebehandlast med norske kriminelle:

Dagens fengselsstraff i Norge er ikke i tilstrekkelig grad preventiv for dem som kommer hit med den hensikt å utføre kriminelle handlinger. Det bør derfor etableres egne enheter for utenlandske kriminelle i eldre fengsler med noe lavere standard og uten økonomiske og sosiale ytelser for de innsatte. Norge bør utnytte de soningsavtaler vi har med de kriminelles hjemland, og eventuelt reforhandle disse slik at de kan bli mer effektive. Samtidig må det arbeides med å få på plass soningsavtaler med enda flere land, slik at vi kan kjøpe soningsplasser i hjemlandet for de aller fleste som uansett skal utvises. Utenlandske statsborgere som begår kriminalitet, kan også tas gjennom hurtigdomstolen og holdes i forvaring inntil saken er avgjort, og de eventuelt kan sendes ut av landet (Frp 2013b: 30).

Kriminelle med utenlandsk bakgrunn bør helst sone i heimlandet sitt, alternativt under mindre gode kår enn andre innsette i eldre norske fengsel. Allereie i første setning er det ei formulering der eg les følgjande undertekst: Utlendingar kjem hit med *mål om* å utøve kriminalitet. Kriminelle med utanlandsk bakgrunn skal dessutan behandlast annleis i rettsvesenet enn norske, med bruk av hurtigdomstolar og forvaring. Denne mangelen på likebehandling, der våre eigne kan få betre rettar samanlikna med *dei andre* er eit tydeleg uttrykk for nativisme.

4.1.5 Frp og samane

Det er ikkje berre innvandring som blir sett på som ein trugsel mot den homogene nasjonalstaten i nativismen. Også andre grupper blir sett på som utgrupper, som til dømes minoriteten samar i Noreg. Det er grunnleggjande i Frp sin demokratiforståing at ingen minoritetar eller grupper skal ha særrettar. Både i prinsippprogrammet, plassert heilt fremst i programmet under kapittelet *Demokrati*, og ordrett gjentatt i første avsnitt i handlingsprogrammet, også her plassert under overskrifta *Demokrati*, fann eg følgjande formulering: «*Stemmeretten skal være allmenn og ikke begrenset til bestemte etniske grupper, derfor vil vi avvikle Sametinget*» (Frp 2013a: 4, Frp 2013b: 4). I det norske pluralistiske demokratiet har vi i dag ordningar som skal sikre at også minoritetar blir høyrte, og Sametinget vart oppretta i 1989 for å sikre denne minoriteten sin plass i demokratiet (Sametinget.no). Denne særstillinga vil Frp fjerne. I tillegg til ein restriktiv innvandringspolitikk har partiet altså også ein restriktiv politikk ovanfor minoriteten samar, og dei meiner at både samar og andre minoritetar sine interesser blir godt nok ivaretatt gjennom dei ordinære demokratiske institusjonane. Særbehandling er ikkje naudsynt:

Fremskrittspartiet ser det som viktig og berikende for Norge å opprettholde samisk språk, kultur og tradisjon i de områdene hvor samene tradisjonelt har vært bosatt, og hvor de har hatt sitt virke. Arbeidet med å sikre dette bør imidlertid gjøres gjennom ordinære folkevalgte organer, eller organer med utspring fra disse, samt på frivillig basis (Frp 2013b: 85).

Partiprogrammet frå 2013 omtalar ILO-konvensjonen, som Noreg ratifiserte i 1990. Hovudprinsippet i denne konvensjonen om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar er urfolk sin rett til å ta vare på og vidareutvikle sin eigen kultur, og staten si plikt til å treffe tiltak for å støtte dette arbeidet (Regjeringen.no 2013). Konvensjonen opnar altså for å gi samane særrettar framfor andre, og Frp har difor programfesta at Noreg skal tre ut av konvensjonen, samt stemme mot å inngå liknande avtalar i framtida:

ILO-konvensjon nr. 169 hjemler grunnlag for at enkelte etniske grupperinger skal kunne gis særrettigheter på bekostning av andre innenfor et felles bosetningsområde. Konvensjonen åpner for at Sametinget får råderett over 40 prosent av norsk landområde fra Røros og nordover. Dette er et overgrep mot innbyggere i landet for øvrig, og i strid med grunnlovens § 1: om at 'Norge er et fritt, selvstendig, udelelig og uavhengelig rike'. Fremskrittspartiet mener at denne konvensjonen er irrelevant som instrument for å regulere forholdet mellom samisk og norsk etnisitet i vårt land. (...). De politiske avveiningene må følge de samme prinsipper som overfor andre sammenlignbare næringer i Norge. Det må være sårbarhetsbetraktninger i forhold til næringen som avgjør, ikke utøvernes etnisitet.

Frp vil også stemme imot andre forslag til konvensjoner og avtaler som bidrar til å underbygge eller utvide særordninger for den samiske delen av befolkningen, for eksempel nordisk samekonvensjon (Frp 2013b: 85).

Konvensjonen blir omtala som *irrelevant*, og også som eit *overgrep* mot andre nordmenn enn samane. Dette er sterke ord.

4.1.6 Islamofobi?

I tillegg til minoritetar som samar, romfolk, og i nokre høgrepopulistiske parti også homofile, er muslimar i tida etter tusenårsskiftet blitt ei stadig meir sentral gruppe som del av det nativistiske fiendebildet. Frp har så langt ikkje vore kjend for å ha islamofobe trekk, sjølv om retorikken i talar og i media har hatt formuleringar og talemåtar som kan gi assosiasjonar i den retninga. Verdt å nemne her er Siv Jenssen sin berømte omgrep *snikislamifisering* frå valkampen i 2009, der ho i ei tale til landsstyret åtvara mot særbehandling for enkeltgrupper som muslimar eller andre, og presiserte at norsk lov må gjelde (Dagbladet 2009, VG 2009). Hagelund (2003: 59), som har studert Frp sin innvandringsretorikk, viser at denne skepsisen mot å gi særrettar er sentral i partiet:

The Progress Party's defence against accusations of racism also draws on a rhetoric of equality. Typically, the argument is that other parties which support special welfare measures etc. for immigrants in reality advocate a differential treatment based on ethnicity or nationality. The Progress Party, to the contrary, wants to treat everybody equally, independently of 'race, religion and ethnic origin'.

Også Fangen og Vaage (2014: 41) har analysert Frp sin innvandringsretorikk, og dei kommenterer Jenssen sin bruk av omgrepet *snikislamifisering* slik: «Begrepet konnoterer at

samfunnet sakte, men sikkert blir 'islamisert', så og si bak ryggen på den norske befolkningen, og at muslimene som står bak, skjuler sine egentlige hensikter». Dei viser vidare til fleire uttaler frå stortingsrepresentant Christian Tybring-Gjedde som kan gi liknande assosiasjonar, mellom anna i ein tale han heldt til Frp sitt landsmøte i 2011, der han streka under at alle nye innvandrarakar bør « (...) avkreves ubetinget kjærlighet til Norge og vår kristne kulturarv». Han set opp ein motsetnad mellom *oss kristne* og *vår kristne kulturarv* på den eine sida, og muslimar og islam på den andre, der dei sistnemnde representerer det motsette av dei fridomsverdiane vi står for (Fangen og Vaage 2014: 42). Tybring-Gjedde omtalar her islam som ei einskapleg gruppe; eit tydeleg islamofobisk trekk. Fangen og Vaage (2014: 54) viser elles til døme på at både Tybring-Gjedde og andre politikarar frå Frp har brukt liknande retorikk også etter at partiet kom i regjering, men noko meir moderat, då partiet i posisjon har poengtert at det er *radikal* islam dei er imot.

I innleiinga til kapittelet *Utdanning* står det: «Frp mener at hijab, niqab og burka er kvinneundertrykkende plagg. Disse skal derfor ikke brukes i grunnskolen» (Frp 2013b: 64). Det er berre muslimske hovudplagg, ikkje generelt religiøse plagg som blir nemnt. Partiet slår utan vidare fast at ikkje berre niqab og burka, men også hijab er kvinneundertrykkande. Underteksten her kan seiast å ha islamofobiske assosiasjonar, men sidan det er berre førekjem ein gong, er den snarare eit unntak enn typisk for partiprogrammet.

I Frp sitt partiprogram vedteke i 2013 er det mange og tydelege uttrykk for nativisme, og utgangspunktet for analysen er med dette etablert. Det er viktig å streke under at absolutt alle sitat brukt i kapittel 4.1 også finst 2017-partiprogrammet, vedteke etter fire år i regjering. Ingen av dei nativistiske trekka er altså svekt i form av å ha blitt fjerna frå programmet.

I det neste kapittelet ser eg på dei delane av partiprogrammet der FrP har føydd til nye punkt, eller gjort andre endringar frå 2013 til 2017.

4.2 Nativisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2017

4.2.1 Innvandringspolitikk

Den første tydelege endringa i 2017-programmet er at det er føydd til ein ny og grundig introduksjon i kapittelet *Innvandring*. Nativismen er styrkt i denne nye introduksjonen. Introduksjonen tek utgangspunkt i flyktningkrise i 2015. Nærare ein million flyktingar og migrantar nådde Europa sine grenser dette året, og fleire tusen av desse drukna på den farlege sjøvegen over Middelhavet. Om lag 30 000 kom til Noreg for å søke asyl, noko som var ei tredobling samanlikna med det som hadde vore normalen dei siste åra (Jumbert 2017). Eg legg

merke til at Frp ikkje brukar ordet flyktningkrise, men omtalar alle som kom som migrantar. Underteksten i ein slik bruk av omgrepa seier noko om Frp si tilnærming, då migrant er eit nøytralt ord som skildrar ein person på vandring, gjerne på søken etter eit betre liv. Ein flyktning derimot, er definert som ein person med behov for og krav på beskyttelse ifølgje Flyktningkonvensjonen. Det var både flyktningar og migrantar blant dei som kom i 2015, og om partiet ikkje vil bruke omgrepet *flyktningkrise*, kunne dei valt ei meir nyansert formulering, som til dømes *straumen av migrantar og flyktningar*. Den nye introen er som følgjer:

Migrasjonsstrømmen i 2015 avslørte med all mulig tydelighet at dagens asylsystem ikke er bærekraftig verken utfra et økonomisk, demografisk, sosialt, sikkerhetspolitisk eller humanitært perspektiv. Samtidig viser FNs befolkningsprognoser en betydelig vekst de neste tiårene. De økte migrasjonsutfordringene dette kan medføre danner derfor også grunnlag for å endre dagens asylsystem.

Dagens asylsystem bidrar til menneskesmugling, er ineffektivt, urettferdig og etterlater millioner av mennesker i den ytterste nød. Det kan også bidra til fremmedfrykt, terror og økte konflikter i Norge og Europa. Fremskrittspartiet vil derfor arbeide for å innføre et nytt og mer rettferdig og humanitært internasjonalt asyl- og flyktningsystem som sikrer en begrenset og kontrollert asylinnvandring hvor nasjonalstatene har kontroll over antall asylsøkere. En mulig modell er at alle søknader om asyl kun realitetsbehandles i trygge asylsentre i nærområdene. Et styrt og begrenset antall asylsøkere gis rett til asyl i Norge eller i et annet trygt tredjeland etter at søknaden er behandlet og identiteten er avklart. I det nye systemet vil retten til å søke asyl i Norge opphøre og erstattes av et kvotebasert system fra nye asylsentre i trygge områder i nærområdene (Frp 2017b: 41).

Her er det mykje nativisme å spore. Partiet ser altså asylinnvandring som ein trugsel på mange ulike område; økonomisk; demografisk; sosialt; og som ein tryggingssisiko. Asylinnvandring blir direkte knytt til både terror og auka konfliktnivå. Ein kjenner igjen dei fleste argumenta frå 2013-programmet, men omgrepet *demografisk* risiko er nytt. Den uttrykte koplinga mellom innvandring og terror er også ny samanlikna med programmet vedteke i 2013. I tillegg skriv Frp at asylsystemet ikkje er *humanitært* berekraftig. Det er ein auka skepsis til overnasjonalt og internasjonalt samarbeid, noko som er eit nativistisk trekk. Frp ynskjer meir kontroll til nasjonalstatane. Partiet vil faktisk gå så langt som å lage eit nytt system der den grunnleggande menneskeretten å søke asyl i Noreg er fjerna, og erstatta den med eit kvotesystem der ein hentar kvoter frå asylsenter i nærområda. Dette er også nytt samanlikna med 2013-programmet, og ei ytterleg styrking av nativismen.

Vidare i den nye introduksjonen kjem ei understreking og utdjuping av behovet for å revidere Flyktningkonvensjonen: «*I den grad et nytt system krever endringer i Norges tilknytning til det internasjonale asyl- og flyktningavtaleverket bør avtaleverket revideres, slik at juridiske forhold som er utarbeidet for en helt annen tid, ikke bidrar til å hindre gode politiske løsninger tilpasset dagens situasjon*» (Frp 2017b: 41). Frp har her programfesta at dei er villige til å reforhandle Flyktningkonvensjonen, ein av grunnpilarane i FN sitt internasjonale samarbeid og regelverk i møte med flyktingar og menneske som søker asyl. Det er fleire parti i Noreg som har opna for dette, og ein kan ikkje utan vidare slå fast at tanken bak ei slik reforhandling er å skape ein *endå* meir restriktiv innvandringspolitikk, men sett i kontekst av Frp sin innvandringspolitikk elles, er det heva over ein kvar tvil at det er dette som er målet. Eit offentleg utval nedsett av dåverande justisminister Sylvi Listhaug frå Frp i februar 2018 styrkjer tolkingane av at programformuleringa er nativistisk. Utvalet sitt mandat er å sjå på om regjeringa i enkelte krisesituasjonar skal kunne setje delar av rettsstaten til side, slik at dei kan gjere unntak frå eller supplere lovgjeving utan å konsultere Stortinget (regjeringen.no 2018). I pressemeldinga frå regjeringa blir flyktningkrise frå 2015 heilt konkret brukt som grunngeving for dette behovet:

Beredskapsloven åpner for at regjeringen ved krig, krigsfare eller når rikets selvstendighet eller sikkerhet er i fare, kan gi bestemmelser av lovgivningsmessig karakter. Men den høye tilstrømningen av asylsøkere høsten 2015 viste at det også i fredstid kan oppstå ekstraordinære situasjoner hvor det er behov for å handle raskt, og hvor dagens lovgivning ikke gir tilstrekkelig fleksibilitet. Andre aktuelle situasjoner kan være naturkatastrofer, ulykker, pandemier og sammenbrudd i infrastruktur (Regjeringen.no 2018).

Sosialistisk Venstreparti (SV), Arbeidarpartiet og Senterpartiet var svært skeptiske til utvalet sitt mandat, og utvalet vart dessutan nedsett i strid med råd frå Stortinget. Mandatet til utvalet burde heller handla om korleis ein kan styrke og betre menneskerettskonvensjonane, ikkje korleis ein kan endre og svekke dei, meinte SV. Dette viser at der Frp vil revidere for å stramme inn og gjere innvandringspolitikken *endå* strengare, kan ein også jobbe for å endre konvensjonane med ei heilt anna grunngeving. (Aftenposten 2018).

Til slutt i den nye innleiinga er det programfesta følgjande:

Innvandrings- og integreringsfeltet er et følelsesladd område. For å bidra til et mer solid og mangfoldig faktagrunnlag bør det vurderes å opprette et nasjonalt senter for

studier av langsiktige konsekvenser av høy ikke-vestlig innvandring for demografi, økonomi, sosiale forhold, radikalisering, terror og nasjonal sikkerhet. I denne forbindelse bør det også gjennomføres en evaluering av Forskningsrådets arbeid på feltet (Frp 2017b: 42).

Her står det eksplisitt at det er *ikkje-vestleg* innvandring som representerer den store trugselen, og som difor krev ei meir grundig kartlegging når det gjeld konsekvensar av innvandring. Dette trass i at tal frå SSB (2017a) viser at kvar sjette person i Noreg har innvandringsbakgrunn, og at om lag halvparten av desse (49,6 prosent) har bakgrunn frå europeiske land. Det er altså berre den andre halvparten som representerer ei utfordring, mest truleg er dei 32,4 prosentane frå gruppa Asia med Tyrkia, og dei 13,7 prosentane med bakgrunn frå Afrika den største grunnen til uro. Konfliktargumentet er tydeleg, også med omsyn til terror, radikalisering og nasjonal tryggleik.

I Frp sin politikk på området familiesameining, fann eg tydelege endringar i 2017, endringar som styrkjer nativismen. Formuleringane som er kursivert er nye – fletta inn mellom formuleringane i 2013-programmet:

Muligheten for familieinnvandring begrenses til ektefelle over 24 år og egne barn under 18 år. Barn som kommer alene til Norge, er utsatt for grov omsorgssvikt, og skal derfor som hovedregel ikke kunne søke familiegjenforening. Familieinnvandring for ektefelle skal bare kunne innvilges hvis paret ikke har større samlet tilknytning til noe annet land enn til Norge. Bigami er ikke tillatt i Norge, og det skal derfor ikke være mulig å søke familiegjenforening med ektefelle mer enn én gang. Voksne som søker om familiegjenforening, må ha opparbeidet seg tilfredsstillende kunnskaper om norsk språk og samfunnsliv, samt dokumentere at de er i stand til å forsørge sin familie før søknad om familieinnvandring kan behandles. Personer fra EØS og enkelte andre land kan gis unntak fra skjerpede krav til familieinnvandring (Frp 2017b: 42).

Dette viser at trenden som Simonnes (2011) dokumenterte i sin master, med innstrammingar for kvart nye partiprogram, held fram. Den første innstramminga gjeld einslege mindreårige asylsøkarar. Forklaringa på innstramminga er truleg at dette har vore ei relativt stor gruppe blant dei som har kome som innvandrara dei siste åra – særleg den kraftige auken i samband med flyktningkrisa. Det kom 5480 i personar i denne gruppa i 2015, mot ein normal på kring 1000 i året frå 2010 – 2014 (Bufdir 2017). Trass i ein kraftig nedgang til berre 320 i 2016, er det truleg viktig symbolpolitikk for Frp å hindre denne gruppa i å søke familiesameining. Partiet har vore

i front i debatten kring einslege mindreårige asylsøkarar, som Frp gjerne kallar *ankerborn*. Dette gjer dei både i retorikken sin i media og debattar, men også i eit høyringsnotat sendt til Stortinget i desember 2015, altså som ledd i regjeringa si handtering av flyktningkrisa:

Dagens regler for enslige mindreårige asylsøkere kan gi incitament for at barn sendes av gårde på lange, farefulle reiser. Det er grunn til å tro at de forut for reisen har lite informasjon om hvilken risiko de eksponeres for. Det vises til rapporten *Children on the Move* (K. Boland, 2010, utgitt av UNICEF), som undersøker hvorfor barn reiser fra Afghanistan og søker asyl i vesten. Basert på intervjuer med enslige mindreårige asylsøkere i Storbritannia og Norge fremholdes bl.a. at ønske om økt velstand til familien og om å bruke barnet som såkalt ankerbarn kan være blant motivene» (Justis- og beredskapsdepartementet 2015: 58–59).

Både FN sitt barnefond UNICEF, som står bak rapporten det er vist til her, samt Utlendingsdirektoratet, Statistisk Sentralbyrå og FAFO har frå forskarhald kritisert denne måten å bruke tal på, og vist til dokumentasjon på at det i svært liten grad finst støtte for at mindreårige får familiesameining, og dermed kan kallast for ankerborn (Skjetne 2016). Det som viser seg her er, i tillegg til nativisme, eit sterkt element av populistisk retorikk som effektivt støttar opp under dei nativistiske trekka. Ein presenterer enkle løysingar på kompliserte problem, og er ikkje redd for å ta lett på kva som er fakta i saka.

Den andre innstrammainga gjeld bigami, og vil bli handsama i avsnittet om islamofobi. Den siste innstrammainga gjeld økonomi, og inneber at ein skal ikkje få innvilga familiesameining før ein kan dokumenter evne til å forsørge den som kjem. Med tanke på situasjonen mange flyktningar er i, vil dette vere eit krav som det kan ta lang tid å nå, og det er eit svært restriktivt krav. Truleg er det den av desse endringane som vil ha størst effekt for konkret politikk om det blir vedteke.

I flyktningpolitikken fann eg to nye formuleringar, samt at eit nøkkelord er endra i den første setninga. I programmet vedteke i 2017 startar avsnittet slik: «*Fremskrittspartiet vil at Norge skal oppfylle sine internasjonale forpliktelser og ta imot kvoteflyktninger*» (Frp 2017b: 43). I 2013 var det ikkje presisert at det berre er kvoteflyktningar som skal få hjelp, då slutta setninga med det noko meir omfattande: «*...hjelp flyktninger*» (Frp 2013b: 38). Det er ei lita endring, men underteksten er nativistisk, i og med at den snevrar inn kven som er målgruppa for Frp si hjelp.

Det som er lagt til, er desse to formuleringane:

Ved å legge til grunn økt innsats i nærområdene vil man også på sikt kunne fjerne mange av årsakene til migrasjon ut over flukt fra krig og forfølgelse. Økt innsats for utvikling og demokrati, blant annet gjennom mer frihandel, vil være med på å sikre stabile og demokratiske forhold. (...) Vi ønsker å reforhandle internasjonale avtaler knyttet til flyktninger, innvandring og migrasjon, herunder FNs flyktningkonvensjon, slik at disse er tilpasset et endret verdensbilde (Frp 2017b: 43).

Den første formuleringa viser ei understreking av Frp sin sentrale tanke om å *hjelp dei der dei er*, og å vektlegge førebygging av migrasjon til Noreg. Dette bygger opp under tanken om å avgrense innvandring i stort mogleg grad. Det andre avsnittet er ei gjentaking av ynsket om å reforhandle internasjonale avtalar generelt, og Flyktningkonvensjonen spesielt. Sjølv om begge deler er nemnt allereie i den nye introduksjonen i innvandrings-kapittelet, er det så viktig at dei gjentek det her. Det same gjeld den første av dei to innstrammingane som er føydd til under avsnittet *Asylsøkere*: «*Enslige mindreårige asylsøkere skal kun gis midlertidig opphold frem til fylte 18 år. Dette innebærer at enslige mindreårige ikke gis rett til familiegjensforening*» (Frp 2017b: 43). Denne innstramminga er i tillegg programfesta under avsnittet om familiesameining. Dette er nok eit døme på at Frp er villig til å teste grensene for grunnleggande menneskerettar for å nå målet om ein restriktiv innvandringspolitikk. Norsk praksis ovanfor denne innvandringsgruppa er allereie frå før kritisert av både fagfolk og menneskerettsorganisasjonar for å ikkje følgje Barnekonvensjonen (Kjelås m.fl 2017).

4.2.2 Integreringspolitikk

Også når det gjeld integreringspolitikken er det fleire store endringar i det nyaste partiprogrammet. Delen av Frp sitt handlingsprogram som tek føre seg *Integrering* er i likskap med delen om innvandring dobla frå 2013 til 2017, men berre frå 1/3 side i 2013 til 2/3 side i 2017. Det er den delen som handlar om ein strengare innvandringspolitikk som er utvida mest. Underteksten kan lesast som eit signal om at integrering er mindre vesentleg for Frp enn å avgrense innvandringa.

I tillegg til den uttrykte grunntanke om lik behandling uavhengig av etnisk bakgrunn, og vektlegginga av det partiet omtalar som aktiv integrering og tilpassing til norske forhold, er følgjande setning føydd til under første avsnitt om integreringspolitikk: «*Den enkelte innvandrer har også et selvstendig ansvar for aktivt å integrere seg i det norske samfunnet*» (Frp 2017b: 44). Innvandrerens sitt sjølvstendige ansvar blir altså framheva. Det er heller ikkje

i dette partiprogrammet element som handla om å legge til rette for at nykomarane skal kunne ta vare på eigen kultur. Tvert om er det døme på det motsette: I kapittelet *Kultur og idrett* har Frp i 2017 føydd til at partiet vil fjerne tilskotsordningar til trussamfunn, samtidig som dei vil opprette ei eiga tilskotsordning for å ivareta og vedlikehalde kyrkjebygg med kulturhistorisk verdi: «*Fremskrittspartiet vil fjerne tilskuddsordningene for trossamfunn. Det opprettes en egen tilskuddsordning for å ivareta og vedlikeholde kirkebygg med kulturhistorisk verdi, samt andre lovpålagte oppgaver*» (Frp 2017b: 86). Dette kan ein lese som ei tydeleg styrking av det nativistiske trekket å vektlegge assimilering i integreringspolitikken. I den motsette enden av skalaen finn vi den integreringsdefinisjonen som legg vekt på at innvandarane skal få ta vare på religionen sin saman med andre sentrale verdiar knytt til kultur og identitet. I Noreg i dag får ulike trussamfunn statstilskot, noko som viser at den norske politikken per no er meir i denne enden av skalaen. Frp ynskjer altså ei endring i retning mindre kulturell tilrettelegging og meir krav om å bli like *oss*. Samtidig framhevar partiet at den norske og kristne kulturarven skal stå i ei særstilling.

Når det gjeld partiet sine allereie høge krav for å få norsk statsborgarskap, er det føydd til ytterlegare to punkt i 2017: «*Statsborgerskap skal kunne fratas ved tilknytning til terror eller annen grov kriminalitet. (...). For å bli norsk statsborger må man delta på obligatorisk statsborgerskapsseremoni, der man må sverge troskap til Norge*» (Frp 2017b: 44). Trenden med å stramme inn held altså fram. Her opnar Frp for å kunne ta frå nokon statsborgarskapet. Om ein ser dette i samanheng med at partiet også har programfesta at det vil innføre høve til dobbelt statsborgarskap, kan det tolkast som at Frp ynskjer høve til å nytte denne sanksjonen oftare, noko som blir enklare når ein ikkje treng å *skifte* statsborgarskap for å bli norsk statsborger. Eg fann støtte for denne tolkinga i ei pressemelding frå regjeringa:

Dobbelt statsborgerskap er en forutsetning for å frata personer det norske statsborgerskapet på grunn av terrorhandlinger eller liknende. Dette er noe av bakgrunnen for at Justis- og beredskapsdepartementet nå foreslår å åpne for dobbelt statsborgerskap, sier innvandrings- og integreringsminister Sylvi Listhaug (Frp) (Prop. 146 L (2016–2017)) (Regjeringen.no, 20.12.17).

Den siste endringa, som krev at nye landsmenn må delta i ein obligatorisk seremoni der dei sver truskap til Noreg, les eg som ei styrking av nativismen. Krav og plikter blir understreka, og terskelen for å få del i *vårt* fellesskap blir auka enda eit hakk.

Som ledd i integreringspolitikken er det i det nye programmet føyd til fleire og strengare krav for å ta i mot enkelte velferdsytningar. Også her vil dei innføre eit skilje mellom innvandrarak og andre. Det ynskjer altså ikkje likebehandling, men strengare krav for nykomarane: «*For å stimulere til integrering må det innføres aktivitetsplikt ved flere kommunale ytelser og støtteordninger, som for eksempel ved redusert foreldrebetaling, bistand til boligkjøp og barnehage*» (Frp 2017b: 44). Partiet hevar tersklane for tilgang til kommunale ytingar. Den økonomiske nativismen er styrkt.

Den nest siste tilføyinga under integreringspolitikken er interessant, og handlar om bruk av religiøse plagg i skulen. Dette blir handsama under avsnitt 4.2.6, om islamofobi.

Til slutt i denne delen av partiprogrammet har Frp i 2017 programfesta at ein må måle og kontrollere integreringa:

For å ha kontroll på om vi lykkes med integreringen bør det innføres et integreringsbarometer med konkrete måleindikatorer som kan følge utviklingen fra år til år. Eksempler på måleindikatorer kan være andelen barn med innvandrerbakgrunn som ikke følger ordinær undervisning, andelen innvandrere i kriminalsaker, andelen sosialhjelpsmottakere og andelen innvandrere i jobb (Frp 2017b: 44).

Eit ynskje om å kunne måle om politikken ein fører fungerer, er i seg sjølv verken kontroversielt eller nativistisk, men underteksten her er at innvandrarak er overrepresentert i grupper som kriminelle, mottakarar av sosialhjelp og arbeidsledige.

4.2.3 Velferdssjåvinisme – økonomisk nativism

I programmet vedteke i 2013 heldt Frp seg til grunntanken om likebehandling når det dreia seg om arbeidsinnvandrarak si opptening i folketrygda, rett nok under føresetnad av norskkunnskapar, og vilje til integrering. I 2017 er likebehandlilnga fjerna, og i staden er følgjande formuleringar programfesta: «*Det bør vurderes å etablere en alternativ folketrygdordning for arbeidsinnvandrarak. Sosiale ytelser bør i større grad knyttes til statsborgerskap eller andre hensiktsmessige avgrensinger. (...) Særordninger med stønader for innvandrarak bør opphøre*» (Frp 2017b: 42). Her ser vi ei styrking og tydeleggjering av den økonomiske nativismen. For å heve tersklane for tilgang til norske velferdsgode, skal ein via ei alternativ folketrygd avgrense ytingane. Slike skilje mellom *oss* og *dei andre* kjenner ein igjen som velferdssjåvinisme og nativism. Eit anna grep frå Frp på dette området er at dei opnar for å endre EØS-avtalen med sikte på å stramme inn ytterlegare høvet til å eksportere velferdstenester. Dette er føyd til i 2017:

Avtalen må på enkelte områder tolkes strengere og om nødvendig reforhandles for bedre å ivareta norsk suverenitet og nasjonale interesser. Det er helt nødvendig å redusere eksporten av og tilgangen til norske velferdsytelser, samt benytte muligheten til permanent grensekontroll. Vi må i større grad utnytte handlingsrommet ved bruk av tilpasningstekster og vetoretten (Frp 2017b: 37).

Formuleringar knytt til reforhandling av EØS-avtalen vart vedteke også i 2013, men er no tydelegare. Avtalen må tolkast strengare, og det er direkte knytt til målet om å ivareta norsk suverenitet og nasjonale interesser. Her er både nativisme i form av velferdssjåvinisme, samt populisme i form av euroskepsis styrkt.

Under avsnittet *Familiepolitikk* i kapittelet *Innvandringspolitikk* har Frp i 2017 programfesta følgjande formulering: «Statlig barnetrygd og kontantstøtte erstattes av kommunal barnetrygd og kontantstøtte. Det innebærer at man må være bosatt i en kommune for å motta ytelsene. Ytelsene skal være rettighetsbasert, og overføres øremerket fra staten til kommunene» (Frp 2017b: 49). I 2013 var formuleringa annleis: «Statlig kontantstøtte erstattes av en kommunal kontantstøtte til foreldre som ønsker eller trenger alternativer til barnehage» (Frp 2013b: 47). Presiseringa i det nye programmet, om at ein må vere busett i ein kommune for å ha rett på ytingane, viser at endringa kan ha eit velferdssjåvinistisk delmål. Endringa fører med seg at asylsøkarar som ventar på opphald eller på busetjing i ein kommune – noko vi veit ofte kan ta mange år – ikkje vil få verken barnetrygd eller kontantstøtte. Velferdssjåvinismen er på bakgrunn av desse endringane styrkt, og med det også nativismen.

4.2.4 Innvandring og kriminalitet, terror og tryggingssrisiko

I kapittelet *Trygghet for liv og eiendom* har Frp i det nye programmet, på same måte som i innvandringskapittelet, føydd til ein grundig introduksjon. Her fann eg nye nativistiske trekk, i form av koplingar mellom innvandring og terror, og med dette ein undertekst der innvandring er ein tryggingssrisiko. Introduksjonen startar slik:

Utviklingen i trusselbildet er blitt mer alvorlig de senere år. Samtidig er beredskap og forebygging bedret, og vår evne til å håndtere alvorlige hendelser er styrket. Videreutvikling og vedlikehold av beredskapen mot nasjonale hendelser, terror og organisert kriminalitet er viktig, i tillegg til at vi også fortsatt må være i stand til å forebygge, etterforske og påtale «hverdagskriminalitet». Vi må ytterligere styrke arbeidet med bekjempelse av terror og terrorhandlinger som har til hensikt å skremme befolkningen (Frp 2017b: 30).

Dette avsnittet seier ikkje noko eksplisitt om innvandring, men det viser at det å kjempe mot terror har blitt ei viktig sak, kanskje den viktigaste for Frp på det politikkområdet som handlar om tryggleik. Elles i programmet fann eg både eksplisitte og implisitte koplingar mellom terrorfare og innvandring, og tolkinga mi er at underteksten her er ei styrking av nativismen. Det er nok ein grunn til å frykte innvandring, og dermed auka behov for ein restriktiv innvandringspolitikk. Partiet har til slutt i kapittelet føyd til eit nytt avsnitt, *Samfunnssikkerhet og beredskap*, der underteksten er relativt tydeleg. Eit ope samfunn er eit farleg samfunn. Ergo må vi jobbe for å stenge grensene, og beskytte oss mot farleg innvandring: «*Norge er et av verdens tryggeste land. Samtidig har vi også et av verdens mest åpne samfunn. Denne balansen er vanskelig, men den er også veldig viktig å bevare. Vår innsats for å bekjempe terror og annen alvorlig kriminalitet fortsetter med full styrke*» (Frp 2017b: 35).

Oppsummert er dei nativistiske trekka også på dette området ei nyanse meir tydelege i 2017 enn i 2013. Nokre av punkta finst uendra i begge programma, men fleire nativistiske trekk er framheva og er meir omfattande i 2017. Særleg gjeld endringane som inneber ei kopling mellom innvandring og terror, saman med ei framheving av kampen mot terror som satsingsområde.

4.2.5 Frp og samane

Ei iaugefallande endring frå 2013 til 2017 gjeld politikken partiet vil føre ovanfor den etniske minoriteten samane. Kapittelet som inneheldt Frp sitt samepolitiske program i 2013, er fjerna i 2017. Om lag 2/3 av formuleringane knytt til samar er fjerna heilt, medan om lag 1/3 av innhaldet er flytta på.

Denne endringa les eg som ei *styrking* av nativismen i Frp sin ideologi slik den kjem til syne i partiprogrammet, sjølv om det også er mogleg å argumentere motsett. Partiet har på den eine sida fjerna delar av programmet som presiserer meir eller mindre negative haldningane ovanfor samane. Til dømes har partiet fjerna formuleringar om at dei ikkje vil gje samane særrettar til land og vatn, at dei vil avvikle forvaltningsområdet for samisk språk, og at samane sitt tradisjonelle levesett kan vere spanande som satsingsområde for turisme og difor bør satsast på (Frp 2013b: 85-86). På den andre sida er der fleire grunnar til at ein kan tolke dette som ei styrking av nativismen. I 2017 som i 2013 blir det slått fast i aller første avsnitt, under kapittelet *Demokrati*, at Frp vil avvikle Sametinget (Frp 2013b:4, Frp 2017b: 4). Endringa frå 2013 til 2017 er at grunngevinga for dette punktet berre er programfesta i 2013, der andre avsnitt under demokrati slår fast følgjande: «*Samiske og andre gruppers interesser ivaretas av de ordinære demokratiske folkevalgte organer i landet: kommunestyre, fylkesting og Storting. Inntil dette*

målet er oppnådd, vil vi gjennom valg til Sametinget bruke vår posisjon til å sikre likebehandling av alle etniske grupper» (Frp 2013b: 4). Ynsket om å fjerne Sametinget blir i 2013 vidare grunnlagt med følgjande argument under kapittelet *Samepolitisk program*: «*Sametinget er et politisk organ som ikke er i tråd med Fremskrittspartiets demokratiske prinsipper. Dette er et organ der stemmerett og valgbarhet utelukkende er basert på etnisk tilhørighet»* (Frp 2013b: 84). I 2017 er desse grunnleggjane fjerna. Dette les eg som at målet om å fjerne Sametinget no har større tyngde i partiet, og difor treng ein ikkje grunnge det. Underteksten er ei styrking av nativismen.

Frp understrekar at samane ikkje skal ha særrettar, dette ligg i programfestinga av at Frp vil melde Noreg ut av ILO-konvensjonen. Dette punktet var med også i 2013-programmet, men er framheva og tydeleggjort i 2017, ved at avsnittet om ILO-konvensjonen er flytta fram til *Demokrati*-kapittelet (2017b: 7). Formuleringane er elles uendra, men ut frå plasseringa i programmet les eg at dette temaet har fått ei ny og større vektlegging, der underteksten er ei styrking av nativismen. At samane som minoritet ikkje lenger skal få særfordelar gjennom ILO-konvensjonen er viktig nok til at det blir del av Demokrati-kapittelet, altså det framste kapittelet i programmet, medan resten av samepolitikken blir flytta inn som eit lite underkapittel under *Kultur og idrett*, lengst bak i programmet. Den vesle resten som gjenstår av samepolitikk, er oppsummert under avsnittet *Samisk kultur*:

Det er viktig og berikende for Norge å opprettholde samisk språk, kultur og samfunnsliv i de områder hvor samene tradisjonelt har vært bosatt, og hvor de har hatt sitt virke. Arbeidet med å sikre dette bør gjøres gjennom ordinære folkevalgte organer, eller organer med utspring fra disse, samt på frivillig basis. Det offentlige har et ansvar for å bidra til å holde samisk språk og kultur, samt samisk samfunnsliv i hevd (Frp 2017b: 87).

4.2.6 Islamofobi

I Frp sitt partiprogram frå 2013 fann eg berre éi formulering som kunne lesast med ein islamofobisk undertekst, sjølv om det er heva over ein kvar tvil at slike haldningar allereie då eksisterte elles hjå politikarar i partiet, til dømes i talar og medieutspel (sjå kapittel 4.1.6). Det er på dette punktet eg fann flest endringar innanfor nativismen hjå FrP. På fleire punkt i det nye programmet er det no programfesta formuleringar som inneheld anti-islamisk tankegods, der underteksten kan lesast som at Frp beveggar seg i retning islamofobi.

Allereie i den nye innleiinga til kapittelet *Innvandring* fann eg ordbruk med slike undertonar: «*Migrasjonsstrømmen i 2015 avslørte med all mulig tydelighet at dagens asylsystem ikke er bærekraftig verken utfra et økonomisk, demografisk, sosialt, sikkerhetspolitisk eller humanitært perspektiv*» (Frp 2017b: 41). Innvandring blir for første gong i Frp sine partiprogram omtala som ein *demografisk* utfordring. Argumentet blir ikkje vidare utdjupa, men dette er kjend ordbruk ein kan assosierer med parti som har meir tydelege islamofobe trekk. Omgrepet demografisk utfordring gir assosiasjonar til omgrep nytta i den kjende konspirasjonsteorien om at muslimar er i ferd med å overta Europa – *Eurabia-teorien*. Dette er ein konspirasjonsteori frå ytre høgre i Europa som av Fangen og Vaage (2014:39) blir skildra slik:

Begrepet Eurabia ble opprinnelig utviklet av Bat Ye’Or, som hevder at Europa er i ferd med å endre seg fra en jødisk-kristen sivilisasjon til en sivilisasjon der ikke-muslimer aksepterer den restriktive og ydmykende underordningen under en økende islamsk makt for å unngå slaveri eller død. Muslimers høye fødselsrater fortolkes som demografisk krigføring og allerede bosatte muslimer som en femte kolonne.

Ein kan ikkje isolert ut frå denne ordbruken lese noko konkret om at Frp er tilhengarar av tankegodset i Eurabia-teorien. Likevel er det klart at enkelte politikarar, til dømes profilerte Frp-politikarar som Christian Tybring Gjedde og Kent Andersen, har hatt fleire kronikkar og uttaler som ligg nært opp til denne, til dømes i den mykje omtalte kronikken frå 2010, *Drøm frå Disneyland* (Tybring Gjedde og Andersen, 2010). Underteksten i å bruke eit slikt omgrep som demografisk berekraft kan dermed lesast som ei tilnærming til ein retorikk ein kjenner att frå islamofobisk retorikk.

Under avsnittet *Familieinnvandring* er det føyd til tre innstrammingar i 2017, der ei av dei er følgjande presisering: «*Bigami er ikke tillatt i Norge, og det skal derfor ikke være mulig å søke familiegjenforening med ektefelle mer enn én gang*» (Frp 2017b: 42). Bigami er forbode i norsk lov, og det å nedfelle forbod mot å hente fleire koner, er vel då neppe naudsynt? Ein kan dermed tolke denne programformuleringa som symbolpolitikk, med ein nativistisk undertekst som går i retning islamofobi. Det er i islam at det er mogleg å ha fleire koner, og denne formuleringa kan lesast som eit konkret uttrykk for at Frp er særleg opptekne av å avgrense muslimsk innvandring.

Under avsnittet *Arbeidsinnvandring* er det berre ei lita endring i 2017-programmet, men det kan lesast inn ein undertekst i retning ei styrking av det anti-islamiske tankegodset. Frå før er det understreka at Noreg helst bør dekke behovet for arbeidskraft frå det kulturelt like EØS-

området, og at i tilfelle der ein må gå ut over dette, må det skje via tidsavgrensa kontraktar. I 2017 er setninga i kursiv føydd til: «Det bør også være mulig å hente arbeidskraft utenfor EØS-området, primært basert på tidsavgrensede kontrakter. *Denne muligheten gjelder ikke for religiøse ledere*» (Frp 2017b: 43). Presiseringa av at religiøse leiarar ikkje kan jobbe her, ikkje ein gong på tidsavgrensa kontrakt, kan ein både knyte til Frp sitt syn på integrering, og til samankoplinga dei gjer mellom innvandring og terror. Formuleringa viser at Frp sin integreringspolitikk handlar om assimilering. Det er ikkje viktig å legge til rette for at nykomarar skal kunne ta vare på sentrale delar av kulturen sin. Det er også mogleg å lese ein anti-islamsk undertekst her, med bakgrunn i Frp sin uttrykte skepsis til det som går føre seg i norske moskéar. Partiet har lenge jobba for ein strengare kontroll med moskéar. Allereie i 2004 foreslo dei at imamar som ville jobbe i Noreg skulle godkjennast av norske myndigheiter, og at ein burde overvake og infiltrere islamistiske miljø (Lepperød 2004). På landsmøtet i mai 2017 vart det med stort fleirtal vedtatt følgjande resolusjon: «For å bekjempe islamistisk radikaliserings mener Fremskrittspartiet at det skal gjennomføres en egen granskning av innholdet som forkynnes i moskeer i Norge» (Suvatne 2017). Det uttalte målet er å førebygge terror, og i denne konteksten kan ein tolke den nye setninga om religiøse leiarar med ei forsiktig undertekst i retning islamofobi. Sjølv om partiet nyttar det nøytrale omgrepet religiøse leiarar i staden for imamar, er det liten tvil om kven som er målgruppa for vedtaket. Resolusjonen på landsmøtet vart følgt opp få dagar seinare, då stortingsgruppa vart bedt om å fremje forslag i Stortinget om offentleg granskning av moskear (Frp 12.05.17).

Den einaste programformuleringa med anti-islamsk undertekst i partiprogrammet frå 2013, fann eg i kapittelet *Utdanning*. Avsnittet var knytt til bruk av hijab i grunnskulen: «*Frp mener at hijab, niqab og burka er kvinneundertrykkende plagg. Disse skal derfor ikke brukes i grunnskolen*» (Frp 2013b: 64). I 2017 er det tydeleg at dette har blitt ei mykje viktigare sak for Frp. Dette er formulert både i avsnittet *Integrering* og i introduksjonen under kapittelet *Skole og utdanning*. Frå å meine at hijab, burka og niqab er kvinneundertrykkande plagg som ikkje skal brukast i skulen, er formuleringane no sterkare. Følgjande formuleringar er programfesta som del av integreringspolitikken:

Fremskrittspartiet vil innføre forbud mot hijab i grunnskolen. Videre vil vi forby bruk av heldekkende plagg (burka og nikab) i alle undervisningsinstitusjoner, i tillegg til forbud mot kjønnsdelt undervisning. I tilfeller hvor barn over tid ikke deltar i pliktig undervisning må barnevernet kobles inn. Heldekkende klesplagg skal ikke være tillatt i det offentlige rom. Dette gjelder også for offentlig ansatte (Frp 2017b: 44).

Svært like, men noko utvida formuleringar er programfesta i introduksjonen til kapittelet *Skole og Utdanning*:

Fremskrittspartiet vil innføre forbud mot hijab i grunnskolen og forbud mot bruk av heldekkende plagg (burka og nikab) i alle undervisningsinstitusjoner. Heldekkende klesplagg skal ikke være tillatt i det offentlige rom, heller ikke for offentlig ansatte. Kjønsdeling i skolen står i veien for integrering og skaper et uheldig og kunstig skille mellom kjønnene. Derfor bør kjønnsdelt undervisning avvises. Det er til hinder for naturlig lek og samspill mellom barn, og signaliserer at man tar avstand til det norske samfunnet. Norge må være tydelige, og gå foran som et godt eksempel ved å sørge for at alle barn kan leke sammen, uavhengig av religion, sosial bakgrunn eller andre faktorer. I tilfeller hvor barn over tid ikke deltar i pliktig undervisning må barnevernet kobles inn (Frp 2017b: 68-69).

Å innføre forbod mot religiøse plagg blir av mange sett på som i strid med religionsfridomen. Det er berre muslimske plagg og hovudplagg som er nemnt, noko som strekar under at det er muslimske innvandrarak som representerer den største faren for Frp, i likskap med høgrepopulistar elles. Det er den muslimske kulturen og deira kulturelle og religiøse særtrekk Frp vil kjempe mot ved hjelp av forbod. Dette tolkar eg som eit teikn på at anti-islamsk tankegodt no står sterkare i Frp.

Under avsnittet *Forsvar* i kapittelet om *Trygghet for liv og eiendom* er det også endringar med ei undertekst som kan lesast i retning islamofobi. Der formuleringa i 2013 var: «Globaliseringen har også gitt nye utfordringer som spredning av epidemiske sykdommer, organisert kriminalitet og religiøs fundamentalisme» (Frp 2013b: 40), er det i 2017 nytta om lag same ordlyd, men det nøytrale omgrepet religiøs fundamentalisme er bytt ut med *islamsk fundamentalisme* (Frp 2017b: 45). Vidare er det lagt til eit nytt avsnitt om ISIL, islamsk ekstremisme og fundamentalisme:

Etableringen av ISIL har vist at islamsk fundamentalisme har ekspansive ambisjoner. Islamister søker allianser med mål om å bekjempe dem som defineres som vanetro og felles fiender. Dette gjør trusselen fra ekstremister enda større og farligere enn tidligere. Norge må bidra til bekjempelse av islamsk ekstremisme og jihadisme (Frp 2017b: 45).

I Frp er det ingen tvil om at det er islamsk ekstremisme som representerer den største trugselen både i verda og i Noreg, men partiet er tydelege på at det er *radikal* islamisme ein må motarbeide, så heller ikkje her fell det presist inn under definisjonen av islamofobi.

Eit anna nytt avsnitt i same kapittel, som kan tolkast i same retning, fann eg i Frp sitt syn på uniformsreglementet i Forsvaret.

Uniformene i Forsvaret representerer en verdinøytral og udiskutabel lojalitet til forsvaret av Norge og våre forpliktelser i NATO. Det betyr at uniformen og fremferd skal være identisk og at enhver form for religiøs, politisk eller ideologisk markering ikke skal forekomme. Det betyr at dagens uniformsreglement må endres (Frp 2017b: 47).

Både som ledd i integreringspolitikken og i skulepolitikken vil Frp forby muslimske plagg. I denne formuleringa omtalar dei alle religionar under eitt, men dei vil med dette fjerne høvet som er i dag til å nytte hijab som del av uniformene i Forsvaret (Forsvaret 2015:12). Frp prioriterer ikkje at alle skal kunne delta på alle arenaer i samfunnet, då eit forbod vil ekskludere dei som brukar hijab frå å ta førstegongsteneste og jobb i Forsvaret. Sidan Frp vil forby alle religiøse plagg på lik linje, er heller ikkje dette eksplisitt islamofobi. Tolkar ein det inn i den større konteksten, kan det likevel lesast med islamofob undertekst. Eg fann altså ei tydeleg styrking av det anti-islamske tankegodset i partiet, då fleire nye programformuleringar kan lesast med ein undertekst som rører seg i retning islamofobi slik det er definert i teoridelen.

For å synleggjere at nativismen i stor grad er endra, oppsummerer eg funna mine i ein tabell. Nye formuleringar og endringar frå 2017-programmet er markert med **raudt**. Eg minner om at ingen av sitata frå 2013-programmet er fjerna, dei står også i det nye programmet. Sitata er ikkje uttømande for nativismen, men utvalde døme.

Tabell 1 – Nativismen slik den er etablert i programmet vedteke i 2017

Ekskludere og stenge ute alle trugslar utanfrå	
Ekskluderande nasjonalisme – restriktiv innvandringspolitikk	<i>Flere tiår med en sosialdemokratisk integreringspolitikk som passiviserer og ikke stiller krav til mennesker som kommer til Norge, har skapt sosiale problemer og uheldige kulturelle spenninger i samfunnet. På grunn av dette kan man ikke videreføre dagens naive og uansvarlige innvandringspolitikk. Norsk innvandringspolitikk må legges om, og man må sørge for at innvandrere integreres i det norske samfunnet, og at de respekterer de grunnleggende frihetsverdier Norge bygger på (Frp 2013a: 8).</i>

Fremskrittspartiet vil at Norge skal oppfylle sine internasjonale forpliktelser og hjelpe flyktninger. Flyktninger kan imidlertid best hjelpes i sine geografiske og kulturelle nærområder. I stedet for å ta mange til Norge bør vi i større grad bidra til å dekke utgiftene til flyktningeleirer i flyktningenes egne nærområder. Ved å øke bidraget i nærområdene fremfor å bosette flyktninger i Norge vi vi kunne gi hjelp og trygghet til langt flere mennesker. (...) Integreringspolitiske hensyn bør legges til grunn ved eventuell utvelgelse av kvoteflyktninger (Frp 2013b: 38).

Fremskrittspartiet vil at Norge skal oppfylle sine internasjonale forpliktelser og hjelpe flyktninger. Flyktninger kan imidlertid best hjelpes i sine geografiske og kulturelle nærområder. I stedet for å ta mange til Norge bør vi i større grad bidra til å dekke utgiftene til flyktningeleirer i flyktningenes egne nærområder. Ved å øke bidraget i nærområdene fremfor å bosette flyktninger i Norge vi vi kunne gi hjelp og trygghet til langt flere mennesker. (...) Integreringspolitiske hensyn bør legges til grunn ved eventuell utvelgelse av kvoteflyktninger (Frp 2013b: 38).

I 2017 er første setning endra: «(...) hjelpe flyktninger» (Frp 2013b: 38)

Vidare: Vi ønsker å reforhandle internasjonale avtaler knyttet til flyktninger, innvandring og migrasjon, herunder FNs flyktningkonvensjon, slik at disse er tilpasset et endret verdensbilde (Frp 2017b: 43).

Asylstatus skal bare innvilges etter individuell behandling og grundig vurdering av søknader, og skal som hovedregel kun lede til midlertidig opphold.

Ankemuligheter for avslag om opphold skal i hovedsak begrenses til en ankeinstans. For å ivareta sikkerheten knyttet til asylsøkere, bør det åpnes for bruk av lukkede asylmottak. (...) Tvungen retur av asylsøkere med avslag kan finne sted til opprinnelseslandet, antatt opprinnelsesland eller et annet land i den regionen vedkommende antas å ha kulturell tilknytning til (Frp 2013b: 39). Tillegg i 2017: Enslige mindreårige asylsøkere skal kun gis midlertidig opphold frem til fylte 18 år. Dette innebærer at enslige mindreårige ikke gis rett til familiegjenforening (Frp 2017b: 43).

Muligheten for familieinnvandring begrenses til ektefelle over 24 år og egne barn under 18 år. Barn som kommer alene til Norge, er utsatt for grov omsorgssvikt, og skal derfor som hovedregel ikke kunne søke familiegjenforening.

Familieinnvandring for ektefelle skal bare kunne innvilges hvis paret ikke har større samlet tilknytning til noe annet land enn til Norge. Bigami er ikke tillatt i Norge, og det skal derfor ikke være mulig å søke familiegjenforening med ektefelle mer enn én gang. Voksne som søker om familiegjenforening, må ha opparbeidet seg tilfredsstillende kunnskaper om norsk språk og samfunnsliv, samt dokumentere at de er i stand til å forsørge sin familie før søknad om familieinnvandring kan behandles. Personer fra EØS og enkelte andre land kan gis unntak fra skjerpede krav til familieinnvandring (Frp 2013b: 38, Frp 2017b: 42).

	<p><i>Migrasjonsstrømmen i 2015 avslørte med all mulig tydelighet at dagens asylsystem ikke er bærekraftig verken utfra et økonomisk, demografisk, sosialt, sikkerhetspolitisk eller humanitært perspektiv. Samtidig viser FNs befolkningsprognoser en betydelig vekst de neste tiårene. De økte migrasjonsutfordringene dette kan medføre danner derfor også grunnlag for å endre dagens asylsystem. Dagens asylsystem bidrar til menneskesmugling, er ineffektivt, urettferdig og etterlater millioner av mennesker i den ytterste nød. Det kan også bidra til fremmedfrykt, terror og økte konflikter i Norge og Europa. Fremskrittspartiet vil derfor arbeide for å innføre et nytt og mer rettferdig og humant internasjonalt asyl- og flyktningesystem som sikrer en begrenset og kontrollert asylinnvandring hvor nasjonalstatene har kontroll over antall asylsøkere. En mulig modell er at alle søknader om asyl kun realitetsbehandles i trygge asylsentre i nærområdene. Et styrt og begrenset antall asylsøkere gis rett til asyl i Norge eller i et annet trygt tredjeland etter at søknaden er behandlet og identiteten er avklart. I det nye systemet vil retten til å søke asyl i Norge opphøre og erstattes av et kvotebasert system fra nye asylsentre i trygge områder i nærområdene (Frp 2017b: 41).</i></p> <p><i>I den grad et nytt system krever endringer i Norges tilknytning til det internasjonale asyl- og flyktningavtaleverket bør avtaleverket revideres, slik at juridiske forhold som er utarbeidet for en helt annen tid, ikke bidrar til å hindre gode politiske løsninger tilpasset dagens situasjon (Frp 2017b: 41).</i></p>
<p>Dei innvandrarane som likevel kjem, eller er her frå før, må assimilerast</p>	
<p>Integreringspolitikk prega av strenge krav om tilpassing</p>	<p><i>Den enkelte innvandrer har også et selvstendig ansvar for aktivt å integrere seg i det norske samfunnet. Det å stille krav til innvandrere er å vise dem respekt. Gjennom å stille krav til gjennomføring av norsk- og samfunnskunnskapsundervisning og arbeidstrening som vilkår for å få offentlige ytelser, vil kommunikasjonen mellom nordmenn og innvandrere, og mellom innvandrere fra ulike opprinnelsesland, sikres ved at norsk blir et felles språk for alle (Frp 2013b: 39, Frp 2017b: 44).</i></p> <p><i>Fremskrittspartiet vil fjerne tilskuddsordningene for trossamfunn. Det opprettes en egen tilskuddsordning for å ivareta og vedlikeholde kirkebygg med kulturhistorisk verdi, samt andre lovpålagte oppgaver (Frp 2017b: 86).</i></p>
<p>Integreringspolitikk prega av høge tersklar for å få tilgang til goda</p>	<p><i>For å bli norsk statsborger og for å få stemmerett bør det i hovedsak stilles krav om selvforsørgelsesevne, samfunnsforståelse og tilstrekkelige norskkunnskaper. Det må også stilles krav om minimum ti års botid, regnet fra tidspunktet for innvilgelse av søknad om oppholdstillatelse (Frp 2013b: 39).</i></p>

	<p><i>Statsborgerskap skal kunne fratras ved tilknytning til terror eller annen grov kriminalitet. (...). For å bli norsk statsborger må man delta på obligatorisk statsborgerskapsseremoni, der man må sverge troskap til Norge (Frp 2017b: 44).</i></p> <p><i>For å stimulere til integrering må det innføres aktivitetsplikt ved flere kommunale ytelser og støtteordninger, som for eksempel ved redusert foreldrebetaling, bistand til boligkjøp og barnehage (Frp 2017b: 44).</i></p>
Vårt land først – behandle våre egne annleis enn dei andre	
Økonomisk nativisme, velferdssjåvinisme	<p><i>Hovedprinsippet i Fremskrittspartiets innvandringspolitikk er likebehandling der ingen grupper gis særbehandling. (...) Flere sosiale ytelser må imidlertid gis under forutsetning av at innvandrere er villige til å integrere seg og lære seg norsk. Sosiale ytelser bør i større grad knyttes til statsborgerskap eller andre hensiktsmessige avgrensinger (Frp 2013b: 40).</i></p> <p><i>Det norske velferdssystemet er sårbart for høy innvandring. Det er derfor behov for å finne nye løsninger som kan sikre fortsatt gode velferdsordninger, samtidig som det reduserer muligheten for å eksportere velferdsordninger ut av landet. Det er derfor behov for å reforhandle EØS-avtalens bestemmelser knyttet til arbeids- og velferdsordninger (Frp 2013b: 58).</i></p> <p><i>Avtalen må på enkelte områder tolkes strengere og om nødvendig reforhandles for bedre å ivareta norsk suverenitet og nasjonale interesser. Det er helt nødvendig å redusere eksporten av og tilgangen til norske velferdsytelser, samt benytte muligheten til permanent grensekontroll. Vi må i større grad utnytte handlingsrommet ved bruk av tilpasningstekster og vetoretten (Frp 2017b: 37).</i></p> <p><i>Det bør vurderes å etablere en alternativ folketrygdordning for arbeidsinnvandrere. Sosiale ytelser bør i større grad knyttes til statsborgerskap eller andre hensiktsmessige avgrensinger. (...) Særordninger med stønader for innvandrere bør opphøre (Frp 2017b: 42).</i></p> <p><i>Statlig barnetrygd og kontantstøtte erstattes av kommunale barnetrygd og kontantstøtte. Det innebærer at man må være bosatt i en kommune for å motta ytelsene. Ytelsene skal være rettighetsbasert, og overføres øremerket fra staten til kommunene (Frp 2017b: 49).</i></p>
Kople innvandring til kriminalitet, og behandle utanlandske kriminelle strengere enn våre egne	<p><i>Dagens fengselsstraff i Norge er ikke i tilstrekkelig grad preventiv for dem som kommer hit med den hensikt å utføre kriminelle handlinger. Det bør derfor etableres egne enheter for utenlandske kriminelle i eldre fengsler med noe lavere standard og uten økonomiske og sosiale ytelser for de innsatte (Frp 2013b: 30).</i></p> <p><i>Norge er et av verdens tryggeste land. Samtidig har vi også et av verdens mest åpne samfunn. Denne balansen er vanskelig, men den er også veldig viktig å</i></p>

Kople innvandring til terror og tryggingrisiko	bevare. Vår innsats for å bekjempe terror og annen alvorlig kriminalitet fortsetter med full styrke (Frp 2017b: 35).
Ta vare på kulturen i si opphavelege form – kulturell nasjonalisme	
Minoritetar blir fråtatt særrettar / skal ikkje ha særrettar	<p><i>Stemmeretten skal være allmenn og ikkje begrenset til bestemte etniske grupper, derfor vil vi avvikle Sametinget (Frp 2013b: 4).</i></p> <p><i>Fremskrittspartiet vil at Norge skal tre ut av ILO-konvensjon nr. 169. (...) Konvensjonen åpner for at Sametinget får råderett over 40 prosent av norsk landområde fra Røros og nordover. Dette er et overgrep mot innbyggere i landet for øvrig, og i strid med grunnlovens § 1: om at 'Norge er et fritt, selvstendig, udelelig og uavhengelig rike'. Fremskrittspartiet mener at denne konvensjonen er irrelevant som instrument for å regulere forholdet mellom samisk og norsk etnisitet i vårt land. (...) Frp vil også stemme imot andre forslag til konvensjoner og avtaler som bidrar til å underbygge eller utvide særordninger for den samiske delen av befolkningen, for eksempel nordisk samekonvensjon (Frp 2013b: 85).</i></p> <p><i>Kapittelet som inneheldt det samepolitiske programmet er fjerna i 2017, om lag 2/3 av formuleringane er fjerna heilt. Grunngevinga for å fjerne Sametinget er fjerna, no blir det kort og enkelt slått fast. Avsnittet om å melde Noreg ut av ILO-konvensjonen er flytta fram, og er no del av det første kapittelet i partiprogrammet, og med det ein del av partiet si demokrati-forståing (2017b: 7).</i></p>
Andre kulturar blir stempla som trugslar, her står islam i ei særstilling, islamofobi	<p><i>Frp mener at hijab, niqab og burka er kvinneundertrykkende plagg. Disse skal derfor ikke brukes i grunnskolen (Frp 2013b: 64).</i></p> <p><i>Migrasjonsstrømmen i 2015 avslørte med all mulig tydelighet at dagens asylsystem ikke er bærekraftig verken utfra et økonomisk, demografisk, sosialt, sikkerhetspolitisk eller humanitært perspektiv (Frp 2017b: 41)</i></p> <p><i>Bigami er ikke tillatt i Norge, og det skal derfor ikke være mulig å søke familiegjenforening med ektefelle mer enn én gang (Frp 2017b: 42).</i></p> <p><i>Det bør også være mulig å hente arbeidskraft utenfor EØS-området, primært basert på tidsavgrensede kontrakter. Denne muligheten gjelder ikke for religiøse ledere (Frp 2017b: 43).</i></p> <p><i>Fremskrittspartiet vil innføre forbud mot hijab i grunnskolen. Videre vil vi forby bruk av heldekkende plagg (burka og nikab) i alle undervisningsinstitusjoner, i tillegg til forbud mot kjønnsdelt undervisning. I tilfeller hvor barn over tid ikke deltar i pliktig undervisning må barnevernet kobles inn. Heldekkende klesplagg skal ikke være tillatt i det offentlige rom. Dette gjelder også for offentlig ansatte (Frp 2017b: 44).</i></p>

	<p><i>Fremskrittspartiet vil innføre forbud mot hijab i grunnskolen og forbud mot bruk av heldekkende plagg (burka og nikab) i alle undervisningsinstitusjoner. Heldekkende klesplagg skal ikke være tillatt i det offentlige rom, heller ikke for offentlig ansatte. Kjønsdeling i skolen står i veien for integrering og skaper et uheldig og kunstig skille mellom kjønnene. Derfor bør kjønnsdelt undervisning avvises. Det er til hinder for naturlig lek og samspill mellom barn, og signaliserer at man tar avstand til det norske samfunnet. Norge må være tydelige, og gå foran som et godt eksempel ved å sørge for at alle barn kan leke sammen, uavhengig av religion, sosial bakgrunn eller andre faktorer. I tilfeller hvor barn over tid ikke deltar i pliktig undervisning må barnevernet kobles inn (Frp 2017b: 68-69).</i></p> <p><i>Globaliseringen har også gitt nye utfordringer som spredning av epidemiske sykdommer, organisert kriminalitet og islamsk fundamentalisme (Det nøytrale religiøs fundamentalisme frå 2013 er bytt ut) (Frp 2013b: 40, Frp 2017b: 45).</i></p> <p><i>Etableringen av ISIL har vist at islamsk fundamentalisme har ekspansive ambisjoner. Islamister søker allianser med mål om å bekjempe dem som defineres som vantro og felles fiender. Dette gjør trusselen fra ekstremister enda større og farligere enn tidligere. Norge må bidra til bekjempelse av islamsk ekstremisme og jihadisme (Frp 2017b: 45).</i></p> <p><i>Forsvarets hovedoppgave er å beskytte landets suverenitet, og er samfunnets skarpeste sikkerhetspolitiske verktøy. Uniformene i Forsvaret representerer en verdinøytral og udiskutabel lojalitet til forsvaret av Norge og våre forpliktelser i NATO. Det betyr at uniformen og fremferd skal være identisk og at enhver form for religiøs, politisk eller ideologisk markering ikke skal forekomme. Det betyr at dagens uniformsreglement må endres (Frp 2017b: 47).</i></p>
<p>Kulturmøte er sett på som ein trussel – og vil føre til konflikter</p>	<p><i>Det er grunn til å frykte at en fortsatt innvandring av asylsøkere, av bare tilnærmet det omfang som man har hatt i de senere år, vil føre til alvorlige motsetninger mellom folkegrupper i Norge (Frp 2013b: 38).</i></p> <p><i>Flere tiår med en sosialdemokratisk integreringspolitikk som passiviserer og ikke stiller krav til mennesker som kommer til Norge, har skapt sosiale problemer og uheldige kulturelle spenninger i samfunnet (Frp 2013a: 8).</i></p> <p><i>Norsk innvandringspolitikk skal være streng og rettferdig. Den skal sørge for at innvandrerne raskt integreres i det norske samfunnet og at de respekterer de grunnleggende frihetsverdier Norge bygger på, slik at passivitet, sosiale problemer og kulturelle spenninger unngås (Frp 2017a: 8).</i></p>

4.3 Populisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2013

I Frp sitt handlingsprogram vedteke i 2013 er det fleire eksempel på at ideologien deira har i seg element av populisme. Ein finn det i form av krav om direkte folkerøystingar, og som ulike former for eliteskepsis.

4.3.1 Krav om direkte demokrati - folkerøystingar

Frp sitt slagord har gjennom alle år vore at dei er partiet *for folk flest* – og partiet har i 2013 programfesta to formuleringar i handlingsprogrammet og to i prinsippprogrammet om at det ynskjer meir makt til folket gjennom folkerøystingar. I handlingsprogrammet er dette kravet framheva og presisert allereie i første avsnitt, under kapittelet *Demokrati*: «*Fremskrittspartiet vil at enhver avgitt stemme ved stortingsvalg skal telle likt. Vi vil også at folket gjennom folkeavstemninger skal gis adgang til å avgjøre viktige politiske saker*» (Frp 2013a: 4). Plasseringa i programmet viser at dette er ei sentral sak for partiet. Det er også eit eige avsnitt med overskrifta *Folkeavstemning* lenger nede på same side, som understrekar dette.

4.3.2 Eliteskepsis i form av euroskepsis

I idealtypen basert på Mudde (2007) sin teori er euroskepsis ein sentral del av høgrepopulismen, men i partiprogrammet frå 2013 er det ikkje noko euroskepsis. Partiet tek ikkje stilling til EU-spørsmålet, men lar det vere opp til ei folkerøysting å avgjere. Under kapittelet om *Norge og verden* er der eit eige avsnitt med overskrifta *Norge og Europa*, og her fann eg følgjande formulering:

Det bør arbeides for å knytte Norge tettere til Europa og søke overnasjonale løsninger når det gjelder spørsmål om sikkerhetspolitikk, miljøpolitikk, kriminalpolitikk og politiske områder som i sterk grad relaterer seg til frihandel, felles konkurranseregler og menneskelig frihet.

Det norske folk har to ganger sagt nei til norsk EU-medlemskap, og vi vil respektere denne folkeviljen. Det eneste som eventuelt kan endre dette, er resultatet av en ny folkeavstemning. I debatten for eller mot medlemskap stilles våre folkevalgte fritt, og de likebehandles uavhengig av standpunkt. Våre folkevalgte vil lojalt følge opp resultatet av en eventuell ny folkeavstemning (Frp 2013a: 34).

Programmet gir altså i 2013 uttrykk for ei positiv innstilling til overnasjonalt europeisk samarbeid, og presiserer at saka om EU-medlemsskap skal avgjerast av folket gjennom folkerøysting. Dei folkevalde må følgje folket sin vilje. På den eine sida manglar altså det populistiske trekket euroskepsis, men på den andre sida er det eit krav om direkte folkerøysting.

4.3.3 Generell skepsis til elitar

Eliteskepsis er ein annan sentral del av høgrepopulismen. Døme på ein slik eliteskepsis hjå Frp fann eg uttrykt under kapitlet om *Kultur og Idrett*, i avsnittet *Film, audiovisuell sektor og andre medier*:

En fri og uavhengig presse er en forutsetning for demokratiet, ytringsfriheten og rettsstaten. For å sikre konkurranse og mangfold i mediene vil vi arbeide for størst mulig grad av etableringsfrihet i medienæringen. Ordinære konkurranseregler skal også gjelde for mediebedrifter. Fremskrittspartiet vil fjerne lisensavgiften, omgjøre NRK til aksjeselskap og selge statens aksjer. Finansiering av NRK må skje på samme vilkår som for andre kringkastingsselskaper. (...). Et lands presse er ikke uavhengig dersom den er avhengig av støtte fra staten. Etter hvert som pressen blir mer og mer avhengig av statsstøtte, vil uavhengig journalistikk svekkes. Det er en fare for at pressens kritiske holdning til statsstyret blir dempet på grunn av statlige subsidier (Frp 2013a: 83-84).

I høgrepopulismen er presse og media er ein del av etablissementet som høyrer til eliten, og Frp sitt syn på presse og pressefridom kan oppsummerast med ein uttrykt skepsis til statsstøtte, og eit tydeleg ynskje om meir fri konkurranse. Dette tolkar eg som eliteskepsis i form av skepsis til statleg innblanding når det gjeld media, og i form av generell skepsis til norsk presse slik den fungerer i dag.

Det er altså element av populisme hjå Frp i 2013, men den er på mange måtar relativt moderat. I tillegg er partiet kjend for å nytte ein populistisk retorikk.

4.4 Populisme slik det kjem til syne i partiprogrammet vedteke i 2017

I det det nye partiprogrammet til Frp, er det nokre markante endringar i dei to viktigaste kjenneteikna i idealtypen; kravet om direkte folkerøysting og euroskepsis. I tillegg er det auka skepsis til elitar, mellom anna til politikarar og skepsis til akademia.

4.4.1 Krav om direkte demokrati – folkerøysting

I dette heilt sentrale kjerneelementet i den populistiske idealtypen, fann eg ei relativt tydeleg endring i det nyaste handlingsprogrammet til Frp. I 2013 var det programfesta at samfunnsmessige betydningsfulle saker skulle avgjerast gjennom direkte folkerøystingar. I 2017 er dette moderert til at ein kan nytte det i enkelte saker, der saka har så stor samfunnsmessig betydning at innbyggjarane krev folkerøysting. Formuleringa frå 2013 om at folkerøystinga kan vere både rådgevande og i enkelte tilfelle bindande, er fjerna. Under kapitlet *Demokrati*, avsnitt *Folkeavstemming*, er formuleringene endra til:

Fremskrittspartiet ønsker å legge enkelte saker frem for folkeavstemning. I store samfunnsmessige saker vil vi at innbyggerne skal kunne kreve disse avgjort ved folkeavstemning. Det skal samles inn underskrifter fra minst ti prosent av de stemmeberettigede innbyggerne til støtte for kravet. Vi ønsker et system der folket gjennom folkeavstemninger med simpelt flertall får direkte beslutningsrett (Frp 2017b: 4).

Dei opnar altså for folkerøysting i færre saker, og folkerøystingane skal ikkje lenger kunne vere bindande. Rett nok står det til slutt ei setning om at folket via slike folkerøystingar skal kunne få direkte konsekvensar for kva avgjerd som blir teke, men eg tolkar dette som ei svekking av populismen på dette området, også sett i lys av at det ikkje lenger er folket som gjennom folkerøysting skal få avgjere EU-spørsmålet.

4.4.2 Eliteskepsis i form av euroskepsis

Når det gjeld euroskepsis, som er eit anna sentralt kjerneelement i idealtypen populisme, fann eg også ei tydeleg endring. I 2013 tok partiet ikkje stilling til EU-spørsmålet, og avgjerda skulle takast i ei bindande direkte folkerøysting. I 2017 er følgjande formulering programfesta:

Den Europeiske Union (EU) ble i sin tid opprettet med formål om å fremme fred, frihet og samhandel i Europa. I den senere tid har imidlertid EU utviklet seg i overnasjonal retning. Her kan Lisboa-traktaten nevnes som eksempel. Man har beveget seg vekk fra de opprinnelige tankene, og beveget seg mot et overnasjonalt byråkrati i Brussel som legger hindringer i veien for folk flest. Derfor er Frp imot norsk medlemskap i EU (Frp 2017b: 37).

Det står ikkje lenger noko om folkerøysting. Partiet har teke stilling i saka, og er mot norsk medlemskap i EU. Slik sett er det ei ytterlegare svekking av det populistiske kravet om direkte demokrati gjennom folkerøystingar, men samtidig ei tydeleg styrking av eit anna populistisk trekk, nemleg euroskepsis. Dette avsnittet viser at Frp er eit typisk døme på eit høgrepopulistisk parti slik Mudde (2007) har skildra dei; i utgangspunktet ikkje skeptisk til sjølve grunnlaget for eit europeisk samarbeid, men negative til EU grunna den overnasjonale retninga samarbeidet har bevega seg i.

4.4.3 Generell skepsis til elitar

Eg fann i 2013-programmet eliteskepsis hjå Frp i form av skepsis til statsstøtta media, og i eit uttrykt ynskje om meir fri konkurranse. Dei vil fjerne lisensen, og ikkje lenger ha eit statsfinansiert NRK. I 2017-programmet fann eg nøyaktig dei same formuleringane som i 2013,

men med denne tilføyinga: «Frem til det er etablert et flertall for dette, vil vi arbeide for å etablere en ny finansieringsordning til erstatning for dagens lisens» (Frp 2017b: 90). Sidan Frp, enn så lenge er aleine i Stortinget om å fjerne lisensen og statseigarskapen i NRK, vil partiet i mellomtida prøve å få til eit kompromiss: framleis statsfinansiert rikskringkastar, men ikkje lisens. Ein kan tolke dette som ei styrking av eliteskepsisen.

Eit anna døme fann eg i kapittelet *Skole og utdanning*. Kapittelet har endra struktur frå 2013 til 2017, og partiet har føydd til to avsnitt, som ein introduksjon. Det eine avsnittet handlar om utvikling av skulen sitt faglege innhald, og det andre om læraryrket som statusyrke. Dei to nye avsnitta i 2017-programmet tolkar eg som ei styrking av populistisk eliteskepsis i form av skepsis til at politikarar og byråkratar i alt for stor grad sentralstyrer og detaljstyrer skulen. I 2013 er denne skepsisen berre svært forsiktig antyda:

Skolen er i dag altfor detaljstyrt av sentrale myndigheter. Stadig nye og detaljerte regler, rundskriv og planer skaper mye frustrasjon og fremmer ikke læring. Skoleeier og ansatte bruker i dag mye tid på rapportering og dokumentasjon, uten at dette gir bedre undervisning. Prøver og målinger må i større grad bidra til bedre læring. Det må vises større respekt for skoleledere og læreres profesjonelle skjønn. Skolen må i større grad målstyres, og i mindre grad detaljstyres (Frp 2013b: 65).

I 2017 er eliteskepsisen mykje tydelegare. Under det nye avsnittet *Utvikling av skolens faglige innhold* står følgjande:

Innholdet i den norske skolen baserer seg i altfor stor grad på hva politikere og byråkrater til enhver tid mener er faglig og pedagogisk riktig innhold i skolen. Dette er uheldig, da det er lærere og utdanningsvitere fra høyere utdanning som best besitter denne kompetansen. Derfor bør lærerprofesjonen, ledet av institusjonene med lærerutdanning, få hovedansvaret for utvikling av læreplanene. Stortingsflertallet kan gjennom Kunnskapsdepartementet i prinsippet detaljstyre hver enkelt lærer i klasserommet med sine overbevisninger om hva som er en god skole. Dette setter skolen i en sårbar situasjon som ender i en ideologisk-politisk dragkamp mellom partiene om hvem som har den beste skolepolitikken (Frp 2017b: 69).

Denne tydeleggjeringa, og at det er framheva under eigen overskrift, les eg som at dette populistiske trekket har blitt meir framtrédande.

Ein anna del av elite-omgrepet i populismen gjeld delar av akademina, og i det nye programmet har Frp programfesta følgjande under avsnittet *Innvandring*:

Innvandrings- og integreringsfeltet er et følelsesladd område. For å bidra til et mer solid og mangfoldig faktagrunnlag bør det vurderes å opprette et nasjonalt senter for studier av langsiktige konsekvenser av høy ikke-vestlig innvandring for demografi, økonomi, sosiale forhold, radikaliserings, terror og nasjonal sikkerhet. I denne forbindelse bør det også gjennomføres en evaluering av Forskningsrådets arbeid på feltet (Frp 2017b: 42).

Frp uttrykker her skepsis til etablert forskning, og ynskjer å opprette eit alternativ til Forskningsrådet for å få eit betre og meir mangfaldig faktagrunnlag. Dette var det einaste *programfesta* dømet eg fann på skepsis til akademina. Hausten 2017 raste ein stor debatt knytt til omorganiseringa av Statistisk Sentralbyrå (SSB), med vekt på SSB si forskning knytt til innvandring, samt byrået si politiske uavhengigheit (Ruud 2017, Andreassen 2017). I lys av Siv Jenssen og Frp si rolle her kan ein likevel slå fast at det eksisterer ein kontekst som gir ei undertekst av akademisk eliteskepsis hjå Frp.

Avslutningsvis vil eg nemne at det i det nye partiprogrammet totalt sett er mange døme på at Frp konkretiserer politikken sin. I 2013 hadde Frp framleis eit program som var prega av å vere i opposisjon. I 2017 ser ein at mange konkretiseringar som ber preg av at partiet no er eit regjeringsparti som sit med ansvaret for politikken staten fører. Den populistiske retorikken, som er kjenneteikna av å kome med enkle løysingar på komplekse problem, er mindre framtrekande. Det er mogleg å tolke denne konkretiseringa som ei forsiktig svekking av populismen. Oppsummert er populismen styrkt på enkelte punkt, og svekt på andre. Ein kan altså ikkje eintydig slå fast i kva grad den er styrkt eller svekt – det er meir rett å seie at den er endra.

Funna er her presentert i ein tabell, igjen med mål å synleggjere graden av endring. Sitat som er nye i 2017 er markert med **raud** tekst. Sitata frå 2013 knytt til skepsis til statsstøtta media er ikkje fjerna, dei er framleis med i 2017. Sitata er ikkje uttømande for populismen, men utvalde døme.

Tabell 2 – Populisme slik det er etablert i partiprogrammet vedteke i 2017

Meir makt til folk flest	
Krav om direkte folkerøysting	<p><i>Fremskrittspartiet vil at enhver avgitt stemme ved stortingsvalg skal telle likt. Vi vil også at folket gjennom folkeavstemninger skal gis adgang til å avgjøre viktige politiske saker (Frp 2013b: 4)</i></p> <p><i>Det norske folk har to ganger sagt nei til norsk EU-medlemskap, og vi vil respektere denne folkeviljen. Det eneste som eventuelt kan endre dette, er resultatet av en ny folkeavstemning. I debatten for eller mot medlemskap stilles våre folkevalgte fritt, og de likebehandles uavhengig av standpunkt. Våre folkevalgte vil lojalt følge opp resultatet av en eventuell ny folkeavstemning (Frp 2013a: 34).</i></p> <p><i>Fremskrittspartiet ønsker å legge enkelte saker frem for folkeavstemning. I store samfunnsmessige saker vil vi at innbyggerne skal kunne kreve disse avgjort ved folkeavstemning. Det skal samles inn underskrifter fra minst ti prosent av de stemmeberettigede innbyggerne til støtte for kravet. Vi ønsker et system der folket gjennom folkeavstemninger med simpelt flertall får direkte beslutningsrett (Frp 2017b: 4).</i></p>
Skepsis til ulike former for elitar og til det etablerte	
Skepsis til EU – euroskepsis	<p>Ingen funn av euroskepsis i 2013-programmet. EU-spørsmålet skal avgjerast med direkte folkerøysting (sjå over).</p> <p><i>Den Europeiske Union (EU) ble i sin tid opprettet med formål om å fremme fred, frihet og samhandel i Europa. I den senere tid har imidlertid EU utviklet seg i overnasjonal retning. Her kan Lisboa-traktaten nevnes som eksempel. Man har beveget seg vekk fra de opprinnelige tankene, og beveget seg mot et overnasjonalt byråkrati i Brussel som legger hindringer i veien for folk flest. Derfor er Frp imot norsk medlemskap i EU (Frp 2017b: 37).</i></p>
Skepsis til (statsstøtta) media	<p><i>Et lands presse er ikke uavhengig dersom den er avhengig av støtte fra staten. Etter hvert som pressen blir mer og mer avhengig av statsstøtte, vil uavhengig journalistikk svekkes. Det er en fare for at pressens kritiske holdning til statsstyret blir dempet på grunn av statlige subsidier (Frp 2013b: 84).</i></p>

<p>Skepsis til politikarar</p>	<p><i>Innholdet i den norske skolen baserer seg i altfor stor grad på hva politikere og byråkrater til enhver tid mener er faglig og pedagogisk riktig innhold i skolen. Dette er uheldig, da det er lærere og utdanningsvitere fra høyere utdanning som best besitter denne kompetansen. Derfor bør lærerprofesjonen, ledet av institusjonene med lærerutdanning, få hovedansvaret for utvikling av læreplanene (Frp 2017b: 69).</i></p>
<p>Skepsis til (rådande) forskning</p>	<p><i>Innvandrings- og integreringsfeltet er et følelseladd område. For å bidra til et mer solid og mangfoldig faktagrunnlag bør det vurderes å opprette et nasjonalt senter for studier av langsiktige konsekvenser av høy ikke-vestlig innvandring for demografi, økonomi, sosiale forhold, radikaliserings, terror og nasjonal sikkerhet. I denne forbindelse bør det også gjennomføres en evaluering av Forskningsrådets arbeid på feltet (Frp 2017b: 42).</i></p>

5.0 Oppsummering og avslutning

Utgangspunktet for oppgåva mi var problemstillinga om FrP *har blitt mindre nativistisk og populistisk i løpet av dei fire åra dei har hatt regjeringsmakt*. For å svare på dette, etablerte eg idealmodellar av to kjerneelement i høgrepopulistisk ideologi; nativisme og populisme. Eg analyserte FrP sitt partiprogram i opposisjon i 2013 og samanlikna med programmet vedteke etter fire år med regjeringsmakt. Som det kjem fram i måten eg har formulert problemstillinga mi på, gjekk eg inn i arbeidet med ei forventning om at det å få regjeringsmakt ville moderere høgrepopulismen i Frp sin ideologi til ei viss grad. Hypotesen stemte ikkje.

Nativismen er styrkt i det nyaste partiprogrammet, og den største endringa fann eg når det gjeld formuleringar knytt til muslimar og islam. Frå å vere knapt mogleg å påvise i partiprogrammet frå 2013, er anti-islamsk tankegodt på fleire område no synleg i det nye programmet. Formuleringane er forsiktige, og i dei fleste tilfella må ein lese inn endringar i retning meir islamofobi som undertekst. Eg kan ikkje slå fast at Frp i 2017 er eit parti som har tydelege islamofobe trekk. Summen av alle endringane eg fann er likevel at det er ei tydeleg endring på dette området. Også dei andre nativistiske trekk frå 2013-programmet er anten framheva og forsterka i løpet av perioden, eller vektlegginga er lik i begge programma. Velferdssjåvinismen er meir tydeleg og gjeld fleire grupper av innvandrara enn tidlegare, og innvandringspolitikken er mykje meir restriktiv i 2017.

Når det gjeld populismen, er ikkje retninga på endringane like eintydig. Det populistiske trekket krav om direkte folkerøystingar er rett nok noko svekt, men samtidig er eliteskepsisen noko styrkt, og kjem til syne på fleire område i partiprogrammet. Euroskepsis, som er ein sentral del av eliteskepsisen i populismen, var fråverande i 2013, men etablert i 2017. Eg sit dessutan att med eit tydeleg inntrykk av at politikken uttrykt i partiprogrammet er mindre prega av populistisk retorikk, og meir konkretisert. Dette kan tolkast som ei svekking av populismen, men samstundes er Frp sin retorikk i tradisjonelle og sosiale medium framleis heilt klart populistisk. Kanskje kan ein seie at populismen er endra, heller at den er svekt eller styrkt? Analysen min viser at Frp er eit *meir tydeleg* høgrepopulistisk parti i dag enn dei var før dei kom i regjering. Widtfeldt (2018: 552) slår i eit ferskt bokkapittel om Frp og dei andre nordiske høgrepopulistiske partia fast at ein på bakgrunn av ei heilskapeleg ideologisk vurdering av partia kan slå fast at alle i dag er både populistiske og nativistiske, sjølv om populismen er tona noko ned i Frp som følgje av deltakinga i regjering.

I debatten mellom Jenssen (2017) og Jupskås (2017), som var utgangspunktet for problemstillinga mi, er det Jupskås sine konklusjonar som stemmer best med funna mine. Dette treng ikkje dermed å bety at Jenssen tek feil. Han tok utgangspunkt i eit anna datagrunnlag, og hadde også eit anna teoretisk utgangspunkt. Eg fann likevel lite støtte til Jenssen sitt argument om at Frp har mista eigarskapet til innvandringsspørsmålet, då funna mine viser ei tydelege styrking av nativismen. Mykje tyder på at den utviklinga Simonnes (2011) viser i sin master held fram, og at både Høgre, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og kanskje også den ferske regjeringsspartnaren Venstre trakkar i Frp sine stadig meir restriktive, innvandringspolitiske spor. Jenssen sitt argument om at Frp har stroke punktet om direkte folkerøystingar i programmet stemmer ikkje med det eg fann i analysen. Eg tolka endringane i partiprogrammet som ei svak svekking av dette populistiske trekket. Der Jenssen argumentere med at elitekritikken har blitt mindre tydeleg, kom eg til motsett konklusjon. I sitt motsvar til Jenssen peikar Jupskås på det manglande fokuset på den ekskluderande nativismen. Dette er eit argument eg er samd i sidan det er den ekskluderande nasjonalismen, nativismen, som definerer dei høgrepopulistiske partia.

Cas Mudde sitt teoretiske rammeverk er meir enn ti år gammalt. Då han den gongen utelukka Frp frå den høgrepopulistiske partifamilien, var det hovudsakeleg på bakgrunn av at partiet ikkje var nativistiske nok. Nativismen *gjennomsyra* ikkje partiet sin politikk. Det var heller ikkje nativismen som slo *meg* då eg første gong leste prinsippprogrammet til Frp. Nativismen var likevel tydeleg til stades allereie i 2013-programmet, og den er utan tvil er styrkt etter fire år ved makta. Dette støttar opp under det som er ei vanleg oppfatning i dag, at Frp *er* eit høgrepopulistisk parti, om enn moderat. Tydelege element av anti-islamisk tankegodt kan lesas med ein undertekst i retning islamofobi. Dette, saman med stadig fleire element av velferdssjåvinisme, kan tyde på at Frp er inne i ei utvikling der partiet er på veg til å bli eit meir typisk høgrepopulistisk parti. Mykje tyder på at også Mudde no inkluderer Frp i dette selskapet. I ein artikkel frå 2016, *The Study of Populist Radical Right Parties: Towards a Fourth Wave*, som er ein kritisk oppsummering av forskning gjort på denne partifamilien, inkluderer han Frp når han oppsummerer kva for forskning han gjerne ser meir av:

The scope of parties that are studied has grown significantly, but we still know very little about the ideology, leaders, members, and organizations of several important parties that are often used in large-N cross-national studies, such as the Danish People's Party (DF), The Finns (PS), the Progress Party (FrP) in Norway, and even the Swiss People's Party (SVP) (Mudde 2016: 10).

Som sitatet viser, etterlyser han mellom anna meir fokus på sjølv ideologien, noko eg har gitt eit lite bidrag til i mi analyse.

Eit anna moment verd å nemne, er at Mudde i 2007 plasserte det høgrepopulistiske trekket euroskepsis som del av populismen i sitt teoretiske rammeverk. I arbeidet mitt med å etablere idealtypar av nativisme og populisme meiner eg det er sentralt å framheve at euroskepsisen også kan sjåast i samanheng med, eller faktisk som ein del av nativismen. I Mudde sin definisjon av nativismen er det ikkje berre framande personar som er ein trussel, men også framande idéar. Eg meiner ein kan tolke Frp og andre høgrepopulistiske parti sin sterke skepsis til internasjonalt samarbeid og internasjonale konvensjonar generelt, og til EU-samarbeidet spesielt, som ein del av nativismen. I tillegg er euroskepsisen framleis del av eliteskepsisen i populismen. Sidan også euroskepsisen til FrP gjekk frå å ikkje vere til stades i 2013-programmet til å vere programfesta i 2017, bygger dette opp under at nativismen er styrkt.

I boka *Høyrepopulismens hemmeligheter* peikar Raknes (2012: 208-210) på at høgrepopulismens fremste løyndom er at det bur ein potensiell høgrepopulist i svært mange av oss, og at den mest ubehagelege løyndomen er at den ligg nærare oss enn vi likar å tru. Høgrepopulismen er ikkje eit ekstremt avvik, men ei radikalisering av kjende ideologiske strøymingar og haldningar. Hovudtyngda av dei nativistiske trekka fann eg i innvandringspolitikken, og det er lett å finne konkrete døme på at fleire andre parti i Noreg deler mange av dei innvandringsrestriktive synspunkta til Frp. Til dømes vedtok Stortinget eit breitt forlik i kjølvatnet av flyktningkrisa i Noreg hausten 2015, med mange og til dels svært restriktive tiltak mot innvandring (Kjernli 2015, Kristiansen 2015). To år seinare, i samband med evaluering av tiltaka, vart dei fleste av innstrammingane ståande. Eit anna døme er Arbeiderpartiet sitt nye *Migrasjonsutval* sett ned hausten 2017, og dei signala partiet har sendt gjennom sin nye innvandringspolitiske talsperson ved inngangen til 2018. Ikkje berre politikken, men også retorikken blir stadig meir lik den som Frp har vore åleine om så langt (Gharakhani 2018). Betyr ikkje dette at det er fleire parti i Noreg som har nativistiske trekk? Kanskje det, men det som særmerker Frp, og som gjer dei til eit høgrepopulistisk parti, er den totale pakken. Nativisme handlar ikkje berre om kven som har den mest restriktive innvandringspolitikken, det er summen av denne saman med argumenta nytta for å grunnje den, og metodane ein vil nytte for å nå målet, som er nativistisk. Samanhengen med integreringspolitikken, den tydelege velferdssjåvinismen, politikken dei vil føre ovanfor minoritetar, synet på internasjonalt samarbeid, og ikkje minst det anti-muslimske tankegodset som syner seg, er det som definerer ideologien i Frp som høgrepopulistisk. Til dømes er Frp

åleine om sin minoritetspolitikk, og dei er truleg relativt åleine om synet på at kulturmøte er konfliktskapande av natur. Det er også berre hjå Frp vi finn den tydelege velferdssjåvinismen. Det populistiske trekket euroskepsis er Frp slett ikkje åleine om, men også her er det den totale pakken som gjer at eg kan argumentere for at Frp sin ideologien har populistiske element. Kravet om og fokuset på direkte folkerøystingar er til dømes særmerkt for Frp.

Kombinasjonen av at populisme er eit omstridd omgrep som det er vanskeleg å definere, og den stadig aukande vektlegginga i faglitteraturen av at det er nativismen og innvandringsmotstanden som er felles for og definerer den høgrepopulistiske partifamilien, er interessant. Kanskje går utviklinga i retning av å døype om familien, og gi den eit namn som inneheld nativisme? Kva med *dei nativistiske populistpartia* på ytre høgre? I alle fall kan ein hevde at det bør vere eit mål for både fagfolk, journalistar og kanskje også for *folk flest* å vere meir presise når det gjeld bruken av omgrepa på dette feltet. I min eigen kvardag, der eg underviser i politikk og historie i vidaregåande skule, opplever eg at både journalistar, kollegaer og elevar er usikre på omgrepsbruken. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg lært at relativt få kjenner til omgrepet nativisme, og at få kan gi ein nokolunde klar definisjon av populisme. Dersom ein skal kunne forstå og delta i samfunnsdebatten i dag, treng ein meir kunnskap om tankegodset som pregar ytre høgre generelt, og høgrepopulismen spesielt.

Oppsummert har analysen min vist at høgrepopulismen i Noreg, representert ved FrP, står sterkare i dag enn den gjorde då FrP entra regjeringskontora i 2013. Nativismen er styrkt, og populismen er endå tydeleg, men noko endra. Eg har nytta eit avgrensa empirisk materiale og sett på eit kort tidsrom, og eg har berre undersøkt eit enkelt case. Funna mine kan slik sett berre i liten grad brukast til å seie noko *generelt* om kva som skjer med høgrepopulistiske parti som får regjeringsmakt.

Sidan eg har kome fram til desse funna gjennom tekstanalyse, er det i fleire tilfelle mi tolking av formuleringane som utgjer funn. Det er ikkje sikkert at andre som les dei same partiprogramma vil lese inn den same underteksten som eg har gjort, og dermed vil vere samd i alle konklusjonane mine.

Eg har likevel vist at i lys av mine tolkingar, i *dette* tilfellet – der eit høgrepopulistisk parti får makt, vert populismen og nativismen *ikkje* svekt. Framtida vil vise om dette er ein trend som også gjeld elles i Europa, og om den vil vare over tid.

5.1 Veggen vidare

I analysen min har eg hatt eit smalt fokus, og brukt berre to partiprogram som empiri. Det kunne vore svært interessant å utvide kjeldegrunnlaget og ta med både konkrete politiske vedtak, saker som blir profilert på partiet sine heimesider og også partiet sin retorikk i taler og i media elles for å få ei betre analyse. Mykje tyder på at partiet sin politikk kjem enda meir tydeleg til uttrykk på slike arenaer enn dei gjer i partiprogrammet.

Det kunne også vore interessant å utvide fokuset enda meir og inkludere fleire parti, og sjå på om den utviklinga Simonnes (2011) viste til i masteroppgåva si, der Høgre og Arbeidarpartiet stadig bevega seg i same retning som Frp i innvandringspolitikken, held fram. I 2018 har også Venstre gått i regjering med FrP, – kva seier dette retninga den norske innvandringspolitikken bevegar seg i?

I analysen har eg fokusert på endringar i sjølve ideologien, og ikkje på verken årsaker eller konsekvensar. Det eg ikkje kan seie noko om, er om regjeringmakta er *årsaka* til endringane eg har vist. Det ville vere spanande om nokon ser nærare på den solbergske parlamentarismen som forklaring på Frp sin suksess. Frp har fått spele ei ny og mykje friare rolle enn det som har vore vanleg for eit parti som er del av ei koalisjonsregjering. Enno meir viktig og interessant vil det vere å sjå nærare på kva rolle flyktningkrisa som råka Europa og Noreg i 2015 har spela som forklaring på at nativismen er så tydeleg styrkt i Frp. Bergmann (2017: 17-22) skildra framveksten av høgrepopulistiske parti i Norden i tre bølger der kvar bølge oppstod i kjølvatnet av ei krise eller stor sosial endring. Har flyktningkrisa utløyst ei ny og kanskje også større bølge, med nye kvalitetar og kjenneteikn, som kan forklare endringar både i Frp spesielt, og i norsk innvandringspolitikk generelt?

Eit punkt som truleg spelar ei særleg viktig rolle når det gjeld Frp sine suksess, er den populistiske retorikken. Jupskås (2017: 408) etterlyser også dette: «Det finnes så vidt meg bekjent ingen systematiske analyser av hvorvidt Frp har blitt mindre populistisk når det gjelder kritikk av politiske, mediale og kulturelle eliter og appellen til *folk flest*». Ei slik analyse ville vere eit interessant supplement til mi, og eventuelle andre analyser av partiprogram, då desse berre gir ein *del av* svaret på i kva grad populisme er viktig for å forstå Frp.

Litteraturliste

- Akkermann, Tjitske og Matthijs Rooduijn (2015): "Pariahs or Partners? Inclusion and Exclusion of Radical Right Parties and the Effects on Their Policy Positions". *Political Studies*. Vol 63: 1140–1157
- Akkermann, Tjitske, Sara L de Lange og Matthijs Rooduijn (2016): "Into the mainstream" i Tjitske Akkermann, Sarah L de Lange og Matthijs Rooduijn (red.) *Radical Right-Wing Populist Parties in Western Europe. Into the mainstream?* 31-52. New York: Routledge
- Andersen, Sven S. (2013): *Casestudier*. Oslo: Fagbokforlaget
- Bar-On, Tamir (2018): "The Radical Right and Nationalism" i Jens Rydgren (red.) *The Oxford Handbook of the Radical Right*. 17-41. London: Oxford University Press
- Bergmann, Eirikur (2017): *Nordic Nationalism and Right-Wing Populist Politics*. London: Palgrave Macmillian
- Bjørklund, Tor (2000): "Om Anders Lange og idèen om et nytt parti". *Historisk Tidsskrift* nr 79:4, 435-456
- Bleich, Erik (2011): "What is Islamophobia and How Much Is There? Theorizing and Measuring an Emerging Comparative Concept". *American Behavioural Scientist* Vol. 55 (12): 1581-1600
- Bratberg, Øyvind (2016): *Tekstanalyse for samfunnsvitere*. Oslo: Cappelen Damm
- Bufdir (2017, 10.april): *Enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger*. Henta frå https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Barn_pa_flukt/Enslige_mindre_aringe_asylsokere_EMA/ Lest 28.01.18
- Cappelen, Cornelius, Stein Kuhnle og Tor Midtbø (2016): "Velferdssjåvinisme i Norge? – Et Listeeksperiment". *Norsk statsvitenskapelige tidsskrift*, Vol. 32 (02): 122-141
- De Cleen, Benjamin (2017): "Populism and nationalism" i Kaltwasser, Cristobal Rovira, Paul Taggart, Paulina Ochoa Espejo & Pierre Ostiguy (red.). *The Oxford Handbook of Populism*. 248-263. London: Oxford University Press
- Djuve, Anne Britt og Jon Horgen Friberg (2004): *Innvandring og det flerkulturelle samfunnet*. (FAFO-notat 32/2004) Henta frå http://www.faf.no/media/com_netsukii/756.pdf
- Ekeberg, Jan Ove og Jan Arild Snoen (2001): *Kong Carl. En uautorisert biografi om Carl I. Hagen*. Oslo: Kagge Forlag AS
- Ekern, Simen (2017): *Folket, det er meg. Den europeiske høyrepopulismens vekst og framtid*. Oslo: Spartacus

- Fangen, Katrine og Mari N. Vaage (2014): “Frp-politikeres innvandringsretorikk i posisjon og Opposisjon”. *Agora*, Vol. 31 (03-04): 30-63
- Forsvaret.no (2015, 14.august): Bestemmelser om felles uniformsregler i Forsvaret. Henta frå [https://forsvaret.no/fakta /ForsvaretDocuments/Bestemmelser_om_felles_uniformsregler_i_Forsvaret.pdf](https://forsvaret.no/fakta/ForsvaretDocuments/Bestemmelser_om_felles_uniformsregler_i_Forsvaret.pdf) Lest 02.02.18
- Frp sine handlingsprogram og prinsippprogram frå 2013-2017, og 2017-2021, lasta ned 05.08.17 frå partiet sine heimesider <https://www.frp.no/>:
- Frp (2013a): Frp sitt prinsippprogram 2013-2017. Lenke og program fjerna under omlegging av Frp si heimeside i januar 2018.
- Frp (2013b): Frp sitt handlingsprogram 2013-2017. Lenke og program fjerna under omlegging av Frp si heimeside i januar 2018.
- Frp (2017a): Frp sitt prinsippprogram 2017-2021. Henta frå <https://files.acrobat.com/a/preview/5122b056-9bdf-484e-a98f-e1ac3e964f5f>
- Frp (2017b): Frp sitt handlingsprogram 2017-2021. Henta frå <https://files.acrobat.com/a/preview/93dccade-fe5c-4383-a17b-37ce7aad79fd>
- Frp (2017, 12 mai): Offentlig granskning av moskéer. *FrP.no*. Henta frå <https://www.frp.no/resolusjoner-lm17/2017/05/offentlig-granskning-av-moskeer> Lest 14.01.18
- Goul Andersen, J. og Tor Bjørklund (2000): “Radical right-wing populism in Scandinavia: From tax revolt to neo-liberalism and xenophobia”, in Hainsworth, P. (ed.) *The Politics of the Extreme Right: From the Margins to the Mainstream*. London: Pinter: 193–223
- Hagelund, Anniken (2003): “A matter of decency? The Progress Party in Norwegian immigration politics”. *Journal of Ethnic and Migration Studies*, Vol 29 (1): 47-65
- Iversen, Jan Martin (1998): *Fra Anders Lange til Carl I. Hagen. 25 år med Fremskrittspartiet*. Oslo: Millennium
- Ivarsflaten, Elisabeth (2008): “What Unites Right-Wing Populists in Western Europe? Re-Examining Grievance Mobilization Models in Seven Successful Cases”. *Comparative Political Studies*. Vol. 41 (1): 3-23
- Ivarsflaten, Elisabeth, and Frøy Gudrandsen (2014): “The Populist Radical Right in Western Europe”. *Europa Regional Surveys of the World, Europa Regional Surveys of the World*. London: Routledge
- Ivarsflaten, Elisabeth (2016): “Siren Songs: Reflections on Contemporary Populism in Europe’s Old Democracies”. *Comparative Politics Newsletter*. Vol. 26 (2): 50-52

- Jager, Jan og Stefaan Walgrave (2007): "Populism as political communication style: An empirical study of political parties' discourse in Belgium". *European Journal of Political Research*. Vol 36 (3): 319-345
- Jenssen, Anders Todal (2017): "Norsk høyrepopulisme ved veis ende? Fremskrittspartiets gjenfødelse som høyreparti". *Nytt Norsk Tidsskrift*, Vol. 34 (3): 230-242
- Jumbert, Maria Gabrielsen (2017): Flyktningkrisen i Middelhavet. *Store Norske Leksikon*.
Henta frå https://snl.no/Flyktningkrisen_i_Middelhavet Sist oppdatert 13.10.17. Lest 24.01.18
- Jungar, Ann-Cathrine og Anders Ravik Jupskås (2014): "Populist Radical Right in the Nordic Region: A New and Distinct Party Family?". *Skandinavian Political Studies*. Vol 37 (3): 215-238
- Jupskås, Anders Ravik (2008): "*Populisme på norsk. En typologi med belegg fra partilederdebatte 1973-2005*". Masteroppgåve ved Institutt for statsvitenskap. Universitetet i Oslo
- (2009): "Høyrepopulisme på norsk" i Tor Espen Simonsen, Anders Granås Kjøstvedt og Katrine Randin (red.) *Høyrepopulisme i Vest-Europa*. 27-78. Oslo: Unipub
 - (2012): *Ekstreme Europa. Ideologi, årsaker og konsekvenser*. Trondheim: Cappelen Damm
 - (2013a): "The electoral rise of populism in the Nordic countries". *Policy Network*.
04.02.2013. Henta frå http://www.policy-network.net/pno_detail.aspx?ID=4326&title=The+electoral+rise+of+populism+in+the+Nordic+countries
 - (2013b): "Mangfoldig mobilisering og velsmurt valgkampmaskineri: Fremskrittspartiet runder 40 år". *Nytt Norsk Tidsskrift*, Vol. 30 (1): 5-17
 - (2015): "*Persistence of Populism. The Norwegian Progress Party, 1973-2009*". Doktorgrad ved Institutt for statsvitenskap. Universitetet i Oslo
 - (2016a): "The Norwegian Progress Party: Between a Business Firm and a Mass Party" I Reinhard Heinisch og Oscar Mazzoleni (red.) *Understanding Populist Party Organization*. 159-188. Houndmills: Palgrave Macmillan
 - (2016b): "The taming of the shrew: how the Progress Party (almost) became part of the Mainstream" i Tjitske Akkermann, Sarah L de Lange og Matthijs Rooduijn (red.) *Radical Right-Wing Populist Parties in Western Europe. Into the mainstream*. 169-188. New York: Routledge
 - (2017): "Feilslått kritikk av populismebegrepet". *Nytt Norsk Tidsskrift*, Vol. 34 (4): 402-418

- Justis- og bederskapsdepartementet (2015,15. desember): *Høringsnotat – Endringer i Utlendingslovgivingen (Innstramminger 2)*. Snr. 15/8555. Henta frå https://www.regjeringen.no/contentassets/2ff18fdc06674a43ae3fa26da4532abc/horing_snotat.pdf Lest 24.01.18
- Kallis, Aristotle (2018): “The Radical Right and Islamophobia” i Jens Rydgren (red.) *The Oxford Handbook of the Radical Right*. 42-60. London: Oxford University Press
- Mudde, Cas (2007): *Populist Radical Right Parties in Europe*. Cambridge: Cambridge University Press
- (2010): “The Populist Radical Right: A Pathological Normalcy”. *West European Politics*. Vol 33 (11): 1167-1186
- (2016): The study of Populist Radical Right Parties: Towards a Fourth Wave. Working Paper. No 1- september 2016: 1-24. C-REX – Center for Research on Extremism, Universitetet i Oslo
- (2017a): “Introduction to the populist radical right” i Cas Mudde (red.) *The Populist Radical Right. A Reader*. 1-10. New York: Routledge
- (2017b): “Conclusion. Studying populist radical right parties and politics in the twenty-first Century” i Cas Mudde (red.) *The Populist Radical Right. A Reader*. 609-620. New York: Routledge
- (2017c): “Populism. An ideational Approach” i Kaltwasser, Cristobal Rovira, Paul Taggart, Paulina Ochoa Espejo & Pierre Ostiguy (red.). *The Oxford Handbook of Populism*. 27-48. London: Oxford University Press
- Mudde, Cas og Cristobal Rovira Kaltwasser (2017): *Populism. A Very Short Introduction*. London: Oxford University Press
- Müller, Jan Werner (2016a): *Hva er populisme?* Heinesen forlag
- Müller, Jan Werner (2016b): “How to Think – and How Not to Think – about Populism”. *Comparative Politics Newsletter*. Vol. 26 (2): 58-62
- Narud, Hanne Marte og Henry Valen (2004): “Partiprogram og velgerapell” i Bernt Aardal, Anne Krogstad, Hanne Marte Narud (red.) *I valkampens hete. Strategisk kommunikasjon og politisk usikkerhet*. 33-58. Universitetsforlaget: Oslo 2004. side 33-58
- NOAS (2014): Justis kutter asyl-rettshjelp. Henta frå <http://www.noas.no/justis-kutter-asyl-rettshjelp/> Publisert 20.06.14. Lest 01.04.18
- Raknes, Kjetil (2012): *Høyrepopulismens hemmeligheter*. Oslo: Spartacus

- Regjeringen.no (2013): ILO-konvensjonen om urfolks rettigheter. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/urfolkryddemappe/ilo-konvensjonen-om-urfolks-rettigheter-/id487963/> Publisert 12.09.13. Lest 24.01.18
- Regjeringen.no (2018): Skal vurdere endringer i beredskapslovgivningen. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/skal-vurdere-endringer-i-beredskapslovgivningen/id2589264/> Publisert 09.02.18. Lest 17.02.18
- Ringdal, Kristen (2014): *Enhet og mangfold*. Oslo: Fagbokforlaget
- Rydgren, Jens (2018): “The Radical Right. An Introduction” i Jens Rydgren (red.) *The Oxford Handbook of the Radical Right*. 1-13. London: Oxford University Press
- Sametinget (ukjent publiseringsår): Sametinget. Henta frå <https://www.sametinget.no/Om-Sametinget/Bakgrunn> Lest 24.01.18
- Simonnes, Kamilla (2011): “I stjalne klær? En analyse av endringer i Høyres, Arbeiderpartiets og Fremskrittspartiets innvandrings- og integreringspolitikk”. Masteroppgåve ved Institutt for statsvitenskap. Universitetet i Oslo
- Strømmen, Øyvind (2013): *Den sorte tråden. Europeisk høyre-radikalisme fra 1920 til i dag*. Oslo: Cappelen Damm
- SSB (2017a, 11.desember): Innvandrere i Norge 2017. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/attachment/332154?ts=1604a8c12b0> Lest 24.11.18
- SSB (2017b, 13.november): Drøyt 1 av 4 tenkte på innvandring da de stemte. Henta frå <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/droyt-1-av-4-tenkte-pa-innvandring-da-de-stemte> Lest 14.01.18
- Taggart, Paul (2017): “Populism in Western Europe” i Kaltwasser, Cristobal Rovira, Paul Taggart, Paulina Ochoa Espejo & Pierre Ostiguy (red.). *The Oxford Handbook of Populism*. 248-263. London: Oxford University Press
- Tjora, Aksel (2012): *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Widtfeldt, Anders (2015): *Extreme Right Parties in Scandinavia*. New York: Routledge
- (2018): “The Radical Right in the Nordic Countries” i Jens Rydgren (red.) *The Oxford Handbook of the Radical Right*. 545-564. London: Oxford University Press
- Zùquete, Josè Pedro (2017): «The European extreme-right and Islam» i Cas Mudde (red.) *The Populist Radical Right. A Reader*. 103-123. New York: Routledge
- NOU 2017:2 (2017): Integrasjon og tillit. Langsiktige konsekvenser av høy innvandring
Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-2/id2536701/>

UNE (2017): Statsborgerskap. Henta frå <https://www.une.no/sakstyper/norsk-statsborgerskap/>

Sist oppdatert 24.11.17. Lest 24.01.18

UNE (2018): Familieinnvandring. Henta frå

<https://www.une.no/sakstyper/familieinnvandring/> Sist oppdatert 16.03.18. Lest 24.03.18

Vasilopoulou, Sofia (2018): “The Radical Right and Euroskepticism” i Jens Rydgren (red.)

The Oxford Handbook of the Radical Right. 122-140. London: Oxford University Press

Aardal, Bernt (2018): Oppslutning i prosent og antall stortingsrepresentanter:

Fremskrittspartiet. Henta frå <http://aardal.info/wp-content/uploads/2018/01/frp.pdf>
Lest 14.02.18

Avisartiklar frå internett:

Andreassen, Trine (2017, 21.november): Fem fakta om SSB. Dette har skjedd i SSB-saken.

Dagsavisen. Henta frå <https://www.dagsavisen.no/innenriks/fem-fakta-om-ssb-1.1059201> Lest 27.02.18

Clemet, Kristin (2018, 31.januar): Den Stoltenberg'ske og den Solberg'ske parlamentarismen.

Civita. Henta frå <https://www.civita.no/2018/01/31/stoltenbergske-solbergske-parlamentarismen> Lest 26.03.18

Dagbladet (2009, 21.februar): Siv Jensen advarer mot snikislamifisering. Henta frå

<https://www.dagbladet.no/nyheter/siv-jensen-advarer-mot-snikislamifisering/65319554>
Lest 11.02.18

Dagbladet (2013, 15.september): Frp inviterer til internasjonal pressekonferanse.

Henta frå <https://www.dagbladet.no/nyheter/frp-inviterer-til-internasjonalt-pressekonferanse/62182628> Lest 03.01.18

Gharakhani, Masud (2018, 29.januar): Bor du i Norge, så skal du akseptere frihet, demokrati

og likestilling. *VG*. Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/8wBnBd/bor-du-i-norge-saa-skal-du-akseptere-frihet-demokrati-og-likestilling> Lest 23.02.18

Haug, Kenneth (2017, 14.oktober): Kutter hardt i sivilsamfunnet. *Vårt Land*. Henta frå

<https://www.vl.no/nyhet/kutter-hardt-i-sivilsamfunnet-1.1040304> Lest 01.04.18

Kjelås, Irmelin m.fl (2017, 15.november): Mot bedre viten om barns beste. Kronikk signert

- av 36 forskarar som jobbar med og forskar på mindreårige asylsøkarar. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/ytring/mot-bedre-viten-om-barns-beste-1.13779206> Lest 25.02.18
- Kjernli, Erlend (2015, 19.november): Nesvik (Frp): – Før kastet folk egg på oss for sånne forslag. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/norge/her-er-asylavtalen-1.12662331> Lest 8.03.18
- Krekling, David (2013, 12.september): Erna: - Heikki bør passe munnen sin. *NRK*. Henta frå https://www.nrk.no/valg2013/erna_-_heikki-bor-passe-munnen-sin-1.11238969 Lest 03.01.18
- Kristiansen, Bjørn (2015, 19.november): Disse innstramningene er partiene enige om. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/W7yK/Disse-innstramningene-er-partiene-enige-om> Lest 28.03.18
- Lepperød, Tor (2004, 17.november): Frp vil godkjenne immamer. *Nettavisen*. Henta frå <https://www.nettavisen.no/politikk/frp-vil-godkjenne-imamer/303745.html> Lest 14.01.18
- Mudde, Cas (2017, 7. desember): Why nativism, not populism, should be declared word of the year. *The Guardian*. Henta frå <https://www.theguardian.com/commentisfree/2017/dec/07/cambridge-dictionary-nativism-populism-word-year> Lest 28.12.17
- Ruud, Solveig (2017, 17. november): Syv grunner til bråket i Statistisk Sentralbyrå. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/OR15I/Syv-grunner-til-braket-i-Statistisk-sentralbyra> Lest 27.02.18
- Suvatne, Steinar (2017, 7.mai): Frp vil granske alle moskeer i Norge - vil stanse terror. *Dagbladet*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/nyheter/na-frp-vil-granske-alle-moskeer-i-norge---vil-stanse-terror/67549636> Lest 14.01.18
- Skjetne, Oda Leerand (2016, 7.april): Får forskningslakt igjen: Se bakgrunnen og vurder selv. Dette er påstandene som har skapt rabalder. *Dagbladet*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/nyheter/far-forskningsslakt-igjen-se-bakgrunnen-og-vurder-selv/60448459> Lest 27.01.18
- Snoen, Jan Arild (2017, 12.september): Frp holder stand. *Minerva*. Henta frå <https://www.minervanett.no/frp-holder-stand/> Lest 27.03.18

Spence, Tomas (2018, 16.februar): SV vil legge ned nytt Listhaug-utvalg før første møte.

Aftenposten. Henta frå <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/p6MyrX/SV-vil-legge-ned-nytt-Listhaug-utvalg-for-forste-mote> Lest 17.02.18

Stanghelle, Harald (2017, 26.mai): Den solbergske parlamentarisme. *Aftenposten*. Henta frå

<https://www.aftenposten.no/meninger/kommentar/i/jWeyq/Den-solbergske-parlamentarisme--Harald-Stanghelle> Lest 26.03.18

Tybring Gjedde, Christian og Kent Andersen (2010, 25.august): Drøm fra Disneyland.

Aftenposten. Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/kaxkv/Drom-fra-Disneyland> Lest 30.01.18

VG (2009, 22.februar): Siv Jensen høster storm etter snikislamisering-innspill. Henta frå

<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/siv-jensen-hoester-storm-etter-snikislamisering-innspill/a/548316/> Lest 11.02.18